

# **Årsrapport 2010**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embedet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 7
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 12
Kongehuset	Side 12
Miljøverndepartementet	Side 12
Landbruks- og matdepartementet	Side 19
Kunnskapsdepartementet	Side 29
Statens Helsetilsyn	Side 50
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 55
Justis- og politidepartementet	Side 60
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 64
Arbeidsdepartementet	Side 68
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 71
Samferdselsdepartementet	Side 83
Utenriksdepartementet	Side 84
Kulturdepartementet	Side 84
Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet	Side 84
Andre	Side 87
Endringer i årsrapporten	Side 89

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### Tilstanden i embetet

Frå 01.01.2010 er det 6-årige forsøket med einskapsfylke avslutta og fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal gjenopprettet på line med dei øvrige fylkesmannsembeta i landet. I 2010 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal difor arbeidd mykje med denne tilbakeføringa. Etter avslutning av einskapsfylkeprosjektet prioriterte vi å samle alle tilsette i våre eigne lokaler, sjølv om den planlagte utvidinga av våre lokaler ikkje var ferdigstilt. Denne prosessen har vorte kraftig forseinka sidan huseigar har bestemt seg for å renovere dei lokala som vi skal ta over, så også når vi går inn i 2011 har vi imidlertidige løysingar i våre kontorlokaler.

Vår nye fylkesmann frå 1.10.2009 Lodve Solholm beslutta tidleg at han ville besøke samtlege 36 kommunar i fylket. Allereie i januar, februar og mars 2010 vart besøksrunda gjennomført ved at fylkesmannen og ass. fylkesmann reiste rundt i fylket og hadde eit møte på 2 timer med kvar av kommunane sin ordførar og rådmann. Besøka vart sett på som svært positive frå kommunane si side - og frå embetet si side som nyttige etter m.a. avslutta einskapsfylkeforsøk

### Stillingsressursar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde pr 31.12.2010 132 tilsette, av desse er 76 kvinner og 56 menn.

Av dei 132 stillingane er 3 stillingar (2,5 årsverk) ved Herje settefiskanlegg og 3 legar, alle i 17 % stillingar. Dei er alle løna over framandkapittel.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde også pr 31.12.10 vakansar i stillingar. Vi har hatt store utfordringar i høve til saksbehandlingstid både på klager etter plan- og bygningslova, og på førerkortsaker. Vi konstaterer samstundes at einskapsfylkeforsøket førte til at vi tapte i konkurransen om sentralt tildelte arealplansaksbehandlerstillingar i 2009 frå Miljøverndepartementet - og alle våre forsøk på å få retta opp dette i 2010 har vore mislykka

I 2010 prioriterte vi spesielt den medisinsk-faglege kompetansen i helse-/sosialavdelinga vår. Vi fekk tilsett ny fylkeslege samt 1 stilling som ass. fylkeslege - ei anna stilling som ass. fylkeslege var utlyst, men ikkje tilsett. I embetet forøvrig prioriterte vi oppretting av ei ny stilling som kommunikasjonsrådgjevar

### Budsjettrammer og forbruk

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk for 2010 tildelt ei ramme på kr. 63 371 000 i tildelingsbrevet for 2010.

Saman med supplerande tildelingsbrev av 16.3 og 8.10 – overføring av årsresultat 2009 (kr. 2 503 000) og lønnskompensasjon for oppgjøret i 2010, (kr. 1 801 733), samt refusjonar for arbeidsmarknadstiltak, lærling,foreldrepengar, sjukepengar og ymse inntekter hadde Fylkesmannen i Møre og Romsdal i overkant av 70,6 millionar kroner til disposisjon. Utgiftsført beløp for driftsåret 2010 på kap. 1510.01 utgjorde 70 856 958. Det totale mindreforbruk pr. 31.12.10 på kap. 1510.01 utgjer 361 571 kroner.

Gjennom regnskapsåret 2010 har vi hatt ei høyere drift enn grunnfinansieringa den ordinære tildelinga i januar ga grunnlag for, grunnen til dette er eit høgare lønsnivå på stillingar. I samband med reetableringa av embetet har det òg vore ekstra utgifter. Vi har også satt inn ekstra ressurser for nebygging av restanser på klage- etter plan og bygningslova utover ekstramidler frå departement.

Regnskapstallene pr. 31.12.2010 viser et meirforbruk på kap. 1510.21 på kr. 260 373. Dette er ein reduksjon av meirforbruket fra 2009 på ca. 123 000 kroner.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt utgifter på prosjekter på 21-posten i 2010 som er krevd refundert av samarbeidspartnere, men som ikke var betalt/mottatt innen årsskifte. Refusjon av disse utgiftene blir inntektsført i 2011.

Når det gjeld klager etter plan- og bygningslova fekk embetet tilført kr. 308 434 for å bygge ned restanser. Vi har også fått tildelt ekstra midler frå Miljøverndepartementet for å bygge ned restanser på reguleringsklager etter arealdelen og har brukt midlane til å styrke personellressursene på dette området. Utover dette har embetet

prioritert dette området med engasjementstilling. Dette har sjølvsagt vist resultater og restansene går jamnt og trutt nedover. Men vi ser at når vi går tilbake til ordinær drift vil vi ha vanskeleg med halde nede restansene.

## 1.2 Rapportering på ressursbruk

<b>Departement</b>	<b>Kap1510</b>	<b>Fagdep</b>
Miljøverndepartementet	kr 12 401 087,50	kr 3 628 132,75
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 786 547,25	kr 19,80
Kunnskapsdepartementet	kr 4 542 957,01	kr 3 309 964,60
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 520 304,17	kr 186 899,07
Justis- og politidepartementet	kr 3 846 540,52	kr 134 902,73
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 3 810 890,53	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 999 676,54	kr 0,00
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 8 955 129,37	kr 379 400,00
Andre	kr 22 886 404,71	kr 0,00
<b>Sum:</b>	<b>kr 70 749 537,60</b>	<b>kr 7 639 318,95</b>

## 1.3 Andre Forhold

### Styringsdialogen

#### Rapportering

Endeleg så kan vi rapportere utan spesialtilpassingar for Møre og Romsdal, det er ei lette å berre forholde oss til ein årsrapport. Men det er fortsatt forhold som ikkje er på plass, blant anna så har ikkje den tekniske løysinga fungert, slik at vi må bruke brukernamn og passord for å logge på.

I tillegg er det ikkje tilfredstillende at systemet ikkje er lagt opp etter veileder for rapportering etter aktivitets og rapporteringsplikten på kap. 98,4

Administrative føringer herunder:

#### IKT-arkitektur

Embetet har ikkje utarbeidd IKT-system eller gjort vesentlege endringar i eksisterande system i 2010. Vi har heller ikkje tatt i bruk dokumentutveksling som har gjort det nødvendig å ta i bruk elektronisk id, men dette er gjort etter nyttår for førebuing til elektronisk dokumentutveksling.

#### Innkjøp

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vidareført samarbeidet med Møre og Romsdal fylkeskommune etter avslutninga av einskapsfylke på innkjøpsområdet. Samarbeidet går på at vi deltek på deira rammeavtaler.

Alle rutiner i samband med innkjøp er gjort kjent for alle tilsette. Retningslinjer for innkjøp og alle rammeavtalane ligg tilgjengeleg på våre intranettsider for alle tilsette.

Embetet fører protokoller ved innkjøp over kr. 100.000,-

Embetet har ikkje tatt i bruk Mercell KGV.

I arbeidet med Regjeringa sin "Handlingsplan for miljø- og samfunnsansvar i offentlige anskaffelser" kom arbeidet godt i gang i 2010. Styringsgruppe er etablert og fylkesmannsembetet v/embetsleiringa har tatt på seg formannsoppgåva. Knutepunkt-funksjonen vart lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune og også her har vi eit godt samarbeid

**Miljøtiltak**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er Miljøfyrtårn sertifisert.

Fylkesmannen er leiar av styret for knutepunktet for miljø og samfunnsansvar i offentlege innkjøp. På grunn av einskapsfylkeproblematikken kom ikkje dette på plass før på vårparten i 2010 , jfr. elles ytterlegare omtale under "Innkjøp" ovanfor

**Brukerundersøkelse**

Embetet har ikkje utført brukerundersøkelser i 2010 utover den undersøkinga som FAD gjennomførte mot kommunane.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generelle samordningsoppgåver. Fornying av offentleg sektor

Fylkesmannen har i 2010 arbeidd for å reetablere fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal etter forsøket som splittet embetet og varte i 6 år. Arbeidet har kommet godt i gang, men det vil være ein prosess for å gjenninnføre samordning av statlege styringssignal mot kommunane som eit grunnleggande prinsipp for arbeidet i alle avdelingane. Leiargruppa og lealarmøta er gitt ein nøkkelfunksjon i samordningsarbeidet i embetet.

Fylkesmannen arbeider med ei omlegging av dei interne prosessane i forbindelse med skjønnsmiddeltildelinga, slik at dette vert eit arbeid der heile emebetet og alle fagområda vert trekt sterkare inn som bidragsytarar. Eit ønske om å spisse skjønnsmiddeltildelinga meir mot dei mest aktuelle områda i fylket for tida, etter ei brei vurdering av faginnspeil frå avdelingane, vil og vere med på å samordne statlege styringssignal mot kommunane. Alle søknadane om prosjektskjønn vert no vurdert av dei aktuelle fagavdelingane og det enkelte prosjekt får og ein kontaktperson hos oss. Kontaktpersonen gjev råd og rettleiing i prosjektet for å sikre kvalitet og erfaringsoverføring og skal evaluere resultatet. Fylkesmannen vil halde fram sitt eige utviklingsarbeid av internt skjønnsmiddeltildelingsprosess, vi ser at her ligg eit potensial for samordning og samhandling vi kan gjere meir ut av.

Samordning av tilsyn skjer i Møre og Romsdal gjennom fleire verkemiddel. Vi deltek i eit regionalt midtnorsk samarbeid om samordning av tilsyn. Vi har vore medarragør av ein nasjonal tilsynskonferanse om samordning av tilsyn. I 2010 har vi hatt møte med Arbeidstilsynet for å samordne tilsyna med elevar og lærarar sitt arbeidsmiljø. Vi har hatt innlegg på konferanse og deltatt i diskusjonar med kontrollutvala og sekretariata for kontrollutvala i fylket, og har gjort avtale om eit nærmere samarbeid med faste møte, og om utveksling av informasjon. Vi har også eit samarbeid med forvaltningsrevisorane i fylket, der vi deltek på deira møter og utvekslar informasjon, mellom anna får vi tilsendt revisjonsrapportar frå forvaltningsrevisjonar. Gjensidig informasjon om revisjonsplanar er og tilsynsplanar kan og vere aktuelt.

På embetet har vi eit tilsynsforum leia av ass.fylkesmann, der vert fylkesmannen sitt tilsynsarbeid samordna.

### 2.2 Velferd, helse, personleg tenesteyting og likestilling

Ein viser til dei enkelte punkta i embetsoppdraget i kapittel 3.

Fylkesmannen har organisert arbeidet med Omsorgsplan 2015 som eit prosjekt, der ledergruppa til fylkesmannen er styringsgruppe. Det er brei deltaking frå ei rekke interne og eksterne aktørar.

Kvart år i planperioden for Omsorgsplan 2015, frå 2007 til 2015 skal vi arrangere ein større konferanse med ulike tema frå omsorgssektoren. I 2007 var temaet kommunal omsorgsplanlegging. 2008 hadde fokus på tenester til funksjonshemma, medan 2009 var året for demensomsorg. Aktiv omsorg har vore hovudtema i 2010, derfor vart også dette tema for årets omsorgskonferanse.

Det er ei god utvikling av folkehelsearbeidet i kommunane. 28 av 36 kommunar i fylket har partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune. Fylkesmannen deltek i det regionale partnerskapet både i planlegging og utvikling for folkehelsa i kommunane. Vi ser at det er ei utfordring å få med alle kommunane i partnerskapet. Det har vore arrangert fleire samlingar for dei tilsette i kommunane der sentrale tema har vore retta i hove til folkehelsearbeidet.

Det er gjennomført to møter med dei som forvaltar helsetenestetilbodet i asylmottaka. Alle mottak i fylket var representert på møta. Handlingsplanen mot kjønnslemlesting har vore tema på samling for helsepersonell og det er starta mor/barn-grupper i ein av kommunane som har mange flyktning

Tilskot til kommunalt rusarbeid er eit av dei viktigaste verkemidlanne i opptrappingsplana for rusfeltet. Samla er det gitt ut 16 mill. kroner til 17 kommunar fordelt på 23 forskjellige tiltak. For å følge opp kommunane som mottok tilskot er det arrangert 2 nettverksamlingar i 2010.. Det er og etablert eit felles nettverk mellom rus og psykiatri for å bringe desse felta nærmare saman med 2 samlingar i 2010. Vi deltek og i eit regionalt rusfagleg forum med alle dei tre fylkene i midt Noreg.

Fylkesmannen deltek i "sammarbeidsarena NAV", saman med NAV fylke og KS. Gruppa har pklanlagt ein erfaringsskonferanse med alle kommunar og NAV-kontor i 2011.

Fylkesmannen har gjennomført to regionale konferanser saman med Helseforetaka og Helseirektoratet for etablering av koordinerende einngar.

Det har fortsatt vore behov for opplæring i pasientrettighetslova 4A for rettsikkreheit ved ytelser og tvang. Alle kommunane har vore invitert på kurs, og vi har deltae på fagdager på Høgskular, og andre samlingar.

Samhandlingreformen har vore eit av hovudtema i 2010. Ein kartlegging i kommunane har vist at dei er komme svært ulikt igong med forbuinga til innføring av denne. Fylkesmannen har delteke i fleire konferanser saman med KS og helsdirektoratet, der dei fleste kommunane har vore representert, også med leiinga. Fylkesmannen har også saman med KS planlagt å bruke skjønsmidler til ein stilling for å hjelpe kommunane med tilpassingar til reformen.

Arbeidet hos fylkesmannen med barnevern har mykje vore retta inn mot tilsynsoppgaver, men det har vore arrangert to kurs for ansatte i barnevernet, og eit todagars seminar for barnevernleiare. Det er også utstrakt rettleing og informasjonsarbeid overfor kommunane per telefon.

Fylkesmannen vil i dei nesteåra innafor helse og sosialområdet ha store utfordringer og oppgaver knytta til øking i antall eldre, og for å bistå kommunane i å løse oppgava på ein god måte. Det vil verte viktigare å kjenne kommunane godt, og ha gode sammarbeidarenaer.

Vi arbeider i aukande grad for å bruke dei erfaringane vi får gjennom tilsyn og klagebehandling i forbettingsarbeid. Det er viktig at kommunene får deltatt i desse erfaringane gjennom gode rapporter, samlingar og kurs.

Samhandlig mellom avdelingane hos fylkesmannen blir viktig i utviklingsarbeid. Til dømes mellom utdanning, barnehage og helse.

## **2.3 Oppvekst, barnehagar og utdanning**

### **Samordning mot internt og mot kommunane**

Frå 1.1.2010 var einskapsfylkeforsøket avslutta, og vi har bruktt tid til å reetablere fylkesmannsembetet. Det har ført til meir fokus på samordning mellom avdelingane internt som også får følgjer for meir samordna tiltak ovanfor kommunane. Vi har blant anna planlagt eit sterkare fokus på samhandling mellom barnehage/skule og barnevern som krevst eit samarbeid mellom Helse/sosial- avd. og Oppvekst og utdanning-avd.

Vi profiterer på eit sterkare samarbeid internt med andre avdelingar også på andre område som lov og regelverk, kommuneøkonomi m.m., og ser mange muligheter for samhandling internt for både å styrke kompetansen og gje enda betre teneste ut mot kommunar og våre samarbeidspartnarar.

### **Strategi for samhandling med kommunane/andre samarbeidspartnarar**

Hovudstrategien for samhandling med kommunane, er regions-samarbeidet. Vi har støttet kommunane i regionssamarbeid med fylkesmannen sine skjønsmidlar. Med 36 kommunar der fagkompetansen på kommunenivået er sterkt varierande, er det heilt avgjerande etter vår vurdering at kommunane samarbeider.

Vi har møte med regionskontaktene 4 - 5 gongar pr år der det er representantar for både barnehage og skule frå kvar av dei 4 regionane. Desse møta er viktige for å få informasjon om kva behov dei har for kompetanseutvikling og rettleing som vi tek omsyn til i møta med kommunar/samarbeidspartnarar i dei andre møtefora vi har. I tillegg har vi andre møtefora som regionsmøte og fylkesmøte for å formidle nasjonal satsingar og strategiplanar på barnehage - og skuleområdet.

Som åra før bruker vi dei faste fora våre aktivt for å koordinere og legge til rette for møteplassar. Vi har eit godt samarbeid med KS, lærarorganisasjonane, høgskulane, fylkeskommunen og kommunane.

Vi vil likevel trekke særleg fram Høgskulen i Volda og lærarutdanninga som ein særleg aktiv part når det gjeld

kompetanseheving i fyllet. Deira medverknad både på barnehage- og skuleområdet har vore viktig for å få reformane/ satsingane gjennomført og implementert. Høgskulen er involvert i våre møte med kommunane både på fylkes- og regionsnivå.

## Barnehagefeltet

Barnhagefeltet er inne i store endringar og alle kommunane har oppfylt retten til barnehageplass i samsvar med lovverket. Vi har følgd utviklinga i den enkelte kommune tett, og ser at det framleis er viktig å halde fokus på at den lovfesta retten til barnehageplass no etter at barnehagetilskotet er overført til rammetilskotet til kommunane. Vi har brukt mykje tid på informasjon i samband med innlemminga av tilskota, og vil nok i 2011 ha samlingar der også de ikkje-kommunale barnehageeigarane er målgruppe.

Det er stort behov og interesse for kompetanseutviklingstiltak i barnehagesektoren, og kommunane får mykje ut av dei tildelte midlane. Regionane har gått saman om tiltak, inngått avtale om skolering med Høgskulen i Volda og Dr Maud i Trondheim dei siste åra og nådd store grupper med tilsette i barnehagane. I 2010 har vi prioritert region Nordre Sunnmøre som er igang med eit stort kompetanseopplegg i samarbeid med Høgskulen i Volda.

Når vi skal fordele kompetanse- og kvalitetstilsyn, ser vi det i samband med dei behova som vi avdekker gjennom tilsynet også. Vi har gjennomført 3 tilsyn med kommunen som barnehagestyremakt, og ser behov for skolering av kommunane på dette området. Vi vel ut kommunar til tilsyn utfrå ei risikovurdering, der vi gjennom statistikk, rapportar, klagesaker, kontakt pr telefon, epost og møte, får eit godt kjennskap til kommunane. Det har vore få klagesaker på barnehageområdet også i 2010, men vi har brukt mykje tid på rettleiing i lov og regelverk. Vi viser til nærmare omtale av barnehageområdet seinare i årsrapporten

Vi vurderer der slik at vi har gjort oppgåvene på barnehagefeltet i samsvar med oppdraget.

## Utdanningsfeltet

Vi planla ein omfattande tilsynsaktivitet for 2010 så dette har vore eit område vi har prioritert sterkt. Planane har vorte gjennomført sjølv om vi ikkje har greidd å følgje det stramme tidsskjema vi sette opp i utgangspunkt. Vi har hatt god nytte av den nye handboka i tilsyn, og det nasjonale tilsyn på Elevanse sitt skolemiljø har bidratt til ei god kompetanseheving for tilsette på avdelinga i tilsynsarbeidet der kvaliteten på arbeidet har vorte heva.

Vi har også arbeidd vidare med utvikling av læreplantilsynet etter oppdrag frå Utdanningsdirektoratet og viser til nærmare omtale om tilsynsarbeidet seinare i rapporten.

Vi har også bl.a. gjennomført brevtilsyn med 12 kommunar etter oppl § 2-8 om retten til særskilt språkopplæring for tospråklege barn. Det vart her påvist lovbroter hos 10 skuleeigarar. Ved alle desse tilsyna førde ein også tilsyn med oppl. § 13-10 relatert til dei aktuelle paragrafane om elevrettar.

Vi er opptatt av at skuleeigarane får god rettleiing i samband med tilsyna. Derfor har vi i 2010 brukt mykje tid til å informere om tema for tilsyna som kjem, gå gjennom lov- og regelverk på tilsynsområdet på førehånd, vise til rettleiingsmateriell og forskning kring temaet og i etterkant av tilsynet informere dei andre kommunane om resultat og erfaringane som kom fram i tilsyna. Vi trur at vi på den måten kan hjelpe og støtte skuleeigarane slik at dei etterlever lovkrava i større grad.

Frå perioden 2006 til 2009 har vi gjennomført tilsyn på spesialundervisning i alle dei 36 kommunane i fylket. Talet på klagesaker er noko redusert, men vi ser store manglar på mange av dei klagesakene som kjem inn. Derfor sender vi mange tilbake for ny vurdering. Vi ser også at ein del PP kontor har mangelfull kvalitet på arbeidet sitt. Vi er bekymra for utviklinga av korleis ppt- kontora vert organisert i delar av fylket der det er ein tendens til å splitte dei interkommunale ppt-kontora til mindre kontor som resulterer i at kontora får svakare kompetanse.

Risikoanalyse har vi brukta ved utveljing av tilsynsobjekt. Skoleporten med nasjonale prøver, avgangseksemansen i grunnskulen, GSI-statistikken, Elevundersøkelsen og andre data er viktig som grunnlagsdata for vårt tilsynsarbeid.

**Når det gjeld vidareutdanning, ser vi at det er 9 kommunar som ikkje ha nytta seg av vikarmidlar medan ordninga med det varige systemet for vidarutdanning har eksistert. Skuleiegarane signaliserer at det er på grunn av store reise- og opphalsutgifter kommunen har då dei fleste studia er lagt til andre delar av landet.**

Vi viser til meir informasjon om etter- og vidareutdanninga seinare i årsrapporten.

**Arbeidet med lærarrekryttering og GNIST har kome godt i gang i fylket med godt arbeid i dei etablerte gruppene. Vi viser til omtale av satsinga seinare i rapporten.**

## 2.4 Arealdisponering og byggjesaker

Fylkesmannen har gjennomført opplæring i ny plan- og bygningslov gjennom ein 2-dagers plankonferanse 17.-18.11.2010 med 175 deltagarar.

Vi har gjennomført 4 meklingar. Pga problem med saksbehandlingskapasiteten både hos fylkesmannen og i fylkeskommunen vart det ikkje gjennomført samlingar i dei 4 plan-nettverka i fylket, og det vart heller ikkje rom for å starte opp Regionalt planforum.

Fylkesmannen har fulgt opp Rikspolitisk bestemmelse om kjøpesenterstoppen gjennom motsegner (3) og å klage (2). Vi har berre i eitt tilfelle gjort dette i høve til Rikspolitiske retningsliner for areal- og transportplanlegging. Vi synest det er vanskeleg å bruke desse i eit "grisgrendt" fylke som Møre og Romsdal.

Vi praktiserer bruk av § 12-7 nr. 3 i pbl i ein del reguleringsplaner i staden for å nytte utsleppsløyve etter forureiningslova.

Vi har ein streng praksis på omsynet til bygging i strandsona, der vi hadde 12 motsegner og leverte 8 klager med dette temaet i 2010. I høve til andre tema innan naturmangfald inkludert villrein hadde vi 9 motsegner og leverte 4 klager.

Vi har behandla 253 klager på byggesaker og 38 klager på reguleringsplanar som er eigengodkjente av kommunane, tilsaman 291 klagesaker etter plan- og bygningslova. Dette er ein auke i begge sakstypane etter at vi lenge har hatt for lang saksbehandlingstid, den har variert mellom 4 og 8 månader. Ut frå den lange saksbehandlingstida beslutta Fylkesmannen i Møre og Romsdal at det skulle være ei satsing her å få ned saksbehandlingstida, og det vart satt inn ekstra ressursar. Litt etter vart det også løyvt midlar frå KRD og MD til å supplere denne satsinga, og ved årsskiftet er vi på god ved til å nå ei saksbehandlingtid på 3 månader. Vi venter at vi i løpet av første tertial er ned på 3 månader for byggesaker og i løpet av første halvår 2011 vil nå tre månader og for plansakene. Bekymringa er at den faste bemanninga er for lita til å halde dette nivået, og at vi har fleire permisjonar i vente, noko ein må rekne med som ein del av normal drift. Dersom ein skal innføre ein frist for saksbehandlinga hos fylkesmennene må ein samstundes og sørge for at bemanninga er så stor at ein og tåler vakansar som oppstår ved skifte og opplæringsperiodar av nye saksbeandlerar. Departementa må derfor og vurdere ressursane til fylkesmennene dersom fristar vert innført.

## 2.5 Landbruksbasert forvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern

Fylkesmannen har stor aktivitet innan behandling av arealplansaker, men det har i liten grad blitt spilt inn klimaomsyn i våre fråsegner til kommunane. Talet på kommunar som har forpliktande klimaplaner, er enno lågt (under halvparten av dei 36 kommunane har godkjende planar for dette). Eksisterande RPR for areal- og transportplanlegging og andre styringssignal gir ikkje konkret nok grunnlag for innspel som vil føre fram, t.d. i prosessar knytt til motsegsinstittuttet. Dersom ein skal oppnå meir synleggjering av klimaomsyn, krev dette meir tidsbruk frå fylkesmannen i spesielle saker, dette er til no derfor ikkje prioritert.

Oppgåvene innan tilsyn med og regulering av utslepp frå delegert industri er utført stort sett i samsvar med landsomfattande aksjonar samt etter vurdering av risiko (risikobasert eigeninitiert tilsyn). På grunn av vakansar og tilhøyrande budsjettkutt er omfanget av dette arbeidet redusert. Tilsvarande gjeld oppfølging av kommunane sitt ansvar innan avfallsfeltet.

Innhenting og kvalitetssikring av miljødata er og stort sett utført i samsvar med framdrifta som er sett for dette. Vakansar og manglande ressurstilgang har imidlertid ført til at arbeidet med Miljøstatus for Møre og Romsdal ikkje er følgt opp i tilfredsstillande grad.

## 2.6 Samfunnstryggleik og beredskap

Gjennom lovfestinga av kommunal beredskapsplikt blir 2010 eit tidsskilje i det lokale og regionale arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Sjølv om lovbestemmelser gjeld eit ansvar som kommunane lenge har opplevd å ha, er den kommunale beredskapsplikta det viktigaste enkellementet i eit heilt nytt rammeverk. Saman med tilhøyrande forskrifter, ny plan- og bygningslov og (relativt) nye, moderne beredskapslover innanfor kommunale

tenesteområde som brannvern og helse-og sosialberedskap vil dette formelle rammeverket gje viktige premissar for både kommunane og fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i åra som kjem.

For fylkesmannen blir det særlig viktig å legge trykk på rolla som rettleiar, pådrivar og samordnar av kommunane sitt arbeid med å oppfylle krava som no er fastsette. Kommunane har ulikt utgangspunkt i høve til det nivået som no er fastsett, særlig med omsyn til gode risiko- og sårbarheitsanalyser. Når det gjeld krav til kommunale beredskapsplanar meiner vi det meste allereie er på plass. 2010 gav oss nye eksempel på at den kommunale krisehandteringsevna held høgt nivå, og heller ikkje dette året fekk vi eksempel på det motsette.

2010 gav oss den verste snøskredvinteren på fleire tiår. Det heile toppa seg i midten av mars då fleire titals vegstrekningar var stengde, også hovudvegane inn og ut av fylket. Mange kommunar og loklasamfunn var isolerte. Verst råka var Sunndal kommune der blant anna skulane var stengde ei heil veke i strekk. For fylkesmannen er det godt å kunne konstatere at dei operative beredskapsstyresmaktene: kommunane, Statens vegvesen og Politiet har kompetanse og handlekraft til å stenge vregar og innstille eller legge om aktivitet når skredfare blir kritisk. Fylkesmannen er også glad for at NVE er etablert som nasjonal skredstyremakt, og at NVE i kritiske situasjoner stiller ekspertise til rådvelde for kommunar og andre lokale beslutningstakrar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fekk i 2010 gjennomført dei fleste ”hovudaktivitetane” på beredskapsområdet: Øving for eigen beredskapsorganisasjon, møte og øving i fylkesberedskapsrådet/atomberedskapsutvalet, øving for 15 kommunar og jamt arbeid med førebyggande samfunnstryggleik i kommunal areal- og samfunnsplanlegging. Av andre større prosjekt vil vi særskilt nemne innføring av krisestøtteverktøyet CIM, todagarskonferanse om omsorgsberedskap og planlegging av evalueringskonferansen etter snøskredhendingane i mars. Sjølve konferansen vart gjennomført fire dagar inn i det nye året.

Når det gjeld sentrale oppdrag som ikkje vart gjennomførte, vil vi særskilt nemne arbeidet med ”FylkesROS” for Møre og Romsdal. Heller ikkje dette året hadde vi kapasitet til å ta fatt på dette arbeidet. Også dette året prioriterte vi arbeidet med ”FylkesROS-fjellskred”. Arbeidet med denne er no i sluttfasen, og rapporten blir lagt fram i april. Oppstart av arbeidet med sektorovergripande FylkesROS er lagt inn i verksemndplanen med oppstart i andre halvår 2011.

For nærmare omtale av oppgåveløysinga viser vi til kapittel 3.

Beredskapsarbeidet vart mot slutten av året prega av ei jamnt tilbakevendande problemstilling: Den anstrengte kraftforsyningssituasjonen. Lite nedbør i fjor vinter, ein tørr haust og sprengkulde frå november gav rekordlåg magasinfulling midtvinters. Fylkesmannen har sidan midten av desember hatt jamn kontakt med Kraftforsyningens beredskapsorganisasjon og NVE.

Risikoen for omfattande tiltak som rasjonering er låg, men til stades. Og vi lever med små marginar – både med omsyn til energimangel og at ”mindre” feilsituasjoner i nettet kan gje store konsekvensar. I denne situasjonen er det, som nemnt i tidlegare årsrapporter, uheldig at konsesjonshandsaminga av den planlagde 420 kV-linja frå Sogn til Sunnmøre trekker i langdrag. Etter fylkesmannen si vurdering er snarleg utbygging av denne linja det viktigaste tiltaket for å førebygge både samanbrot i kraftforsyninga i Møre og Romsdal. Den nye linja representerer eit stort naturinngrep, men dette må vegast opp mot at linja gir meir effektiv fordeling av tilgjengeleg kraft, og behovet for nye utbyggingar (med dei konsekvensane det medfører) vert redusert. Det er også viktig at utbygginga vert gjennomført på ein slik måte at mest mogleg eksisterande nett (med lågare spenning) kan sanerast.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### **Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

Møre og Romsdal har hatt 2 besøk frå Kongehuset i 2010:

HM Kong Harald opna Bjørnsonfestivalen og besøkte Nesset prestegard den 29.8.2010.

HKH Kronprins Haakon gjesta Borgund vidaregåande skole og held opplæring i Dignity Day den 30.9.2010.

#### **00.2 Tildeling av ordener og medaljer**

Det er overrekt 2 St Olavs Orden, ein Kongens fortjenstmedalje i gull og 21 i sølv.

### **Miljøverndepartementet**

#### **Resultatområde 01 Naturens mangfold og friluftsliv**

##### **01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder**

###### **01.1 Bærekraftig bruk og beskyttelse av leveområder**

###### **Fylkesvise verneplanar**

Verneplan for hekkande sjøfugl er vedtatt.

I løpet av året kom vi i samarbeid med kommunen langt med forvaltningsplaner for 5 av de 10 verneområdene i verneplan for Smøla. Etter det har vi arbeidd med førebuing av erstatningsoppgjeret, oppretting av grunneigarlistar samt gjennomført skjøtsel i fleire verneområde. Hovudinnsatsen på skjøtsel har gått på fjerning av framande treslag.

###### **Utvida skogvern**

Ordninga med frivillig vern har kome i gang, og vi har fått tilbod om vern av fleire interessante område.

###### **Forvaltning og naturoppsyn i verna område**

Godt arbeid og utbytte sett i forhold til tilgjengelige ressursar. Naturoppsynet i kystområda har i felten og i media vist at vi nå er tilstede i dette området sjølv om ressursen er alt for liten. Det er sterkt ønskelig med permanent styrking av naturoppsynet i Geiranger/ Herdalen LVO samt på kysten. Auka satsing på kysten er enda viktigare nå når verneplan for sjøfugl er vedteken.

Ved auka skjøtsel i verneområde ser vi at vesentlege delar av vår arbeidskapasitet går med til å følgje opp skjøtselstiltaka dersom ikkje SNO har høve til å administrere desse.

Etter tildeling av midlar til utarbeiding av forvaltningsplanar for verneområde, har vi komen godt i gang med produksjon av forvaltningsplanar.

## Nasjonalparkar og større verneområde

Framdrift som forventa.

## Marin verneplan

Vi har levert bidrag til oppstartmelding

## Kartlegging og overvåking av biologisk mangfold

Vi heng etter i forhold til framdriftsplanen når det gjeld BM knytt til ferskvatn. Overvakainga er starta i dei utvalde vassområda. Vi har peika ut overvakingslokalitetar for elvemusling.

## Motorferdsel i utmark

Lita endring i høve til tidlegare. Relativt små problem.

## Kulturlandskap

Godt samarbeid med landbruksforvaltninga og kulturminneforvaltninga. Framdrift som forventet.

Naturtypekartleggingen dokumenterer fleire biologisk viktige kulturlandskapsområde i fylket med store behov for skjøtsel.

## 01.2 Bærekraftig bruk og beskyttelse av arter, bestander og genressurse

Generell viltforvaltning og tilskotsforvaltning vilt i god gjenge.

### Forvaltning av hjortevilt

Fylkeskommunen har tatt over hovudansvaret for forvaltning av haustbare vilt- og fiskeressursar. Vi har bistått dei fagleg i startfasen slik at dei har blitt i stand til å fylle si rolle som er fastlagt gjennom forvaltningsreformen.

Hjortebestanden har auka vesentleg dei seinare åra, og er over bærekraftig nivå i fleire område. Det er stadvis sterkt slitasje på naturlege beiteplanter, skade på verneverdiar i naturreservat (edellauvskog og barlind/kristtorn) og skade på jord- og skogbruksproduksjon.

Desse momenta gjer at fylkesmannen framleis har vesentlege innspel til hjorteforvaltninga på trass av at det er fylkeskommunen som har hovudrolla i den daglege oppfølginga.

### Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk

Oppdrag innafor ordinær sakshandsaming er gjennomført etter krav stilt av DN.

Møre og Romsdal har kategorisert 224 anadrome bestander. Det har gått mye tid til å utvikle framlegg til bærekraftige forskrifter om fiske på anadrom fisk i vassdrag og sjø. Framlegget ble oversendt DN i tråd med framdriftsplanen etter at departementet tildelte direktoratet ansvaret for å utvikle forskrifter om fiske etter anadrome bestandar.

I den forbindelse er det også rapportert ajourførte opplysningar om laksebestandar til Vitenskapelege råd for lakseforvaltning.

Vi tek del i styringsgruppene knytt til gyrokampen i Raumaregionen og i Sunndalsregionen.

Arbeidet med etablering av fiskesperre i Driva er i god framdrift.

Drift av Herje smoltanlegg er under omlegging frå smoltproduksjon over mot genbankfunksjon for sjøaure. I samband med kraftutbygging i vassdraget som vi hentar vatn frå, arbeider vi med sikring av vasstilførsla til anlegget.

NASCOkonferansen i Molde blei gjennomført etter planen

## Rovviltforvaltning

Samarbeidet innan Rovviltregion 6 fungerer godt.

Vi har vore med på, og støtta opp om kurs om jervejakt. Licensfellinga av jerv har auka dei siste sesongane etter svært mange år med dårlig resultat.

### **Forvaltning av trua arter**

Framdrift som forventa i styringsdokument. Vi har fått ferdigstilt handlingsplan for mnemosynesommerfugl og starta oppfølging i tråd med tiltaksdelen i handlingsplanen.

## **01.3 Fremmede arter og GMOer**

I 2010 starta vi opp eit prosjekt for aktiv forvaltning av vernskogen på kysten. I desse plantingane som blei statleg finansiert for nokre tiår sia er det i stor grad nytta framande treslag som sitkagran, bergfuru, buskfuru og lerk.

Spesielt sitkagrana er eit livskraftig treslag i vårt kystklima. Ho spreier seg og fortrenger naturleg stadeigen vegetasjon.

I startfasen samarbeider vi med kommunane Giske og Sandøy for å utvikle ein communal strategi for forvaltning av vernskogen med spesiell vekt på framande treslag.

Vi er nå inne i ei kartleggingsfase som skal danne grunnlaget for politiske prioriteringar av kva som bør skje med leplantingane i tida som kjem. I kva for område har leplantingane ein funksjon som det er viktig å halde på og i kva område har dei ingen nyttefunksjon. Det vil og bli vurdert å fase ut dei framande treslaga over tid der det er trond til leeffekten som plantingane gir.

Vi har også arbeidd med å fjerne desse framande treslaga frå verneområde der dei truar vesentlege verneverdiar.

## **01.4 Friluftsliv**

Fylkeskommunen tok over hovudansvaret for friluftsliv frå 01.01.2010. Første halvår bisto vi fylkeskommunen med handtering av sikringssakene i påvente av at dei skulle få på plass kapasitet til å løyse oppgåvene sjølve.

Vi har nokre saker på vegne av staten som grunneigar for sikra område. På grunn av kapasitetsmangel siste halvår er det nokre restansar på området.

## **Resultatområde 02 Bevaring av kulturminner**

### **02.3 Kulturmiljø**

## **Resultatområde 03 Rent hav og vann og giftfritt samfunn**

### **03.1 Helhetlig hav- og vannforvaltning**

Fylkesmannen har gjennomført karakterisering av vassførekostane i 20 av 36 kommunar. Det er halde møter med kommunane der andre etatar som NVE og Fiskeridirektoratets regionkontor delvis har delteke. Det er gjennomført overvåkingstiltak i 3 eutrofierte innsjøar i Hareid og på Smøla, i 2 belasta vassdrag på Smøla og eit sund med risiko i Herøy kommune. Gjennom eit samarbeid med Trøndelagsfylka er førekosten av elvemusling

## **03.2 Overgjødsling og nedslamming**

### **Avløp og akvakultur**

6 kommunar blir omfatta av reglane i kapittel 14 som fylkesmannen er forureiningsmyndighet for (tettstader på meir enn 10 000 PE). Desse kommunane arbeider med nye planer der skjerpa reinsekrav inngår. Dei fleste kommunane treng fristen til 31.12.2015 med å bygge ut avløpsnett og reinseanlegg slik regelverket krev.

Kloakkutslepp elles skal følgjast opp av kommunane. Undersøkingar som fylkesmannen gjorde i 2010 viser at dette arbeidet burde blitt fulgt opp på ein betre måte, både ved utarbeiding av kommunale planer, og ved søknadsprosessar. Arbeidet i mange kommuana med å rydde opp i kloakken har stogga opp.

Søknader om godkjenning av utslepp frå akvakulturanlegg skjer løpende. Arbeidsmengda er sesongprega og krev til tider mykje arbeid. Anlegga er også blitt så store at meir omfattande vurderingar må gjerast i samband med utviding eller flytting.

Vi mottar stadig søknader om etablering og endring/utviding av verksemder som krev utsleppsløyve.

## **03.3 Oljeforurensning**

### **Akutt forurensning**

Det har vore nokre mindre tilfelle med akutt forureining i 2009. Vi har ikkje vore direkte engasjert i aksjonar. Vi har deltatt i møter og konferansar saman med dei tre interkommunale utval for akutt forureining.

## **03.4 Miljøgifter**

Vi har langt på veg fulgt opp dei skipsverfta som tidlegare er pålagt undersøkingar og vurderingar. Varsel om vedtak om utarbeiding av tiltaksplan er sendt ut. Tidleg i 2011 vil vi sende pålegg om opprydding på land.

Arbeidet med forureinsa sjøbotn i Ålesund held fram. I samband med dette prosjektet har fylkesmannen godkjent eit forsøk med tildekking av sjøbotnen på eit område utafor Fiskarstrand Verft. Den fysiske tildekkinga gjekk som planlagt. Rapport med vurdering av effekten vil kome frå 2011.

## **03.5 Avfall og gjenvinning**

I Møre og Romsdal er det no 3 avfallsdeponi og 2 avfalls forbrenningsanlegg med oppdaterte utsleppsløyve. Fylkesmannen har ikkje gitt dispensasjon for deponering av organisk materiale.

Fylkesmannen har konsejsonbehandlet de flest virksomheter som sorterer avfall for å få like konkurransevilkår og bedre praktisering av regelverket.

## **Resultatområde 04 Et stabilt klima og ren luft**

### **04.1 Klimaendringer**

Det er etablert ei kontaktgruppe for klima mellom Møre og Romsdal fylkeskommune og fylkesmannen.

## **04.4 Lokal luftkvalitet og støy**

Omsynet til lokal luftforureining og støy er forsøkt ivaretatt gjennom vår behandling av kommuneplaner og reguleringsplaner. Særleg blir bestemmelsane om støy (T-1442) brukt som referanse for råd og evt motsegner.

# **Resultatområde 05 Internasjonalt miljøsamarbeid og miljø i nord- og polarområdene**

## **05.1 Miljøsamarbeid i internasjonale miljøfora, herunder EUs miljøsamarbeid og UNEP**

Fylkesmannen sitt internasjonale engasjement er knyttet til prosjektet Efficiensea, et INTERREG-prosjekt der Møre og Romsdal fylkeskommune er deltaker. I dette prosjektet skal det arbeides for en bedre kystsoneforvaltning langs Norskekysten og i Østersjøen. Fra oss deltar seniorrådgiver Trond Haukebø (ca. 0,2 årsverk pr. år), og personalutgifter m.v. blir finansiert eksternt og fakturert vs. fylkeskommunen.

## **05.2 Geografisk rettet miljøsamarbeid, herunder miljøbistand**

## **05.3 Miljøsamarbeid i nord- og polarområdene**

# **Resultatområde 06 Planlegging for en bærekraftig utvikling**

## **06.1 Ansvar for at nasjonal politikk formidles og ivaretas**

Nasjonal politikk blir formidla løpende gjennom våre fråseigner til søker om dispensasjoner, reguleringsplanar, kommuneplanar. Vidare blir det formidla via telefon i samtalar med kommunale saksbehandlarar, konsulentfirma, arkitektfirma, osv. Også i arbeidsmøter om enkeltsaker og i meir formelle meklingsmøter blir nasjonal miljøvernpolitikk formidla. Fylkesmannen hadde hovedansvaret for å arrangere ein plankonferanse 17-18.11.2010 i Molde. Konferansen var vellukka fagleg og med 175 deltakarar. Både fylkesmannen og fylkeskommunen hadde kapasitetsproblem i 2010, noko som medførte at drifta av plannettverka vart lagt ned i året som gjekk og det vart ikkje oppstart av Regionalt planforum. Miljøvernavdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. 2010 var eit svært vanskeleg år grunna for liten saksbehandlingskapasitet. Vi har behandla 1123 saker etter pbl fordelt på 2.5 årsverk. I tillegg kjem ei rekke andre saker innan akvakultur, og saker etter energilova og vassressurslova. Arbeidspresset har vore alt for stort, noko som har medført at oppsökande verksemder og synfaringar ikkje har vore tilstrekkeleg prioritert. Vi heller ikkje klart å halde tidsfristane i ein del plansaker.

## 06.2 Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettssikkerhetsgarantist

Det er behandla 38 klager på reguleringsplan i 2010. Kommunestyret sitt vedtak om godkjenning vart stadfesta i 31 saker. I dei 7 resterande sakene er klager dels avvist og dels tatt til følgje. Der klagen er teke til følgje er det i det vesentlege grunna i at plananen ikkje var tilstrekkeleg eintydige og at det var manglar ved kommunen si saksutgreiing.

Dette er ei vesentleg auke frå dei siste åra. I 2009 behandla vi 25 klager på kommunale reguleringsplanvedtak og i 2008 behandla vi 30.

Vi har hatt altfor lang saksbehandlingstid i forhold til fristen, dette har vore ein situasjon over lang tid. På slutten av året fekk vi ei ekstra løyving til overtid for å få ned saksbehandlingstida. Dette har verka, og vi reknar med å vere på tre månaders saksbehandlingstid i løpet av første halvår 2011.

Saksomkostningar er tilkjent i eit par saker.

Fylkesmannen har hatt omfattande rettleiing på telefon til kommunane om praktisering av plandelen av ny plan- og bygningslov og har samarbeid med fylkeskommunen om bistand i spørsmål om arkitektur og estetikk. Problem oppstår der fylkeskommunen er klagar i slike saker.

## 06.3 Samordning av statlige interesser

Fylkesmannen har i liten grad teke rolla som samordnar av statlege interesser, utover fylkesmannen sitt ansvarsområde. Vi gjer det i samband med meklingar der andre statlege organ som t.d Statens vegvesen, kystverket m.v har motsegn til ein communal plan og fylkesmannen kallar inn og står for den formelle meklingen. Fylkeskommunen tok over ansvaret som vassregionstyresmakt frå 01.01.2010. Etter dette har vi ikkje hatt noko rolle for å samordne statlege interesser i samband med oppstart av andre periode med utarbeiding av forvaltningsplan ut frå vassdirektivet.

## 06.4 Kart og geodata

Kartportalen GisLink er eit kartsamarbeid som driftast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkesmannen i SørTrøndelag og Sør-Trøndelag fylkeskommune. GisLink er ein open nettbasert teneste som gjev brukarane tilgang til kart og faginformasjon. Noreg Digitalt samarbeider/sørger for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. Dette er særskilt viktig for at berørte medarbeidarar skal kunne drive saksbehandling på rett beslutningsgrunnlag.

Den interne GISkompetansen hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal stimulerast gjennom eit eige brukarforum for GIS. Dette er ein møteplass for nøkkelpersonar i dei ulike avdelingane som nyttar GIS i stor grad.

Brukforumet står fram som eit forum for intern nettverksbygging og kompetanseheving innafor bruk av kart og GIS.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har eit tett samarbeid med Statens kartverk i Molde. Fundamentet i samarbeidet er organisert med Geodatautvalet som styringsgruppe. Dette utvalet er samansett av representantar frå Statens vegvesen, Telenor, Kommunar, Kraftselskap, Statens kartverk Molde og Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Temadatautvalet er ei undergruppe av Geodatautvalet som jobbar med prioriterte tematiske data i fylket. Plandata blir prioritert i dette arbeidet.

Fylkesmannen har oppdatert jamleg datasett til DN sitt nasjonale fagsystem Naturbase. Alle geodata blir kvalitetssikra etter gjeldande SOSI-standard. Hovudfokuset har i 2010 vore på oppdatering av datasetta prioriterte naturtypar og vilt.

## Resultatområde 07 Tverrgående virkemidler og oppgaver

### 07.2 Kunnskapsoppbygging og miljøinformasjon

**Forurensning:** Faste oppgåver og oppdrag spesielt for 2010 er i stor grad gjennomført.

**Miljøstatus:** På grunn av ressurs-situasjonen er ikke oppdatering av Miljøstatus prioritert høgt nok i løpet av 2010. Vi gjennomfører ei hardare prioritering i 2011 for å rette på dette.

### 07.3 Virkemidler og prosesser

#### Forskriftsregulerte verksemder

Vi har mottatt ca 10 meldingar frå verksemder som blir omfatta av dei nye kapitla i forureiningsforskrifta. Vi har ikke kome i gang med å registrere desse i Forurensing. Vi har heller ikke hatt tid til å gå gjennom gamle utsleppsløyve for å vurdere om dei skal opphevast eller stå ved lag.

#### Utsleppsløyve

Søknader om utsleppsløyve er blitt behandla fortløpande.

#### Tilsyn

Vi har deltatt i landsdekkjande kontrollaksjonar slik som planlagt. (Bygge- og riveavfall, galvano, mottakskontroll ved deponi og mottakskontroll ved forbrenningsanlegg)

Vi har ikke hatt tid til å gjennomføre planlagte kontrollar overfor oppdrettsnæringa.

Vi har hatt kontrollar ved sorteringsanlegg for avfall som vi trur ikke etterlever konsesjonsvilkår.

Vi har ikke hatt tid til å føgje opp tidlegare brevkontroll med dei 52 største hamnene i fylket i forhold til krav i avfallsforskrifta om avfallsplan og at det ikke skal krevjast inn særskilt avgift for levert avfall.

På grunn av ymse permisjonar har arbeidskapasiteten vore vesentleg mindre enn normalt. Derfor har ikke tilsynsarbeidet fått så stort omfang som planlagt.

#### Plan for tilsyn

Vi har utarbeidd ei tilsynsplan for 2011 som tek utgangspunkt i risikoklassar og frekvens, samt nasjonale tilsynskampanjer. Målet er å gjennomføre tilsyn i det omfanget som bli venta i tildelingsbrevet. Stillingsituasjonen er slik at dette kan vere vanskelig å oppnå.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01 Naturens mangfold og friluftsliv	kr 4 394 969,56	kr 2 718 090,31
03 Vannforurensning, miljøgifter og avfall	kr 1 024 541,71	kr 348 974,36
04 Luftforurensninger og klima	kr 318 635,64	kr 63 398,70
05 Int. miljøsamarbeid i nord- og polarområdene	kr 0,00	kr 3 572,24
06 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 3 869 326,06	kr 79 706,15

07 Andre virkemidler	kr 1 459 282,58	kr 414 390,99
Andre oppgaver under MD	kr 1 334 331,95	kr 0,00
Sum:	kr 12 401 087,00	kr 3 628 132,00

## **Landbruks- og matdepartementet**

### **Resultatområde 21 Landbruksbasert næringsutvikling**

#### **21.1 Jordbruk**

**Utfordringar:** Bruksstruktur og driftsformer endrar seg fort, og målsettinga om eit variert og aktivt landbruk over heile fylket kan bli ei utfordring. Vi ser tydeleg klyngedanning, der sterke husdýrmiljø blir ytterlegare forsterka, og andre blir svekka. I mange bygder er det lite etterspørsel etter jordbruksareal, og dette får direkte konsekvensar for kulturlandskapet. God produksjonsjord som ikkje er i drift, kan gjere det vanskelegare å halde ei konsekvent linje i jordvernspørsmål.

Det viktigaste verktøyet er BU midlane, og desse omsyna er ivaretatt både gjennom Næringsstrategien og ved forvaltninga av utviklingsmidlane. Det er stor etterspørsel etter investeringsmidlar. Mjølkeproduksjonen går klart i retning av større og færre einingar, og dei aller fleste større utbyggingar er no basert på oppkjøp av kvoter og bruk robotmjølking. Strukturendingane er teknologidrivne, og langt mindre enn før styrt av politiske / strategiske føringar gjennom m.a. næringsstrategien. NILF har på oppdrag frå fylkesmannen gjort analyser på økonomien for større utbyggingar. Studien viser at driftsresultatet har blitt like godt eller betre enn det som var forventa, men at årsaka til dette er at produksjonen ligg langt over (40%) det som var planlagt. Investeringane vart litt høgare (5%) enn kva driftsplana viste. I gjennomsnitt ligg nivået på driftsresultatet om lag som for andre mjøkeprodusentar i regionen. Jordbruksinntektene, målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, var kr 204 200 i middel for dei 19 produsentane. Det var betre resultat på samdriftene (13 stk.) samanlikna med enkelprodusentar (6 stk.). Robotfjøsa (5 stk.) hadde som gjennomsnitt litt svakare økonomisk resultat enn dei andre gruppene. Det er verdt å merke seg at bøndene var nøgde med utbygginga. Arbeidsforhold og trivsel var god, og ingen angra på investeringa.

**Rovviltkompensasjonen** er nyttta for å sikre at landbruksavdelinga har kompetanse og kapasitet på husdyrspørsmål, beitebruk og forbyggande tiltak mot rovdyrskader. Landbruksavdelinga deler sekretariatsansvaret for rovviltarbeidet i fylket med areal- og miljøvernnavdelinga, og har hovedansvaret for forebyggande tiltak.

**Forebyggande tiltak:** Møre og Romsdal hører til i forvaltningsregion 6, i lag med Trøndelagsfylka. Løyvinga for 2010 til Møre og Romsdal var på kr. 1,9 millionar. I vårt fylke er det jerv som i all hovudsak skapar konfliktar, men i 2010 såg vi også auka tap til gaupe. Det er mål om 2 familiegrupper av gaupe i Møre og Romsdal, og vi kan soleis forvente større problem med dette dyreslaget. Fylkesmannen har eit godt samarbeid med NJFF avd Møre og Romsdal når det gjeld forebyggande tiltak retta mot rovdyra, t.d. kurs i samband med felling og jakt på jerv og gaupe, samt sporing av gaupe. Våre viktigaste forebyggande tiltak er knytt opp mot tidleg sinking av sau frå utmarksbeite. Jerven er mest aktiv mot slutten av beiteperioden, og tiltak som skil jerv og sau i dette tidsrommet, vil redusere tapa vesentleg. I tillegg til tilskot pr. tidleg heimsanka dyr, har det blitt gjeve tilskot til utvida tilsyn for lettare å oppdage unormale tilstander i beiteområdet. Til saman er det utbetalt omlag kr. 0,9 millionar til desse tiltaka i 2010. I tillegg er det oppfordra til auka bruk av voktarhund, og det blir gjeve støtte til innkjøp og drift av slike hundar. Det er no til saman 8 sauehaldarar som bruker voktarhundar på patrulje i beitesesongen.

Det vart utbetalt om lag kr. 2,5 milllionar i rovviltskadeerstatning i 2010. Dette er ein reduskasjon samanlikna med 2009. Tal dyr erstatta som tapt til jerv gjekk noko ned, medan gaupeskadane auka noko.

Det vart skote 6 jervar i lisensfellingsperioden (10. sept 2010- 15. februar 2011) av ei kvote på 8 dyr, og det er funne 4 ynglelokaliteter. Trass i høg avskyting av jerv dei siste åra, er vi framleis over målet om 3 ynglingar. Dette tyder på høg aktivitet av jerv i fylket. Den auka interessa rundt jakt gir likevel grunn til optimisme i samband med målet om å halde jervestamma på eit akseptabelt nivå, men det er behov for uttak i regi av SNO i belasta område utan mål om yngling.

Det vart ikkje lagt restriksjonar på beitebruk i utmark etter direktiv frå Mattilsynet.

**Beitebruk:** Sau og geit er dei viktigaste beitedyra i fylket, sett i samband med kulturlandskapet, verdiskaping og ekstra inntekt for mange i distrikta. Tapa på utmarksbeite er eit stort problem. Lammetapet har dei siste åra variert rundt 10- 12 %. Tapa er store også i område der det ikke er freda rovvilt. Alveld, flått, flogemark og rev er andre viktige tapsårsaker. Møre og Romsdal har motteke midlar (1,3 millionar kroner) gjennom det nasjonale "Beiteprosjektet" i 2010, der målet var å kartlegge tap grunna sjukdom, med spesiell vekt på flåttoverførte bakteriar og Alveld. Bioforsk og Universitetet i Oslo har vore samarbeidspartnerar. Gjennom sommaren 2010 har vi gjort PCR bestemmelse av bakterier i eit stort antall flått. Vi prøvar å finne mottiltak gjennom vaksinasjon og tidleg behandling, og vi prøvar også å finne metode for å gi risikovurdering av beiter før beitesesongen. Som et resultat av prosjektet, kan vi kome med anbefalingar om behandling av lamma, og utvikling av metode for påvisning av smittestoff i flått. Tiltaka som vart utprøvd, treng oppfølgingsprosjekt. Gjennom prosjektet "tickless" i regi av Bioforsk, vil forskingsaktiviteten på flåttsjukdommar halde fram.

Analysearbeidet som drivast ved Universitetet i Oslo i samband med alveldforkinga har halde fram i 2010 med støtte fra beiteprosjektet. Det vil også pågå arbeid med dette i 2011. Førebelse resultat gjer oss stadig meir optimistiske når det gjeld å finne svar på gåta.

### Stimulerungstilskot for å sikre tilgang på veterinære tenester i distriktskommunar.

Møre og Romsdal fylke fekk kr. 980 000,- i 2010 som skulle utbetalast som stimulerungstilskot til delar av kyst- og øysamfunn i Møre og Romsdal for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunane med vanskeleg kommunikasjon grunna ferge, og der det var stor avstand mellom få bruk vart prioritert. Følgjande kommunar fekk stimulerungstilskot:

Aure kommune:	kr. 107 450,-
Midsund kommune:	kr. 73 800,-
Aukra kommune:	kr. 73 800,-
Smøla kommune:	kr. 107 450,-
Vanylven kommune:	kr. 107 450,-
Sande kommune:	kr. 73 800,-
Haram/ Sandøy kommune:	kr. 214 850,-
Halsa kommune:	Kr. 73 800,-
Averøy kommune:	kr. 73 800,-
Norddal kommune:	kr. 73 800,-

#### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2010	2009
FMMR	37849	57550	73	2,67	10,92	7,64	8,43
<b>Sum</b>	<b>37849</b>	<b>57550</b>	<b>73</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 21.2 Skogbruk

**Intensivert foryngelseskontroll.** Etter oppdrag frå LMD blei skogeigarar med avvik mellom hogst og forynging kontrollert i 2010. I alt blei det lagt ut 118 kontrollflater, og 99 av desse blei undersøkt i felt. Ca halvparten av det kontrollerte arealet var ikkje tilfredsstillande forynga. Skogeigarane vil bli følgt opp for planting i 2011

**Skogbruksplanlegging – utfordringar framover.** Det blei sett i gang forarbeid til takst i Sunndal kommune. Planbestillinga låg på i overkant av 50%, men pristilbodet som kom inn var over stipulert budsjett. På bakgrunn av dette er prosjektet lagt på is. Utfordringa framover er å få til heldekkende områdedata med dagens planbestilling og høge takseringskostnader.

**Ørstaskogen.** Eigedomstrukturen er ein av dei aller største hindringane for å gjennomføre eit rasjonelt skogbruk i Møre og Romsdal. I prosjekt Ørstaskogen blir det fokusert på ulike former for samarbeid av skogeigarar på tvers av eigedomsgrensane. Prosjektet er treårig og skal utarbeide føringar som kan nyttast i andre deler av fylket.

**Skogkulturprosjektet.** Strategiplanen for skogbruk i Møre og Romsdal viser til at ein av dei store utfordringane er å organisere skogkulturarbeidet samt å skaffe arbeidskraft. Vi har no gått inn på eit samarbeid med Allskog om eit treårig prosjekt i romsdalsregionen. Prosjektet skal ha fokus på forynging og ungskogpleie gjennom

oppøkande verksemd og praktisk gjennomføring.

**Oppstart av strategirullering.** Ved handsaming av strategiplanen i Fylkestinget i 2008 blei det fatta vedtak om at handlingsplana i dokumentet skulle ruleres i 2011. Det arbeidet er starta opp og vil bli gjennomført i samarbeid med skognæringsforumet i fylket. I dette arbeidet vil skogbruket sine utfordringar og moglegheiter bli granska og vurdert i høve konkrete tiltak.

**Møre og Romsdal skognæringsforum.** Forumet ble stifta 1. juli 2010 og er ein interesseorganisasjon for skogbruket og trebearbeidande industri i Møre og Romsdal. Formålet er å styrke og utvikle skognæringa i Møre og Romsdal.

**Hovudplan veg.** Det er gjennom året arbeidd med ajourhald av vbase og kartlegging av behov for nyanlegg og ombygging av skogsbilvegar i fylket. Det er planlagt at skogsbilvegane i vbase skal vere ajourført i alle kommunar innan utangen av 2011.

**Bioenergi og auka bruk av tre som byggemateriell.** Er rapportert under resultatmål 22.5.

## 21.3 Bygde- og næringsutvikling

Partnarskapen for næringsutvikling har fungert godt, og kopplinga mellom Regional strategi for landbruksrelatert næringsutvikling og Regional handlingsplan for verdiskaping er godt ivaretake. Det er fortløpende kontakt mellom Fylkesmannen, Innovasjon Norge, faglaga og kommunane.

Etterspørselet etter investeringsmidlar er stor. Mange kjøper seg opp på mjølkekvote, og det er mange som søker om finansiering av større utbyggingar av mjøkeproduksjon gjennom Innovasjon Norge. Det har vore ei utfordring å finne ein god balanse mellom virkemiddela Rentestøtte og Investeringstilskot.

Satsinga på småskala matproduksjon er ivaretatt gjennom eit eige prosjekt, og ved kontaktperson på landbruksavdelinga. Samarbeidet med Mattilsynet har vore godt, både generelt og opp mot kvart tiltak. Det er også eit godt samarbeid med Kometansenavet for Midt-Noreg.

Dei fylkesvise bygdeutviklingsmidla har bidratt til fleire større satsingar;

Prosjekt Matmangfald er drive i regi av Landbruk Nordvest og skal fortsetje fram til oktober 2011. Effektane av målretta arbeid mot småskala vidareforedling har vorte tydelege, og det har kome fleire livskraftige og spennande bedrifter som følgje av satsinga. Landbruksavdelinga bidreg også med støtte til Den Norske Matfestival i Ålesund.

Landbruksavdelinga har jobba opp mot forsøksringane og landbrukstenester for å bidra til ei framtidsretta og robust privat rådgjevingsteneste. Det viktigaste grepet er å fusjonere fleire små einingar til ein større organisasjon med muligheter for funksjonsdeling og profesjonalisering. Dette arbeidet blir støtta over bygdeutviklingsmidla. Det er også finansiert prosjekt der ein gjennom vegvalsdiskusjonar og aktiv rådgjeving tek sikte på å betre økonomien i dei tradisjonelle produksjonane. I samarbeid med Landbruk Nordvest og med støtte over KIL midlane starta vi eit prosjekt for å dyktiggjere bonden i investeringsfase.

Landbruksavdelinga har bidratt i samarbeidet med Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylkeskommune om tydeleggjering og profesjonalisering av den kommunale førstelinjetenesta for næringsutvikling (hoppid.no). Landbruksavdelinga har hatt eit særleg ansvar for bygdemobilisering som del av denne breiddesatsinga.

Bygdemobilisering er eit prioritert område for landbruksavdelinga, og i 2009 starta vi opp 3 nye bygdemobiliseringsprosjekt som fekk støtte over bygdeutviklingsmidla.

Landbruksavdelinga tok initiativ til å opprette prosjekt for å få større trykk rundt Inn på tunet. Prosjektet er samfinansiert med Møre og Romsdal fylke, og arbeider for å løfte IPT som arena for tilbud på helse, omsorg og utdanningssektor. Prosjektet inkluderar aktuelle sektorar på fylkesnivå, og skal hjelpe lokale prosjekt til finansiering, mellom anna gjennom IPT løftet.

Attraktive tettstader Kr. 1 250 000,-

Auka innovasjonstakt Kr. 680 000,-

Auka FoU-aktivitet i næringsliv og offentleg sektor Kr. 42 000,-

Fleire natur og kultur- og opplevingsverksemder Kr. 125 000,-

Auka verdiskaping i landbruket Kr. 2 883 608,-

Betre energiforsyning Kr. 0,-

Reduserte klimagassutslepp Kr. 0,-

SUM Kr. 4 980 608,-

### Midlar til seterprosjektet

Møre og Romsdal disponerte i 2010 ei løyving på kr 667.000. Det vart løyvd tilskott til 12 saker pluss at det er sett av noko midlar til evaluering m.v. Setersatsingmidlane har vore viktige for å fremme setring som kulturberar og reiselivsprodukt. 2010 var siste året i dette femårlige prosjektet saman med Hedmark og Oppland. Seterdrift med mjølkeproduksjon og setring med mjølkeforedling vert på visse vilkår også støtta ekstra gjennom regionalt miljøprogram.

## Resultatområde 22 Klima og miljøtiltak i landbruket

### 22.3 Miljøprogram og miljøplan

#### Bruk av midlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket ( SMIL ):

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 7.000.000 til SMIL ordninga i 2010. I tillegg kjem litt midlar overførte frå 2009 og ein del inndregne midlar gjennom 2010 som er løyvt på nytt.

Forskrift 500 SMIL-ordninga: 268 løyvde saker, tilsagn kr.7.097.093

Forskrift 034 Investeringstilskot i jordbruket: 28 løyvde saker, tilsagn kr 900.886

Forskrift 207 Miljø og kulturlandskapsmidlar: 8 løyvde saker, tilsagn kr 357.300 (Hj01 kr. 240.000 og hjemmel 02 kr 117.300)

Forskrift 234 Organisert beitebruk: 18 løyvde saker, tilsagn kr 655.200

Sum tilsagn i alt kr.9.010.479

Ved rapporteringa frå kommunane nov. 09 var det for SMIL-ordninga stipulert eit behov på ca 20 mill. for 2010. Interessa for å søkje om SMILmidlar er stor. Etter kvart som kommunane har fått auka kompetanse har også søknadsmengda auka. Mange av kommunane i Møre og Romsdal har mykje større pågang av søknader enn dei har midlar til å imøtekome og det vert derfor ofte noko låge tilskotsprosentar for å kunne imøtekome flest mogeleg søknader. Med dei rammer som kommunane får tildelt vert det vanskeleg å kunne løyve til store kostbare saker, f.eks. ein del store bygningssaker. Antal klagesaker i ordninga er lågt.

Gjennom regelverket for Regionalt Miljøprogram, og ved oppfølging gjennom forvaltningskontrollen har miljøplana fått stor merksemrd. Miljøplan trinn 2 er eit vilkår for fleire av ordningane gjennom RMP. Regionalt miljøprogram har gitt utfordringar i 2010. Ved revisjonen i 2009 vart ordninga med Driftsvansketilskot til bratt areal tatt ut, og erstatta med ei anna ordning. Rammene for desse ordningane var 7 - 9 millionar kroner. Som konsekvens av Jordbruksavtalen 2010 måtte den gamle ordninga gjeninnførast. Dette vart gjort, men denne omrokkeringa har gitt utfordringar, både i forhold til informasjon, og i forhold til balanse mellom ordningane i RMP.

#### Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2010 etter søknadsomgang 2009 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Gjengroing	Avrenning til vassdrag	Kulturminneverdier	Tilgjengelighet og friluftsverdier	Verdifulle kulturlandskap	Plantevernmiddel	Avfallsinnsa
FMMR	7233800	1323750	606000		5260375	0	0
<b>Sum</b>	<b>7233800</b>	<b>1323750</b>	<b>606000</b>	<b>0</b>	<b>5260375</b>	<b>0</b>	

### 22.4 Økologisk landbruk

Fylkesmannen i Møre og Romsdal arbeider for at det økologiske landbruket skal utvikle seg i takt med etterspurnaden i marknaden. Samstundes skal vi arbeide for at marknaden etterspør økologiske varer i aukande grad, og at vi stadig får fleire økologiske produsentar i Møre og Romsdal. Handlinsplanen for økologisk landbruk i Møre og Romsdal for 2008-2011 ligg til grunn for arbeidet med å utvikle økologisk landbruk i fylket. Denne er også integrert i den regionale næringsstrategien.

## Status 2010

### *Utdeling av prisen "Årets leverandør av økologiske produkt 2010"*

I 2010 delte vi ut den nasjonale prisen for Årets leverandør av økologiske produkter for sjette år på rad på den Norske Matfestivalen i Ålesund. Årets pris gjekk til Økodrift Homlagarden som driv med økologisk kalkunproduksjon. Prisen var finansiert av Statens landbruksforvaltning(SLF). Eiga rapportering vert sendt til SLF.

### *Økologisk areal og dyr*

Når det gjeld areal ser det ut som det i økologiske arealet er samsvarande med i 2009. I dag har vi to kommunar i OIKOS sin 10%-klubb; Sykkylven og Midsund kommune med 17% økologisk areal. Tre kommunar er på veg etter: Molde, Ørsta og Rindal har 8% areal.

1.1.2010 hadde vi i Møre og Romsdal 44 100 sauver over eitt år, av dess var 3792 økologiske sauver. Dette vil sei at 8,5 % av sauver over eitt år er økologiske i Møre og Romsdal. I følgje tal frå Debio har tal økologiske sauver stege også i 2010. Men sidan tala frå produksjonstilkotet ikkje er klare endå har vi ikkje sikre tal på dette.

Når det gjeld økologisk mjølkeproduksjon har utviklinga vore svak. Vi har fått nokre fleire økologiske mjølkekryr enn i 2009. Og den totale mjølkekvota har auka det siste året frå 1 851 991 til 2 291 866 liter. I same periode gjekk vi frå 17 til 16 økologiske mjølkeprodusentar. Dette tyder at det har vore oppkjøp av økologisk kvote og at det fins vilje til å satse på økologisk produksjon.

### *Økoløft prosjekta*

Økoløft i kommunane vart avslutta i 2010. Kommunane har hatt forskjellig i erfaringar. I to av kommunane var det eit etabler økologisk miljø, her vart det økologiske miljøet styrka og det var lettare å få det offentlege med på å prøve meir økologisk mat i offentlege kantiner og barnehage/skule. Desse kommunane har vist større framgang enn dei andre. Fylkesmannen tykkjer dette var ei positiv satsing, og vi ser resultat.

### *Forbruk*

Forbruket er no flaskehalsen for det økologiske utviklinga i Møre og Romsdal. For å få opp forbruket valte vi hausten 2010 å fokusere på dette. Molde internasjonale Jazzfestival har fått midlar til å utvikle og forbetter satsinga "grøn mat til blå tonar". Dette vil bidra til å gi ein grøn profil på arrangementet og økologisk mat vil verte profilert.

### *Skulehagar*

Bioforsk økologisk har fått midlar til å drive satsinga på økologiske skulehagar. Vi vil ha fleire økologiske skulehagar for å gi dei unge forbrukarane eit innblikk i og meir informasjon om økologisk matproduksjon og krinslaup i naturen, dei skal bli meir bevisst kva mat vi får i oss. Målet er at skulen skal integrere dette i undervisninga ved å bruke skulehagen som læringsarena. Bioforsk skal utvikle den allereie etablerte nettsida med temaet økologiske skulehagar og lage starpakkar for dei som skal setje i gang med skulehagar.

## **Oversikt over tiltak støtta av Handlingsplanmidlar for 2010:**

Prosjekt	Eigar	løyving
Grøn mat til blå tonar	Molde intern. Jazzfestival	125 000
Auka økologisk mjølkeproduksjon i M og R	Tine Midt Norge	96 143
SKULEHAGE satsing Bioforsk Økologisk		140 000
Prosjektsisse-økosatsing Landbruk Nordvest		17 700
Skulehageseminar Bioforsk Økologisk		12 000
kurs i skulehage Magnus Jonsson		5 000
Sum Løyvingar 2010		kr 395 843

### *Utfordringar*

2010 har gitt oss spesielle utfordringar. Handlingsplanen peika på økologisk mjølkeproduksjon som hovedsatsingsområde, og vi møtte dette med prosjektsatsing i samarbeid med Tine. Denne satsinga knytte opp praktisk talt heile den økonomiske ramma vår. Vår 2010 kom det styrevedtak frå Tine om at nye leverandørar

IKKJE ville få avtale med Tine. Prosjektsatsinga måtte leggast ned, og vi vart sett langt tilbake. Nortura gjorde tilsvarende vedtak som Tine, og satsing på storfekjøt var derfor heller ikkje noko alternativ. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil framover ha fokus på forbrukarane, då gjennom festivalar og barn og unge. Vi forventar at det sentralt vert sett i gang tiltak for å marknadsføre økologisk mat på ein betre måte enn det vert gjort i dag. Vi vil gjere vår bit i forhold til å informere om og profilere økologisk mat. Som konsekvens av dette har vi justert kurser, og rettar no innsatsen mot dei som faktisk har lagt om, i tillegg til at vi støttar opp om tiltak med fokus på barn/unge .

## 22.5 Tre og miljø

**Bioenergi.** Det arbeidast for oppretting av fleire varmeanlegg som kan nytte skogsvirke som brensel. Få anlegg er bygd, men fleire utredningar om nye anlegg er på gong. I Ørsta er eit fjernvarmeanlegg på ca 8 GWh under bygging og vil bli opna i 2011. Utfordringar er lønnsmemnd og manglende tilgang på brenselflis i store deler av fylket.

**Biostigen.** Samarbeidsprosjekt med fylkesmannen i Sogn og Fjordane som arbeidar for oppretting av effektive og lønnsomme verdikjeder for produksjon av skogsflis frå skog, kulturlandskap og vegkantar. Oppdragsgjevar er LMD og prosjektperioden er utvida til 1. juli 2012. I 2010 har prosjektet arrangert ulike fagarrangement og gjennomført forsøk knytt til skogsvirke frå lauvskog, vegkant, GROT frå taubane og bakhun frå sagbruk i samarbeid med regionale entreprenørar og Skog og Landskap.

**Tre som byggemateriell.** I regi av arkitektforeninga er forprosjektet Berekraftig bygg 2012 (BB2012) gjennomført. Prosjektet omhandlar bruk av tre som byggemateriell og innovasjon blant trebaserte verksemnder. Som oppfølgjing av forprosjektet BB2012 har fylkesmannen tatt initiativ ovanfor Møre og Romsdal fylkeskommune og Innovasjon Norge til oppretting av eit hovudprosjekt. Målet er å auke bruken og kunnskapen om tre som byggemateriell, og samtidig bidra til auka innovasjon blant trebasert verksemder gjennom oppretting av konkrete byggeprosjekt. Prosessen vidareførast i 2011.

Gjennom det nasjonale prosjektet "Trefjøs" har det i Møre og Romsdal blitt oppretta pilotar på bruk av tre som byggemateriell i landbrukets driftsbygningar. Pilotane har ført til innovasjon blant trebaserte verksemder i Møre og Romsdal.

For å oppnå auka bruk av tre som byggemateriell er det avgjerande med auka kunnskap blant byggherre, planleggar og industri. Oppretting av forbildeprosjekt er viktig.

**Skog og klima.** Fylkesmannen i samarbeid med Møre og Romsdal skognæringsforum arrangert skogdag med tema skog og klima hausten 2010.

## Resultatområde 23 Eiendoms- og bosettingspolitikk

Det vart handsama 12 ordinære saker. Av desse var 5 klager etter jordlova, 3 jordlovsaker i første instans og 4 var konsesjonssaker.

Det er avgitt eigen rapport til SLF som avkrevd, både i høve praktiseringa etter jord-, konsesjons- og odelslovgivinga og det som gjeld jordfondet.

Vi blei invitert av Surnadal kommune for å halde innlegg for politikarane om boplikt og konsesjon etter nytt regelverk.

Etter regelverksendringa i 2009 er det framleis behov for kursing og opplæring i deler av regelverket. Vi ser fram til at det kjem nærmare retningsliner basert på praksis. Til dømes handheving av driveplikta.

## Resultatområde 24 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

**Rådgjeving** mot kommunane har vore ei sentral oppgåve, med kurs, samlingar og dagleg rådgjeving i

tilskotsamanheng. I produksjonstilskot og RMP har kommunane blitt fulgt opp med tanke på å overhalde tidsfristar, samt at FM også har gjennomført sine arbeidsoppgåver /saksbehandling innan dei fristane som låg føre.

**Kontrollleiarar** har vore Kristin Eide og Arnold Hoddevik. Fagansvarleg i dei ulike ordningane er avsvarleg for kontrollverksemda for eige saksfelt. Begge kontrollleiarane har delteke på kontrollsamling i regi av SLF. På kommunesamlingane har det vore fokusert på forventa auke i kontrollaktiviteten for både fylkes- og kommunenivå. Driftsfellesskap og miljøplan trinn 1 har vore eit sentralt tema.

Det ble utarbeida ei kontrollplan innan fristen som var satt, og alle kommunane som var planlagt kontrollert ble også kontrollert i 2010.

- 9 kommunar kontrollert i produksjonstilskot.
- 6 kommunar kontrollert i SMIL
- 9 kommunar kontrollert i RMP
- 2 kommunar kontrollert i NMSK
- 9 kommunar kontrollert i avløsing ved sjukdom

Totalt ble 23 avvik og 21 merknader avdekt i sluttrapport.

Eitt av dei ti avvika i produksjonstilskot har vorte fulgt opp med frist til kommunen for å vurdere driftsfellesskap. Dette er gjort og avviket er lukka. Dei andre 9 avvika var av ein slik art at kommunen vart bedt om å endre adferd for framtida. Disse avvika gjaldt manglar i miljøplan trinn 1 og rutiner i sakshandsaminga.

I RMP var det ingen av dei 8 avvika som trengte oppfølging. Dei aktuelle kommunane fekk beskjed om å endre adferd for framtida. Dette gjaldt manglar i miljøplan trinn 1, habilitet og ein dispensasjon som mangla.

I avløsing ved sjukdom var det 5 avvik, der kommunen måtte følge opp 3 av avvika innan frist. Årsaken til at to avvik ikkje trengte oppfølging, var at sakshandsamingsfeilen ikkje var utslagsgivande for utbetalinga i den aktuelle saka.

**Gardskart**prosessen har kome godt i gang i fylket. Alle kommunane har delteke på introduksjonskurs. Feltkurs, seminar med erfaringsutveksling og kurs i bruk av programvare for retting av feil i kartet har også i 2010 blitt gjennomført med god deltaking frå dei kommunane som har hatt bruk for desse samlingane.

11 kommunar hadde frist i løpet av 2010 med å få kvalitetssikra tal inn i landbruksregisteret. 3 kommunar har i løpet av 2010 fått utvida frist for ferdigstilling, der ein av desse no er ferdig. 9 kommunar har frist i løpet av 2011 for ferdigstilling.

Kommunane ser svært stor nytte av kvalitetssikra kartdata, både i landbruksforvaltning og anna saksbehandling knytt til areal og arealbruk. Det er såleis stor vilje til å få rettingar på plass. I mange kommunar har det vorte avdekt meir feil i eigedomsdata enn i markslagsdata.

**Landbruksvikar**verksemda gjennom avløysarlaga dekkjer heile fylket gjennom 5 avløysarlag. I løpet av 2010 har landbruksvikarar avløyst 3425 dagar med sjukdom og 1367 dagar anna avløsing. 249 føretak har nytta vikar. Avløysarlaga nyttar seg i stor grad av deltidstilsette vikarar. Der er i alt 157 vikarar med beredskapsavtale, og av desse er 17 faste.

-----

### Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2010 - antall

#### Klagebehandling

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
2	5	0	2	0	0

#### Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått

6	0	0	3	0	1	0	0	0
---	---	---	---	---	---	---	---	---

**Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2010****1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?**

Årsverk: 0,5

Antall personer: 6

**2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)**

Kommune:	<b>Averøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 1 avvik RMP: 1 avvik
Oppfølging av avvik:	0

Kommune:	<b>Gjemnes kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP NMSK Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 3 avvik RMP: 1 avvik Avløsing sjukdom: 2 avvik
Oppfølging av avvik:	Prod.tilskot: 2 oppfølginger med frist Avløsing sjukdom: 2 oppfølginger med frist

Kommune:	<b>Hareid kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP SMIL Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 2 avvik RMP: 2 avvik Avløsing sjukdom: 0 avvik
Oppfølging av avvik:	0

Kommune:	<b>Herøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot RMP SMIL Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 2 avvik RMP: 2 avvik Avløsing sjukdom: 1 avvik
Oppfølging av avvik:	Avløsing sjukdom: 1 oppfølging med frist.

Kommune:	<b>Sande kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot Regionalt miljøprogram SMIL Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	0

Kommune:	<b>Smøla kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 2 avvik RMP: 2 avvik Avløsing sjukdom: 1 avvik
Oppfølging av avvik:	0

Kommune:	<b>Sunndal kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP SMIL NMSK Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 1 avvik RMP: 1 avvik Avløsing sjukdom: 1 avvik

Oppfølging av avvik:	0
Kommune:	<b>Sykylven kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP SMIL Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 1 avvik RMP: 1 avvik
Oppfølging av avvik:	0

Kommune:	<b>Ulstein kommune</b>
Orninger/omfang:	Prod.tilskot RMP SMIL Avløsing sjukdom
Registrerte avvik:	Prod.tilskot: 2 avvik RMP: 2 avvik Avløsing sjukdom: 0 avvik
Oppfølging av avvik:	0

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A-Vanylven</b>
Orninger/omfang:	Konsesjonsregelverket
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig og dokumentkontroll
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	0

Foretak:	<b>B-Vanylven</b>
Orninger/omfang:	Konsesjonsregelverket
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig og dokumentkontroll
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	0

Foretak:	<b>C-Vanylven</b>
Orninger/omfang:	Konsesjonsregelverket
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig og dokumentkontroll
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	0

Foretak:	<b>D-Vanylven</b>
Orninger/omfang:	Konsesjonsregelverket
Stedlig kontroll eller annen type kontroll:	Stedlig og dokumentkontroll
Registrerte avvik:	0
Oppfølging av avvik:	0

**4. Andre kommentarer/ innspill:**

2 kontrollansvarlege

## Resultatområde 25 Kommunene som landbrukspolitiske aktører

Leinga ved landbruksavdelinga har gjennom 2010 hatt dialogmøter med politisk og administrativ leiing i kommunane Herøy, Sande, Tingvoll, Fræna og Rauma. Desse møta blir brukt til gjensidig utveksling av krav og forventninger, og til å informere kvarandre om aktuelle saker på landbruksområdet.

Av andre kurs/seminar/møter kan nemnast:

- Møte om BU-midlane for landbruksforvaltninga i alle kommunane og Innovasjon Norge
- Forvalterkurs skogsveg for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal
- 2 dagers fagsamling skogbruk for kommunene
- Diverse skogdager for kommunane og skogeiere
- Naturmangfaldloven - kurs i mai og juni 2010
- Feltkurs i AR5 - digitalisering av gardskart
- Fagdag Plan og bygningsloven vs arealforvalting i landbruket
- Kommunesamling om produksjonstilskot
- Kunnskapsløft for nye saksbehandlarar i tilskotsforvaltning
- Konferanse for landbruksforvaltning, Innovasjon Norge, politikarar og landbruksorganisasjonane (Geiranger)
- Konferanse om Bygdemobilisering - september 2010
- Kurs i Gardskartprosessen: erfaringsutveksling og ajourføring av markslag, AR5 Landbrukskonferansen i Møre og Romsdal 2010
- Bruk av hund til hjelp mot rovdyrskader - november 2010
- Flåttborne sjukdomar, beiting og naturbruk. Open konferanse i Molde.

## Resultatområde 26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging

Kostratalla syner at Møre og Romsdal har ei relativt stor nedbygging av dyrkamark. Vi har ikkje nådd halveringsmålet. I eit fylke med avgrensa jordbruksmessige ressursar og samstundes relativt få areal som kan brukast til utbygging, kan det vere ei utfordring å bremse nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord. Dette gjeld særleg i kommunar med stor vekst og aktivitet.

Som ein del av fylkesmannens planhandsaming har landbruksavdelinga fremma 2 motsegn. Vidare har vi påklaga 2 kommunale vedtak på bakgrunn av landbruksomsyn.

Landbruksavdelinga arrangerte 1-dags fagsamling for landbruksansvarlige i kommunane med vel 30 deltakarar. Tema var den nye plan - og bygningslova i eit landbruksfagleg perspektiv.

Landbruksavdelinga var medarrangør av den store 2-dagars plankonferansen med 175 deltakarar. Deltakarar var planleggarar i kommunar og næringslivet.

Tilsette ved landbruksavdelinga har delteke på 2 kommunale utvalsmøter, der jordvern har vore tema.

### 26.1 Jordvern og kulturlandskap

#### Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal

Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal vart 2008 godkjent av DN, RA og SLF som utvalt kulturlandskap i Møre og Romsdal. I 2010 fekk området tildelt kr 1.050.000 til

skjøtsel, drift, og vedlikehald/restaurering av bygning. Det er 5 aktive brukarar som driv jordbruksareala på dei 21 brukena i området. Samla jordbruksareal utgjer 796

da. I tillegg er det 2 grunneigarar med beitedyr i området og 8 gardbrukarar som leiger beite (ikkje grunneigarar). Det er inngått avtale om tilskot til skjøtsel med alle brukarane.

Midlane for 2010 vart disponerte slik: Skjøtsel av areal kr 259.481, beitebidrag kr. 153.560, restaurering av freda hus kr 519.168, og registreringsarbeid over bygningsmassene i området kr 117.791, til saman kr 1.050.000

#### Verdensarvområde Vestnorsk Fjordlandskap Geirangerfjorden

For 2010 fekk området tildelt frå SLF kr. 1.185.000 og frå DN kr 1.000.000. Kort oppsummert vart midlane fordelte slik: Arealbidrag kr. 888.040, beitebidrag kr 1.185.600 og andre tiltak 111.360 som gjerding og rydding. I alt kr. 2.185.000. NILF har evaluert ordninga.

Det er no inngått tilslaman 67 avtalar om tilskot til skjøtsel i verdensarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap Geirangerfjorden. Avtalane går i hovudsak ut på arealbidrag og beitebidrag, men det er også inngått nokre avtalar som gjeld f.eks. gjerding og rydding.

Det har vore besök 2 besök til brukarane som har avtale om skjøtsel av areal, i juni og august. Vi føler vi har god dialog med brukarar og drivrar i området. Midlane har virka positivt på utviklinga i området. Det har vore ein svak auke både på skjøtta areal og auka dyretal. Det er av stor verdi at ordninga no vert vidareført.

## 26.2 Samfunnsplanlegging

**Geovekst.** Data frå Geovekst og Norge digitalt vert nytta i ordinær sakshandsaming gjennom innsynsløysingar som Gislink osv. Både beredskapsavdelinga, miljøvernnavdelinga og landbruksavdelinga nyttar data til analysearbeid innanfor sine embetsoppdrag. Landbruksavdelinga nyttar mellom anna data i sitt arbeid med utarbeiding av hovudplan for skogsbilvegar i fylket. Vi har i tillegg starta opp arbeidet med å visualisere nedbygging av dyrkamark i fylket

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Landbruksbasert næringsutvikling	kr 3 616 027,83	kr 19,80
22 Klima- og miljøpolitikk i landbruket	kr 2 251 653,11	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 685 615,88	kr 0,00
24 Forvaltning av inntekts- og velferdspol. tiltak	kr 1 774 208,95	kr 0,00
25 Kommunene som landbrukspolitisk aktør	kr 895 904,67	kr 0,00
26 Jordvern, kulturlandskap og samfunnsplanlegging	kr 1 466 179,51	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 96 957,30	kr 0,00
Sum:	kr 10 786 547,00	kr 19,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på utdanningsområdet

#### 31.1 Tilsyn

##### Vurdering av eiga måloppnåing

Ein er bedd om å vurdere eiga måloppnåing sett i lys av embetets ressursar, kompetanse, metodikk og strategiar og andre forhold i fylket.

Det er tatt utgangspunkt i oppdraget, og at det overordna målet for avdelinga er å gjennomføre ein aktivitet som tilfredsstiller krava i oppdragsbrevet. Dette er operasjonalisert gjennom eigen verksemdsplan for avdelinga. Planlagde aktivitetar i verksemdsplanen er underveis justert noko på grunn av endra behov, men planlagt omfang er opprethaldde.

Det har vore ei intern målsetting å utvikle tilsynsmetodikken i tråd med sentrale føringar. Etter at revidert handbok for tilsyn kom våren 2010, har ein justert tilsynsmetodikken etter denne og tatt i bruk nye malar for tilsynsrapportar m.m. Tilsyn etter mai 2010 er gjennomført i samsvar med ny metodehandbok. Læreplantilsynet

som er under utvikling ved vårt kontor, er endra slik at instruksen for dette samsvarar med ny metodehandbok, og er bygd opp etter mønster av instruksen for FNT 2010/11.

Ei sentral målsetting har også vore å få best muleg effekt av tilsynsverksemda i form av auka grad av regeletterleving i kommunar og skular. Slik effekt har ein søkt å oppnå ved at tema for tilsyna ein gjennomfører også blir tatt opp på konferansar og kurs i same tidsrommet - det gjeld både før og etter tilsynet. Å spreie erfaringar frå tilsyna til andre kommunar som ikkje har hatt tilsyn, har vore ein viktig strategi. Som ein vil sjå av rapporteringa under, er denne strategien tydeleg når det gjeld fleire av tilsyna bl.a. opplæring for tospråklege elevar. Her har ein indikasjonar på god måloppnåing gjennom den kontakten ein har hatt med kommunane i ettertid.

### *Samla ressursbruk til tilsyn*

Det er gjort overslag over samla ressursbruk på tilsynsoppgåver. Grunnlaget for overslaget er ressursbruk til aktivitetar som deltaking på metodesamlingar, intern skolering, førebuing gjennomføring og oppfølging av tilsyna, informasjon om regelverket og deltaking i koordineringsarbeid. Dessutan har ein tatt med ressursbruk til utvikling av læreplantilsynet. Overslaget viser ein samla ressursbruk på vel 730 dagsverk eller ca 3 1/4 årsverk. Med 7,3 stillingar samla på utdanningsområde utgjer dette ca 45% av tilgjengelege ressursar. Ein vurderer såleis ressurskravet som oppfylt.

### *Det samla tilsynsarbeidet*

Utover FNT 2010/11 har ein følgt opp med tilsyn med fleire kommunar på tema for nasjonale tilsyn tidlegare år. Tilsyn etter oppl. § 8-2 vart gjennomført i 4 kommunar, og 3 fekk lovbroter/ avvik. Ein har også ført vidare tilsyn etter oppl. § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp til barn i førskulealder. Her fekk 1 av 2 kommunar avvik.

Utover dette har vi gjennomført dokumenttilsyn med 12 kommunar etter oppl. § 2-8 om retten til særskilt språkopplæring for tospråklege barn. Det vart her påvist lovbroter hos 10 skuleeigarar. Ved alle desse tilsyna førde ein også tilsyn med oppl. § 13-10 relatert til dei aktuelle paragrafane om elevrettar.

Avdelinga har arbeidd med å utvikle tilsyn med kommunane og skulane sitt lokale læreplanarbeid. Her har ein gjennomført pilottilsyn i 3 kommunar. Dette utviklingsarbeidet blir fullført neste år og er som kjent eit av dei nasjonalt prioriterte områda for tilsyn i 2011.

I tillegg gjennomførte vi tilsyn med kommunane om gruppestorleik, med innsendt rapport pr. 1. april 2010.

Vi har også hatt samhandling med Arbeidstilsynet med tanke på å samordne det statlege tilsynet mot kommunane. Vi har utveksla tilsynskalenderar og presentert og drøfta tilsynsform og -materiell.

### *Avvik som er mest utbredt*

Ved tilsyna etter § 8-2 er det typiske avviket at det faglege skjønnnet personalet i skulen skal gjere, blir utøvd på eit tilfeldig og usikkert grunnlag. Særleg gjeld dette når det skal avgjera kva som ligg i at organiseringa til vanleg ikkje skal skje etter fagleg nivå, kjønn eller etnisk tilhør. Kommunar manglar ofte system og retningslinjer for kva element som skal vurderast og rammene for skjønnsutøvinga.

Typiske avvik ved tilsyn etter § 5-7 er framleis manglar ved enkeltvedtaka. Ei utfordring er også utsydelig grenseoppgang mellom tilbod etter oppl. § 5-7 og særskilt tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne etter barnehageloven. Dette gjeld både for sakkyndige tilrådingar og vedtak.

Ved tilsyna med § 2-8 finn ein også hyppige avvik på manglar ved enkeltvedtaka. Gjennomgåande manglar går på at vedtaka ikkje gir nok informasjon til at dei som mottek vedtaket kan vurdere innhaldet i opplæringa. I mange tilfelle blir det gitt særskilt språkopplæring utan at det ligg føre enkeltvedtak. Ein finn også manglar ved grunngjevingane, særleg grunngjevingar for at det ikkje vert gitt morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller anna tilpassa opplæring. Systematikken rundt kartlegging av dugleik i norsk er også ofte for därleg.

Ein har sett etter samanhengar mellom kommunar som får/ ikkje får avvik og forhold som kommunestorleik, kompetanse, organisering, økonomi m.v. Det er vanskeleg å finne tydelege samanhengar mellom avvik eller ikkje avvik og dei fleste av desse faktorane. Den tydelegaste samanhengen finn ein mellom den kompetansen og kapasiteten kommunenivået har til rådvelde på det skulefaglege området. Dei minste kommunane manglar ofte nødvendig kapasitet og kompetanse. Likevel finn ein unnatak her.

### *Type informasjon ein har nytta som grunnlag for tilsynsarbeidet*

Erfaringar frå dei nasjonale tilsyna tidlegare år er ei viktig grunngjeving for at ein har sett behov for å føre tilsyn med fleire kommunar etter §§ 8-2 og 5-7. Informasjon og rettleiing rundt § 5-7 har vore tema på regionale samlingar med kommunane. Klagesakshandsaminga har også vist behov for informasjon og rettleiing om retten til spesialpedagogisk hjelp til førskolebarn og sakshandsaminga i samband med retten. Analyse av GSI-data har bl.a. vore grunnlaget for utveljing av kommunar etter §8-2. Vi har brukt resultat frå Elevundersøkelsen, eksamensresultat/grunnskulepoeng og nasjonale prøver som grunnlag for utveljing av skular og kommunar til bl.a. læreplantilsynet.

Analyse av GSI-tala viser store variasjonar mellom kommunane i fylket når det gjeld tildeling av undervisningsressursar til særskilt språkopplæring etter § 2-8. Dette indikerer at regelverket på området blir tolka ulikt og at risikoen for at elevrettar ikkje blir oppfylt var vurdert som rimeleg stor.

#### *Fylkesvise konferansar/ kurs om regelverk*

Sentrale arenaer for formidling av regelverket er forutan spesielle konferansar om ulike tema dei årlege dagsmøta med regionane på skule- og barnehageområdet, samt todagars-samlingar for skule- og barnehagefagleg ansvarlege vår og haust. Val av tema på desse arenaene er knytt til områda ein fører tilsyn på, og byggjer i tillegg på informasjonen ein får gjennom klagesakshandsaming og anna kontakt med kommunar og skular i fylket.

Følgjande illustrerer aktiviteten på området i 2010:

Regionsvise møte i januar 2010 hadde som eitt sentralt tema oppll § 5-7 og kva rettleiaren seier om praktiseringa av regelverket på området.

5.-6. mai 2010 arrangerte avdelinga fagsamling for skulefagleg ansvarlege i kommunane. Følgjande innhald galt regelverket: regelen om fysisk aktivitet i skulen, nye reglar om leksehjelp, regelverket om opplæring av minoritetsspråklege barn, unge og vaksne, minoritetsspråklege søkerar til vidaregåande opplæring, orientering om arbeidet i ”Østbergutvalget”.

23. september 2010 gjennomførte ein fylkeskonferanse om opplæring av minoritetsspråklege elevar. Dagens regelverk var sentralt tema på konferansen.

19.-20. oktober 2010 arrangerte avdelinga fagsamling for skulefagleg ansvarlege i kommunane. Regelverket var sentralt tema og ein nemner stikkjordsvis frå innhaldet: kravet om beredskapsplanar, tilsynsrollar, erfaringar frå tilsyna i 2010 med vekt på FNT 2010/11, regelverket om elevvurdering og eksamen og regelverket om skuleskyss. Ein trekte inn kommunane til å innleie om erfaringar med bruk av regelverket på ulike område.

28.-29. oktober arrangerte ein i samarbeid med Sogn og Fjordane regelverkssamling om grunnskoleopplæring for vaksne inkludert spesialundervisning, vidaregående opplæring, realkompetansevurdering, basiskompetanse/ lokal læreplan m.m.

20. oktober 2010 arrangerte ein i samarbeid med IMDI kurs for lærarar i voksenopplæringa for innvandrarar med tema vurdering og arbeidsretta norsk.

Tilsynsobjekt:	<b>Gjemnes kommune - Batnfjord skule</b>
Paragraf(er):	Oppll. § 8-2
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Haram kommune - Brattvåg barneskole og Brattvåg ungdomsskole</b>
Paragraf(er):	Oppll. § 8-2
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja

Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Hareid kommune</b>
Paragraf(er):	Opp. § 5-7
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Herøy kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opp. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Kristiansund kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opp. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Midsund kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opp. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Molde kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opp. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	
Tilsynsobjekt:	<b>Møre og Romsdal fylkeskommune</b>
Paragraf(er):	
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	Ja
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Nesset kommune - Eidsvåg barne- og ungdomsskule</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 8-2
Lovbrudd:	Nei
Type:	Stedlig
Paalegg:	Nei
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Rauma kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Nei
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Nei
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Rauma kommune - Åndalsnes barneskole og Åfarnes skole</b>
Paragraf(er):	Lokalt læreplanarbeid jf. oppl. § 1-1, 2-3 og forskrift 2-1 og 3-1, og forsvarlig system jf. oppl. § 13-10 andre ledd.
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	Utprøving av tilsyn med lokalt arbeid med læreplanar

Tilsynsobjekt:	<b>Rindal kommune - Øvre Rindal Skole og Rindal skole</b>
Paragraf(er):	Lokalt læreplanarbeid jf. oppl. §§ 1-1, 2-3 og forskrift 2-1 og 3-1, og forsvarlig system jf. oppl. § 13-10 andre ledd.
Lovbrudd:	Nei
Type:	Stedlig
Paalegg:	Nei
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	Utprøvingstilsyn på skulane sitt arbeid med lokale læreplanar

Tilsynsobjekt:	<b>Sande kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Smøla kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig

Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Sula kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Sunndal kommune</b>
Paragraf(er):	oppl. § 5-7
Lovbrudd:	Nei
Type:	Stedlig
Paalegg:	Nei
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Surnadal kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Nei
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Nei
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Sykylven kommune - Ullavik skule og Sykylven ungdomsskule</b>
Paragraf(er):	Lokalt læreplanarbeid jf. oppl. §§ 1-1, 2-3 og forskr. 2-1 og 3-1, og forsvarleg system jf. oppl. § 13.10
Lovbrudd:	Ja
Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	Utpрøvingstilsyn på skulane sitt arbeid med lokale læreplanar.

Tilsynsobjekt:	<b>Ulstein kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Volda kommune - Øyra skule og Volda ungdomsskule</b>
Paragraf(er):	Oppl. § 8-2
Lovbrudd:	Ja

Type:	Stedlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Ja
Publisert:	<a href="#">Ja</a>
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Ørskog kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opply. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	

Tilsynsobjekt:	<b>Ålesund kommune - Alle skulane i kommunen</b>
Paragraf(er):	Opply. § 2-8
Lovbrudd:	Ja
Type:	Skriftlig
Paalegg:	Ja
Avsluttet:	Nei
Publisert:	Nei
Kommentar:	

## 31.2 Klagesaksbehandling

### Klage på eksamenskarakter i sidemål

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt det landsdekkjande ansvaret for klage på eksamenskarakter i norsk sidemål. Klagenemnda behandla i møte 5. og 6. juli dei 409 klagene som kom oss i hende til møtet. 10 klager kom for seint og blei behandla tidleg i september. Vi henta inn 27 medlemmer til klagenemnda frå til sammen 3 fylke. Det var fagpersonar som hadde deltatt som sensorar i norsk under årets eksamen.

Som tidlegare år blei rundt 5 % av klagene feilsendt frå skulane, enten til fylkesmannen i eige fylke eller til Fylkesmannen i Oslo og Akershus som hadde ansvar for klagene i norsk hovudmål. Dette medfører ein del ekstra arbeid og ikkje minst seinare sakshandsaming. Det er også ei utfordring at rektor eller andre personar i administrasjonen ofte ikkje er tilgjengelege i juli for spørsmål i samband med innsende klager.

### Klage på standpunktakarater

Talet på klager på standpunktakarater har vore nokså stabilt dei siste åra (i overkant av 100). Halvparten av innkomne klager gjaldt dei praktisk-estetiske faga kroppsøving, mat og helse, kunst og handverk samt musikk. Kroppsøving og mat og helse har toppa lista over tal klager dei siste tre åra.

31 % av klagene blei sendt tilbake til skolen for ny vurdering. Dette er likt med nivået i 2009. Av dei klagene som vart sendt attende til skolen for ny vurdering, fekk 59 % heva karakteren. Alt i alt fekk 18% av klagarane heva karakteren.

### Klage teiknspråkopplæring § 2-6:

Vi har drøfta slike saker med aktuelle skolar/kommunar, men vi har ikkje hatt slike saker til ordinær klagebehandling.

### Klage spesialpedagogisk hjelp for førskolebarn § 5-7:

Dette er klagesaker som krev mykje tid og rettleiing frå vår side. Kunnskapen om grensegangen mellom barnehagelova og opplæringslova er ofte fråverande i slike saker. Som det går fram av tabellen, var det 5 klagesaker som ikkje fekk medhald, medan 9 klagesaker fekk delvis medhald. Dei klagesakene som fekk delvis medhald, fekk stadfestat eit mellombels vedtak - men med tilbakesending til kommunen for ny utgreiing, ny saksgang og nytt vedtak.

**Klage på vidaregåande skole**

Vi har behandla nokre klager frå elevar/foreldra på vidaregåande skular. Den gjeld klage på inntak til vidaregåande + klage på ekstra år. Vi viser til vedlagte tabell med oversikt over klagesakene.

**Generelt:**

*Mange saker må vi sende tilbake til kommunen for ny behandling fordi dei manglar dokumentasjon eller at kvaliteten på dokumentasjonen ikkje oppfyller minimumskrava. Svært mange saker kjem svært seint – vi oppmodar kommunane til å sende inn sakene før 1. juni slik at dei er klare i god tid før skulestart, men over halvparten av klagane har kome etter 1. august. Dette siste gjeld særleg for spesialundervisning.*

**Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)**

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Vurdering (standpunkt), kap 5 i forskriften	103	71	32	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	8	1	2	5	§ 9a-3: "Annet" er saker vi sender attende til kommunen for nye utgreiingar/saksgang. Saker som kan vedvare lenge, og som krev svært mykje tid og omtanke frå fylkesmannen.
Særskilt språkopplæring, § 2- 3 8		2	1	0	
Skyss, § 7-1	10	3	7	0	
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	2	1	1	0	
Skoleplassering, § 8- 1 1		0	1	0	
Spesialundervisning, § 5-1	18	4	8	6	§ 5-1: Annet tyder: Saker som vi har sendt attende til kommunen fordi sakene har vore mangelfull og/eller feilbehandla. Slike saker krev også svært mykje arbeid/rettleiing frå fylkesmannen. § 4-A-2: For 6 av desse sakene gjorde vi eit mellombels vedtak, medan vi bad kommunen gjere nye utgreiing, ny saksgang og nye vedtak for 5 av sakene.
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	7	6	1	0	
<b>Sum</b>	<b>152</b>	<b>88</b>	<b>53</b>	<b>11</b>	

**Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)**

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Inntak, § 3-1 sjette ledd	1	0	1	0	
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	1	0	1	0	
<b>Sum</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	

**Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)**

Type Klage	Sum innkomne saker	Medhold/Delvis medhold	Avslag	Annet	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	14	9	5	0	

Sum	14	9	5	0
-----	----	---	---	---

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem, GSI

Utdanningsavdelinga har som tidlegare år sett til at det ligg føre data frå alle kommunane og private skolar. Vi har kvalitetssikra data og følgd opp feilmeldingar.

Vi har deltatt på møte i Udir og nettverksmøte i Sørvestsamarbeidet.

Vi har bidratt til vidareutvikling av GSI gjennom innspel til Utdanningsdirektoratet via representant for Sørvest i fagnemnda.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynstemaet, samanstilt dei og brukte dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

For skoleåret 2009/10 var det 16 grunnskolar som først såg ut til å bryte Stortinget sine føresetnader om gruppestørrelse. Etter at Fylkesmannen hadde gått gjennom GSI-tala for desse skolane, var det 12 skolar som meldte om feilregistreringar i GSI. Tre kommunar og ein privatskule fekk tilsynsbrev. Ut frå svara på breva vurderte Fylkesmannen tilhøva som tilfredsstilande.

Vi viser elles til elektronisk rapport til Utdanningsdirektoratet.

### 31.4 Informasjon og veiledning

#### Lov- og regelverk

##### Oppl. kap. 5

FMMR sender ut eit årleg skriv om spesialundervisning til kommunane og PPT med oppsummering av resultat frå klagesaker året før, samt rettleiing til saksgang av nye klagesaker. I samband med vår klagesaks-behandling på spesialundervisning, viser vi ofte til både den nasjonale "veilederen" på området, samt til vårt skriv om spesialundervisning. FM har også deltatt på møte med enkeltkommunar i 2010, der reglane om spesialundervisning og klagebehandling har vore tema. - Elles var oppfølging av *Midtlyngutvalget* tema på FM si samling for skolefagleg ansvarlege og PPT våren 2010.

##### Oppl. kap. 9A

Ved våre møtepunkt med kommunane og PPT, er kap. 9A eit tema det blir informert om, både det som vedkjem dei formelle sidene av ein saksgang, samt aktuelle utviklingsprosjekt og aktuelt fagstoff. "Veileder" for kap. 9A, har vi prøvd å informere om på ein slik måte at kommunane og skolane skal kunne bruke denne som "kunnskapsbase" ved sitt arbeid med skolemiljøet (jf. § 9a-4) og ved den saksbehandlinga som skal gjennomførast ved enkeltvedtak (jf. 9a-3).

##### Oppl. § 2-8

Vi har stadig "henvendelser" fra kommunar/skolar/foreldre om retten til særskild språkopplæring for minoritetsspråklege elevar. Særleg gjeld dette ved nyankomne elevar til skolen (gjerne ofte midt i skoleåret) og ved overgang til vidaregående opplæring. Fylkesmannen har godt samarbeid med fylkeskommunen på dette området.

Regelverket om opplæring av språklege minoritarar (barn/unge/vaksne) - saman med Østbergutvalet si delinnstilling - var tema på samling med kommunane våren 2010. Regelverket om opplæring av minoritets-språklege elevar var også tema på ein eigen konferanse for grunnskolar, vgs, vo og PPT hausten 2010, der innstillinga frå Østbergutvalet vart gjennomgått.

Oppl. § 2-8 har også vore gjenstand for skriftleg tilsyn med 12 kommunar i 2010.

##### Oppl. kap. 4A

FM fekk i oppdrag å arrangere regionale konferansar om Regelverket i oppl. kap. 4A. Oktober 2010 arrangerte vi ein slik konferanse over 2 dager i Loen saman med Fylkesmannen i Sogn & Fjordane. Tema var grunnskoleopplæring for vaksne, spesialundervining på grunnskolen sitt område for vaksne, vidaregående opplæring for vaksne, realkompetanse, BKA-programmet og lokal læreplan i basiskompetanse for vaksne

innvandrarar. Om lag 50 deltararar deltok frå kommunar, vaksenopp-læringsentra og PPT i dei to fylka. Kvart embete fekk 110.000 kroner til å dekkje konferansen med. FMSF tok hotellrekninga for alle deltararane, samt utgiftene for føredragshaldarane. FMMR tok nokre reiseutgifter og utgifter for materiell, resten vart tilbakeført til Udir.

### **Rettleiing til skoleeigarar i samband med utarbeiding av tilstandsrapport og funksjonalitet i Skoleporten**

Dette er omtalt under resultatområde 32.3

### **"Bistand" til Udir i arbeidet med rettleiarkorps**

Dette er omtalt under resultatomrde 32.4

### **Informasjon om "Bedre læringsmiljø"**

Utdanningsdirektoratet "bidro" med informasjon om den komande satsinga på "Bedre læringsmiljø" på ei samling med skolefaglege ansvarlege og PPT i 2009. Målet var å arrangere ein regional konferanse om dette temaet hausten 2010, noko som vart utsett til nyåret 2011, då den vellukka konferansen vart halden i Trondheim med over 400 deltararar til stades, derav 72 frå M&R (dei fleste frå Nordmøre). FM vil gjennom vår eigen heimeside gjere Utdanningsdirektoratet si nettside om læringsmiljøet betre kjent, noko vi også set fokus på i vårt arbeid med tilsyn, klage og telefonsamtalar med kommunane.

## **31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

Oppgåvene er utførte i samsvar med oppdraget. Vi har god kompetanse på feltet med røynde medarbeidarar og har brukt ca 50 vekesverk på arbeidet med nasjonale prøver, elektroniske kartleggingsprøver og eksamen.

### *PAS/PGS*

Brukaradministrasjon og brukarstøtte har krevd mykje tid, m.a. fordi brukarstøtta ikkje alltid fungerer på underliggende nivå. Enkeltpersonar kontaktar ofte fylkesmannen direkte når skoleeigar og skolane si brukarstøtte ikkje fungerer.

Det er likevel slik at brukarane i løpet av 2010 har fått meir kompetanse i bruk av PAS samstundes som systemet etter kvart er blitt sikrare og meir stabilt. Udir sin teneste, PAS-hjelpen, er eit viktig bidrag til vår brukarstøtte og har også fungert godt, m.a. fordi svar på viktige spørsmål kjem forholdsvis raskt.

### *Nasjonale prøver*

Arbeidet med nasjonale prøver er følgd opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer. Nokre få skolar fekk av ulike grunnar ikkje registrert resultata innan fristen.

Systemet for registrering av elevar med fritak frå nasjonale prøver ser ut til å fungerer betre enn tidlegare, noko som gir auka kvalitet på statistikken. Vi ser at andelen fritak i fylket ligg omtrent på landsnivå. Ut frå dette har vi ikkje funne grunn til å setje inn tiltak overfor skoleeigarar i fylket.

Fylkesmannen nyttar i stor grad resultata frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skoleeigarane.

### *Eksamens i grunnskolen*

Eksamens i grunnskolen vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer.

Til sentralt gitt eksamen hadde vi ansvar for sensur i faga norsk og engelsk for eksamensregionen Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi registrerte ingen avvik for kandidatane som følgje av utfordringane med bruk av PAS på alle nivå.

Informasjon om eksamen etter LK06 vart gitt til kommunane og skolane m.a. via eit informasjonsmøte i februar.

Sensorskolerings vart gjennomført som fagdag i samband med fellessessurmøtet i tillegg til lunsj-til-lunsj-samling i mai med fagpersonar frå Udir og fra fagutvalet.

Fellessessuren blei gjennomført etter retningslinjene. Ei ny utfordring var at alle sensorane måtte ha tilgang til PC. Dette løyste vi med at dei fleste sensorane hadde med eigne PCar. Nettverket var sikra via særleg avtale med

nettleverandøren.

Lokalt gitt eksamen vart gjennomført i fylket slik at skoleeigar tok heile ansvaret for gjennomføringa og sensorfordelinga. Interkommunalt og regionalt samarbeidet om sensorar fungerte godt for dei fleste kommunane.

Fleire regionar gjennomførte også skolering av munnlege sensorar.

Vi har oppdatert ein rettleiar for klage på standpunkt i samarbeid med Sørvestfylka.

#### Vidargåande opplæring:

Eksamens i vidaregåande skole vart gjennomført etter gjeldande, nasjonale retningslinjer, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret.

Når det gjeld lokalgett eksamen, har vi planlagt brevtilsyn på fylkeskommunen og eit utval av skular for å få ein grundig gjennomgang av korleis dei sikrar at lov og regelverk vert følgd. Elles har vi godt samarbeid med utdannings-avdelinga hos fylkeskommunen om arbeidet på dette området, og har hatt møte om temaet.

Vi har kontrollert at kartleggingsprøvene vart gjennomført og har følgd opp dette med fylkeskommunen.

Gjennom PAS-hjelpen og kontakt med vurderingsavdelinga i Udir tar vi opp praktiske problem og andre utfordringar med gjennomføring av sentrale prøver og eksamener.

Særskild Rapportering	JA	NEI	Øvrige kommentarer
1. Benytter embetet informasjonen som fremkommer ved avvikling av prøver og eksamener i tilsynsarbeidet?	X		Informasjon frå eksamen har i nokon grad vore brukt i tilsynsarbeidet.

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra lands-gjennomsnittet totalt eller på enkelprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
2. Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltagelse på nasjonale prøver	Andel fritak for elevane i Møre og Romsdal ligg på landsgjennomsnittet, totalt og på enkelprøver.	To kommunar har høg andel fritak på 5. trinn.	Begge kommunane har høg andel asylsøkere og arbeidsinnvandrar i tillegg til ein del elevar med IOP. Begge kommunane har hatt enkeltvedtak for dei elevane som har fått fritak.	Fylkesmannen har hatt samtale med skoleeigar i begge kommunane.

## 31.7 Tilskuddsforvaltning

### Kap 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet, jfr Rundskriv UDir -tilskot-7-2005 samt reviderte retningslinjer frå 01.01.09. I 2010 hadde Møre og Romsdal 8 kommunar med asylmottak.

Utbetaling i 2010 var totalt på kr 9 357 550,- for hausten 2009 og våren 2010. Kontrollert søknader frå kommunane opp mot DUF nr som vi har fått tilsendt frå UDI over barn registrert i asylmottak i det aktuelle tidsrom det er søkt tilskot for. Rapportert på tertialrapport til Udir.

### Kap 225 post 66 Tilskot til leirskuleopplæring

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Udir, jfr Rundskriv UDir-tilskot-4-2005 samt reviderte retningslinjer frå 01-01-09.

Utbetalt etter søknad frå kommunane 2 gonger i 2010, vår og haust. Kontroll er utført og rapportert på tertialrapport til Udir.

Det var utbetalt kr 2 489 996,- i 2010.

### **Vurdering utfrå ressursar, kompetanse, metodikk, strategi og andre forhold:**

Vi har personar med god kompetanse på området. Vi har i 2010 tilsett ein person ekstra på engasjement som bl.a. har arbeidd med tilskotsforvaltning. Dette har gjort at vi har vore mindre sårbare mot sjukmeldingar/fråver osv. Men i 2011 har vi berre ein person som arbeider på dette feltet. Etter at vi har reetablert fylkesmannsembetet etter einskapsfylkeforsøket, arbeider vi med å sjå tilskottssordningane i embetet meir i samanheng og kan då drøfte meir samarbeid mellom avdelingane, og dermed bli mindre sårbare ved fråver.

## **Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen**

### **32.2 Kompetanseutvikling**

#### **Arbeidet med etter- og vidareutdanning 2010**

FM har informert skoleeigarane og andre om nasjonale satsingsområde innan kompetanseutvikling 2010. Dette i form av møte, skriv, e-postar, telefon og bruk av heimesida vår. Der samlar vi all aktuell informasjon på dette området under menyen: "Etter- og vidareutdanning". Vi har årleg 4 regionale møte med kommunane i januar og samling med privatskolane i februar, der kompetanseutvikling er fast tema. I tillegg har vi 2 fylkes-samlingar per år med kommunane og 3-4 møte i året med dei regionale kontaktpersonane, samt GNIST-møte der etter- og vidareutdanning er blant dei prioriterte områda.

#### **Vidareutdanning**

67 lærarar starta på vidareutdanning hausten 2010 - ein auke på 7 deltagarar frå hausten 2009. 26 av desse starta på studiet hausten 2009, medan 41 var nye studentar hausten 2010.

44 av lærarane er tildelt gratis studieplass - av i alt 117 frikjøpte studieplassar for M&R. Leseopplæring, rådgiving og kjemi fylte opp kvoten sin, medan praktisk-estetiske fag og yrkesfaglege område var dårlegast representert. Desse lærarane tar 15 stp per semester.

23 lærarar starta på andre studie-/plassar med dekt vikarmidlar og evt. studieavgift. Desse lærarane tar frå 7,5 til 15 stp per semester. Lokalt prioriterte fag/område er spesialpedagogikk, norsk som andrespråk, montessoripedagogikk, spansk, teiknspråk og naturfag.

Mange som hadde starta på matematikk v/NTNU, gjekk over til Høgskulen i Volda. Det er eit sakn at ikkje Volda har tilbod om matematikk innanfor dei frikjøpte studieplassane. Likeeins saknar ein tilbod om engelsk i fylket.

Av 37 kommunar (inkl. fylkeskommunen) hadde 26 kommunar frå 1-11 lærarar på vidareutdanning i 2009 og 28 kommunar frå 1-11 i 2010. 9 kommunar har ikkje deltatt i den nye vidareutdanningsstrategien korkje i 2009 eller i 2010. Grunngjevinga for dette er dårleg kommuneøkonomi, samt at det gjennom denne strategien tar alt for lang tid å få vidare-utdanna dei lærarane som kommunen har bruk for. Til samanlikning har Høgskulen i Volda om lag 700 studentar i eigen regi på vidareutdanning innan ulike fag/område.

Kommunane i M&R ønskjer å få tilbake den regionale, modulbaserte etter- og vidareutdanningsmodellen som hadde funne si form i M&R før *Strategi for kompetanse* vart lansert - alternativt at finansierings-modellen blir endra, slik at kommunane får råd til å sende fleire lærarar på vidareutdanning.

#### **Etterutdanning**

Medan Møre og Romsdal vart tildelt om lag 12 mill kr i 2009, vart dette beløpet halvert i 2010. Til saman 6,2 mill kr er etter søknad fordelt på alle kommunane, fylkeskommunen og 8 privatskolar i 2010 (4,6 mill kr våren 2010 og 1,6 mill kr hausten 2010). Ved søkerundan våren 2010 fekk vi inn søker for 3 x beløpet som var tildelt fylket. Dei statlege satsingsområda vart hovudsakleg prioritert med midlar, samt regionalt samarbeid om etterutdanning innan matematikk og engelsk.

#### **Rapportering i 2010 (på bruken av midlane i 2009)**

Den elektroniske rapporteringa i 2010 var komplisert for M&R sitt vedkomande, då malen ikkje passa tildeelinga vi gjorde i 2009 i høve vår prosentvise tildeiling av etterutdanningsmidlane til ferdigstilling av påbegynt vidareutdanning. Når det gjeld vidareutdanning, bør det kan hende rapporterast både på vikarmidlar og evt. studieavgift.

Ved rapporteringa i 2010 etterlyste kommunane manglande rubrikk for overføring av etterutdanningsmidlar frå eitt år til eit anna, samt rubrikk for merknader. For FM er det vanskeleg å kontrollere at den tildelte summen stemmer når kommunane skal rapportere på bruken av midlar i kalenderåret og dei ikkje har brukt opp alle midlane. Det bør derfor vere ein rubrikk for ubrukte midlar om hausten som blir overført til bruk våren året etter.

## **GNIST**

GNIST-partnarskapen i Møre og Romsdal vart etablert november 2009 med representatar frå alle sentrale partar i fylkesgruppa, og representantar frå Fylkesmannen, KS, Fylkeskommunen, kommunane, Utdanningsforbundet og Høgskulen i Volda i arbeidsgruppa.

Av dei 9 sentrale GNIST-tiltaka er følgjande område prioritert både i 2010 og 2011: 1) *Rekruttering av lærarar*, 2) *Rettleiing av nyutdanna lærarar* og 3) *Etter- og vidareutdanning*. Fylkesmannen har hatt sekretariatansvaret og kalla inn til 6 møte i 2010. Representantar frå GNIST M&R har elles delteke på eit sentralt GNIST-møte i Oslo, samt ein pressekonferanse i Giske kommune om lærarrekruttering til Høgskulen i Volda. Vi har også kartlagt rettleiing av nyutdanna lærarar i kommunane, men fekk svar berre frå 25 av 36 kommunar, så resultatet gav eit ufullstendig bilde.

## **32.3 Skoleporten**

Vi har informert om Skoleporten på møte med skoleeigarane. På dei regionale møta vi har i januar med kommunane har vi ein sekvens med statistikk og analyse og bruker då Skoleporten for å vise korleis vi kan bruke data. I 2010 gjennomgikk vi verktøyet for tilstandsrapportering. 5. mars arrangerte vi fylkeskonferanse i samarbeid med Utdanningsdirektoratet der temaet var verktøy for skoleutvikling. M.a. Skoleporten og verktøy for tilstandsrapportering stod på programmet.

For å kunne rettleie kommunene er det til stor hjelp at fylkesmannen har fått tilgang til tilstandsrapporteringsverktøyet. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt t.d. til bruk ved tilsyn,

Bortsett frå brukarstøtte knytt til UBAS har rettleiing gjennom telefon og epost avtatt noko det siste året. Det verkar som sektoren er blitt vande med verktøyet og brukar det jawnleg, særleg etter at det har komme ferskare tal i Skoleporten.

Stipulert ressursbruk er omlag 3 vekeverk.

Vi har god kompetanse på området med medarbeidarar som har lang erfaring i skoleutviklingsarbeid og god kompetanse i bruk av digitale verktøy. Vi har bedd alle kommunane om å få tilsendt tilstandsrapportane som vi skal legge ut på vår heimeside til erfaringsspreiing. I tillegg vil vi foreta ei analyse av alle tilstandsrapportane.

### **1. Har embetet oppdatert brukerstøtte- og veiledningsfunksjon?**

Ja

### **Øvrige kommentarer**

To personar har deltatt på Udir sine møte / skolering der oppdatering og bruk av Skoleporten har vore tema.

### **2. Benytter embetet Skoleporten i tilsynsarbeidet?**

Ja

### **Beskriv hvordan**

Vi tar ut relevant informasjon og tabellar som grunnlagsmateriale før tilsyn. I møte med kommunane viser vi også sammenlikningar av data mellom kommunane og grupper av kommunar.

### **3. I hvilken grad brukes Skoleportens elementer i lokal kvalitetsvurdering?**

Kvalitetsrapporten er godt mottatt av kommunane. Vi har gjennomgått verktøyet i møte med kommunane og har bedt kommunane om tilbakemelding på bruk av verktøyet. Vurderingane er stort sett positive.

4. Innspill fra embetet til forbedringer av Skoleporten:

## 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

### Rettleiarkorps

FMMR informerte om og deltok på Utdanningsdirektoratet si rettleiarsamling i Ålesund september 2010, der 11 aktuelle kandidatar frå kommune- og skolenivå i Møre og Romsdal deltok, samt 4 frå Sogn og Fjordane. Av desse er 8 deltakarar frå M&R og 1 frå S&F komne med i det nasjonale rettleiarkorpset til hjelp for kommunar som ønskjer ekstern rettleiing i sitt vidare arbeid med kvalitativ utvikling av skolen.

Både fylkesmannen og rettleiarkorpset deltok på den nasjonale oppstartsamlinga i Oslo november 2010, samt at deltakarane i rettleiingskorpsen har vorte skolert i regi av Utdanningsdirektoratet desember 2010. Elles har vi utført arbeidet i samsvar med oppdraget.

### Erfaringar med læreplanane

Fylkesmannen har i samarbeid med Udir - utvikla instruks/mal for tilsyn med lokale læreplanar. Tilsaman har vi gjennomført prøvetilsyn med 3 kommunar og 6 skular i 2010. I møte med kommunane har vi delt dei erfaringane vi har hatt med dette tilsynet. Vi får gjennom tilsynet god kjennskap til korleis skuleeigarane og skulane arbeider med dei lokale læreplanane. Eit generelt inntrykk som skulane formidlar, er at det lokale læreplanarbeidet har medført endra praksis i klasserommet der lærarane har vorte meir målfokusert og strukturerte i si undervisning. Samstundes uttrykker skuleleiarane og lærarane at det lokale læreplanarbeidet har krevd mykje tid. Den nye læreplanen krev eit langt meir omfattande planleggingsarbeid lokalt samanlikne med tidlegare læreplanar. På den eine sida blir dette framheva som positivt. Ein får god kjennskap til læreplanen og eigarskap til lokale og eigne planar. På den andre sida er det mange som meiner at skulen manglar den kompetansen som er naudsynt for å utvikle gode lokale læreplanar og at LK06 gjev for lite grunnlag å arbeide vidare ut i frå. Mange ynskjer derfor at læreplanen frå sentralt hånd var meir utvikla og meir konkretisert.

### Dr. Sonjas skolepris

FM har informert om Dr. Sonjas skolepris i både paipr- og elektronisk utgåve, men ingen kommunar søkte om deltaking.

### Kartlegging av årsaker til skolenedlegging i M&R.

Med bakgrunn i oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet av 12.1.2010 har fylkesmannen gjennomørt ei kartlegging av nedleggjinger og årsaker til nedleggjinger av skolar i Møre og Romsdal. Rapport over kartlegginga vart oversendt direktoratet 26.3.2010.

### Forsøk med arbeidslivsfag

Vi har tre kommunar som deltek i forsøket med arbeidslivsfag frå hausten 2010.

Kristiansund kommune representert ved Atlanten ungdomsskule (30 elevar), Frei ungdomsskule (29 elevar) og Nordlandet ungdomsskule (22 elevar), Vanylven kommune representert ved Myklebust barne- og ungdomsskule (32 elevar), Åheim skule (11 elevar) og Fraena kommune representert ved Fraena ungdomsskule (28 elevar), Bud barne- og ungdomsskule (8 elevar) og Hustad barne- og ungdomsskule (6 elevar).

Samla frå dei tre kommunane utgjer dette 31,5% av elevane på 8 trinn. Dette er ein høgare prosent enn det kommunane blei garantert midlar til, noko som seier at det er eit populært forsøk som blei godt motteken.

FM og dei tre utvalde kommunane var alle representert ved den nasjonale konferansen i Oslo våren 2010.

FMMR arrangerte regional oppstartssamling for dei involverte kommunane/skolane og aktuelle samarbeidspartar hausten 2010. Finansiering av samlinga og reiseutgifter for skolane blei belasta over kapittel 226 post 21. Kommunane og skolane har alle vore i kontakt med oss med spørsmål om å få ta i bruk "Arbeidslivsfaget" også for dei elevane som tek til på 8 trinn hausten 2011.

### Forsøk med framandspråk på barnetrinnet

3 kommunar med til saman 4 skolar starta forsøk med framandspråk for elevar på 6. årstrinn hausten 2010. Øye skule i Surnadal har 3 grupper med til saman 50 elevar (tysk, fransk og spansk), Valderøy og Vigra skule i Giske har høvesvis 25 og 15 elevar i spansk, og Bjørkedal Nærskule (privat) i Volda har 9 elevar i spansk. Elles har vi utført arbeidet i samsvar med oppdraget.

### **Vurdering av feltet i forhold til ressursbruk, kompetanse m.m.**

Vi har god kompetanse på dette feltet so gjer at arbeidet vert gjort effektivt og godt, og meiner vi har utført arbeidet i samsvar med oppdraget.

## **32.5 Tiltak innen tilpasset opplæring og spesialundervisning - kap. 230.01**

Vi har behandla 45 klagesaker om spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1, 5-7 og 4A-2. Vi har gitt medhald i 15 klagesaker, medan vi for 30 klagesaker har stadfesta kommunen sitt vedtak, og/eller sendt saka attende til kommune til ny saksgang og behandling.

Kvart år lagar vi eit eige "Informasjonsskriv" der vi oppsummerer siste års klagebehandling - og med bakgrunn i denne erfaring gir råd til skolane/kommunane/PPT som vedkjem arbeidet/saksbehandlinga på dette saksområdet for komande år. Dette informasjonsskrivet knyter vi i kommentarar og utgreningar nært opp til "Veileder" for kap. 5.

Kap. 5 er elles eit gjennomgåande tema ved fleire av våre møter med kommunane og PPT, både ved samlingar fylkesvis og ved møte i regionane og kommunane. Eit tema som er tilbakevendande, er grensegangen mellom spesialpedagogisk hjelp i opplæringslova og rettane for funksjonshemma barn i barnehagelova.

Mykje tid har også gått med til rettleiing til skuleleiarar/skuleeigarar gjennom telefon og e-postar. Kompetansen på kommunenivå er mangelfull.

## **Resultatområde 33 Tilsyns- og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet**

### **33.1 Tilskuddsforvaltning**

#### **Kap 231 post 60 Statstilskot til drift av barnehagar, jfr Rundskriv F02/2010**

Kontroll av årsmelding barnehagar pr 15.12.09 i Basil og Fylkesmennenes tilskotsprogram av 323 barnehagar. Gjort vedtak for desse og sendt ut vedtaksbrev om tilskot til drift for 2010.

Søkt om belastningsfullmakt til departementet 2 gongar. Forskotsutbetaling til kommunane for januar, februar og mars med avrekning i april. Har behandla 177 endringsmeldingar og 2 opningsmeldingar. 9 avslag på søknad om endring i statstilskot. Har motteke 1 klage på vedtak om statstilskot til drift for 2010 som ligg til behandling.

Totalt utbetalet statstilskot til drift for 2010 kr 965 834 495,-

#### **Kap. 231 post 61 Investeringstilskot**

Det er i 2010 tildelt i alt kr. 3 196 373,- i investeringstilskot til seks barnehagar i fire kommunar. Det var søkt om, og innvilga ei samla belastningsfullmakt på kr. 6 500 000,- for 2010.

Fylkesmannen har avslått tre søknader, medan ein søknad ikkje vil bli behandla før formelt vedtak om godkjenning ligg føre. I ei sak har fylkesmannen bede kommunen om utfyllande saksopplysningar før vedtak vert fatta.

Det har ikkje kome inn klage på vedtak om investeringstilskot i 2010.

Kunnskapsdepartementet fatta i 2010 vedtak i ei klagesak som galdt tilskot for 2008. Departementet opprettheldt vedtaket som fylkesmannen hadde fatta i saka.

Ved årsskiftet sto det registrert 4 ubehandla saker i postjournalen. 3 av desse kom inn i desember. Den fjerde søknaden har fylkesmannen i utgangspunktet avslått, men det har i lengre tid pågått korrespondanse for å få klarlagt eventuelt tilskotsgrunnlag. I tillegg til desse 4 sakene har fylkesmannen sendt to saker attende til kommunen avdi godkjenningsdokumenta for dei omsøkte lokala ikkje var tilfredsstilande.

Følgjande tabell viser utviklinga i utbetalt investeringstilskot i Møre og Romsdal dei siste åra ( mill. kr):

**2007 2008 2009 2010**

12,3	4,5	9,7	3,2
------	-----	-----	-----

Den sterke nedgangen i 2008 kjem av at store saksmengder på andre område førte til at tilskot på til saman 6,5 mill. kr. dette året vart liggjande over til 2009. Korrigert for dette ville ein ”reell” tabell synt ein jann nedgang i utbetalingane for heile perioden.

### **Kap. 231 post 62 Tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne i barnehagen**

Utbetalt kr 43 221 237,- i samsvar med oppdrag og belastningsfullmakt.

### **Kap.231 post 63 Tilskudd til tiltak for å betre språkforståing blandt minoritetsspråklege barn i forskulealder**

Innhenta talet på minoritetsspråklege barn i forskulealder frå alle kommunane etter årsmelding 15.12.09 og oversendt til KD.

Utbetalt kr 3 010 201,- i samsvar med oppdrag og belastningsfullmakt.

### **Kap 231 post 64 Tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale**

Det er i 2010 tildelt i alt kr. 2 180 000,- i tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale til 4 barnehagar i 3 kommunar. Det var søkt om, og innvilga ei samla belastningsfullmakt på kr. 2 750 000,- for 2010. Fylkesmannen har avslått ein søknad. I totalsummen inngår ei dobbeltutbetaling på kr. 250 000,- til ein barnehage. Korrigert for dette er reelt tildelt sum for 2010 kr. 1 930 000,-.

Kommunen har gjort fylkesmannen merksam på feilutbetalinga, som no er betalt attende.

Fylkesmannen mottok i 2010 ein klage på vedtak om tilskot til faste plassar i mellombelse barnehagelokale. Saka ligg enno til behandling i departementet.

Det var ingen ubehandla søknader ved årsskiftet, men ei sak var send attende til kommunen av di dei mellombelse lokala ikkje var godkjende for heile perioden fram til overflytting til permanente lokale.

I 2009 vart det tildelt kr. 2 000 000,- til 7 barnehagar. Utbetalingane i 2008 og 2007 var på kr. 410 800,- og kr. 882 000,-.

### **Kap. 231 post 65 Skjønnsmidlar til barnehagar i 2010.**

Har foretatt 3 utbetalingar av skjønnsmidlar i 2010 i samsvar med oppdrag og belastningsfullmakt, totalt kr 278 241 798,-

### **Fylkesmannen sitt tilskotsprogram for 2010 :**

66 nye barnehageplassar etter opningsmelding og 469 nye barnehageplassar etter endringsmelding i 2010.

### **Tilskotskontroll**

Vi gjennomfører ei grundig saksbehandling som innebærer ein kontroll i seg sjølv. I tillegg har vi gjennomført stikkprøvekontrollar på følgjande område: Kap 231 post 62 tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne og 63 tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blandt minoritetsspråklege barn. Der sendte vi ut brev til 2 kommunar for kvar ordning og bad om svar på spørsmål om korleis dei brukar desse midlane. Vi viser elles til rapport på tilskotskontroll.

## Vurdering av resultatoppnåing i forhold til resultatkrav osv.

Som det går fram av det som står ovanfor vurderer vi at vi har gjennomført oppdraget i samsvar med sentrale retningsliner. Saksbehandlingstida har vore innanfor forsvarlege rammer. Vi meiner at resultatoppnåinga av tilskotsforvaltninga ut frå retningslinene er tilfredsstillande. Vi viser til rapport om tilskotskontroll er det er gjort nærmere greie for dette.

## 33.2 Klagesaksbehandling

Type Klage	Klager gis medhold/delvis medhold	Klager gis ikke medhold	Opphevet/returnert	Sum	innkommet 2009
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd § 6	1	2	0	3	3
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

### Merknad

Fylkesmannen har i 2010 motteke 5 klagesaker etter Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd. I tillegg kom det inn to klagesaker i 2009 som vart behandla i 2010. To klagesaker vil bli behandla på nyåret i 2011. I 2009 vart det fatta 14 vedtak. Alle sakene galdt tilskott til ikkje-kommunale barnehagar i to kommunar. I 12 av sakene oppheva fylkesmannen det kommunale vedtaket og i 2 saker fekk ikkje klagarane medhald.

## 33.3 Informasjon og veiledning

Fylkesmannen har også i 2010 hatt samlingar for kommunane som barnehagemyndigheit, med lov og regelverk som tema. Det har t.d. vore orientert om Forskrift om pedagogisk bemanning, §10 godkjenning, §19 politiattest og §22 opplysningsplikta. Ein har på desse samlingane også gått gjennom tilsynsverksemde både før gjennomføring av tilsyn og etter. Kommunane har også vore bidragsytarar i erfaringsutveksling. I tillegg foregår det kontinuerleg rettleiing av kommunar pr. e-post, tlf. og heimesider. Dette gjeld rettleiing til både kommunar og ikkje-kommunale barnehageeigarar. I arbeid med informasjon og rettleiing knytt til ny forskrift om økonomisk likeverdig behandling av barnehagar i forhold til offentlege tilskot, arrangerte vi eit høyringsmøte i juni og eit dialogmøte for kommunen som barnehagemyndigkeit i november. I tillegg til gjennomgang av forskrifta, har vi lagt særleg vekt på kva som ligg til rolla kommunen har som barnehagemyndigkeit etter barnehagelova. I oppfølginga av dette er det no invitert til møte med ikkje-kommunale barnehageeigarar og kommunen som barnehageeigar, der vi særskilt legg vekt på rettar og plikter som er knytt til eigar-rolla. Vår oppfatning er at vi har hatt eit høgt aktivitetsnivå innanfor dette området og at vår aktivitet er i tråd med krava i oppdraget.

## 33.4 Tilsyn

Fylkesmannen har i 2010 gjennomført tilsyn med 3 av dei 36 kommunane i fylket. Vi har ført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigkeit. I 2010 har vi lagt vekt på å føre tilsyn med kommunen si handtering av regelverket knytt til godkjenning av nye barnehageverksemder. Vår vurdering er at det vil vere behov for å halde fram med fokus på kommunen sin godkjenningspraksis også for 2011. Vi vurderer dette temaet som viktig å prioritere no, då det kan vere grunn til å tru at ikkje alle kommunar i perioden med rask utbygging, har prioritert

godkjenningsarbeidet like høgt. Vi erfarer òg at kommunar kan ha eldre verksemder i gang utan oppdatert godkjenning. Vi vil òg nemne at §19 politiattest og §22 opplysningsplikt til barneverntenesta har vore tema for alle tilsyna. Vidare har vi på samtlege tilsyn, hatt §§17 styrar og 18 barnehagen sitt øvrige personale og Forskrift om pedagogisk bemanning som tilsynstema. Alle tilsyna har vore gjennomført med systemrevisjon som metode. Tilsynsrapportane er sendt til Kunnskapsdepartementet og er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si heimeside.

Vår erfaring er at det framleis er behov for å arbeide med rolleavklaring/forståing av oppgåver knytt til dei ulike rollene; kommunen som lokal barnehagemyndighet og kommunen som barnehageeigar. Behovet varierer mellom kommunane. Tilsyna avdekker at fleire kommunar initierer og driv fleire tiltak som har element av tilsyn i seg og vår vurdering er at mykje av denne aktiviteten både er strukturert og god. Vår vurdering er likevel at det er grunn til å hevde at mange av kommunane ikkje har tatt innover seg kva ”**påse**” at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk”jf. barnehagelova § 8 inneber, og at dei dermed ikkje kan oppfylle krava knytt til myndigheitsrolla, som er nedfelt i barnehagelova.

Fylkesmannen har også i 2010 tildelt midlar til utviklingsarbeid knytt til kommunar sitt arbeid med tilsyn med barnehagar. Vidare har kommunar som tidlegare har mottatt utviklingsmidlar formidla resultat og delt erfaringar frå sitt arbeid i ulike samlingar fylksemannen har arrangert for og med kommunane.

## Ressursbruk

Samla sett har vi brukt om lag 20 vekeverk på tilsyna etter barnehagelova. Dette inneber planlegging og førebuing, gjennomføring og etterarbeid. Faste møte i tilsynsforum og kompetanseheving er òg ein del av dette arbeidet. Vidare er tilsynstema og tilsynsverksemda tema på møte med kommunane. I vårt fylke må ein medrekne ekstra tid til reise, dette er inkludert i ressursbruken.

## Kommentar

Dei tre tilsyna var alle planlagte, varsla tilsyn og ein del av Fylkesmannen sin totale tilsynsplan for 2010.

### 33.4 Tilsyn

**Merknad: Ein får feilmelding når ein legg inn data i "Tabelldata". Det er ikkje muleg å få lagra date her!**

**Følgjande rapportering skulle leggjast inn der:**

#### Norddal kommune

##### Tema – myndigheitskrav

Tilsynet omhandla følgjande tema:

§12a,rett til plass i barnehage, §16, jf. §8, 1 ledd, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved §3, barns rett til medverknad, §17, styrar, §18, barnehagen sitt øvrige personale, Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning, §19, politiattest, §22, opplysningsplikt til barneverntenesta.

Fylkesmannen avdekkja ingen avvik under tilsynet. Det vart gitt to merknader.

Pålegg: nei

Merknad:

#### Merknad 1:

Barnehagelova §19, jf. §§8 og 16.

Norddal kommune som barnehageeigar har rutinar for at det vert lagt fram politiattest ved tilsetting, men Norddal kommune som barnehagemyndighet bør vidareutvikle rutinane slik at dei sikrar at det vert ført kontroll med at rutinane vert følgde. Fylkesmannen anbefaler skriftleggjering av rutinane.

#### Merknad 2:

Barnehagelova §22, jf. §§8 og 16.

Norddal kommune orienterer barnehagetilsette om opplysningsplikta, men bør som barnehagemyndigkeit vurdere rutinane sine for korleis dei ”påser” at dei tilsette i barnehagane er kjende med opplysningsplikta si til barnevernet. Fylkesmannen anbefaler skriftleggjering av rutinane.

## **Vanylven kommune**

### **Tema/myndigheitskrav**

Tilsynet omhandla følgjande tema:

§16, jf. §8, 1.ledd, kommunen sitt tilsyn eksemplifisert ved §10, godkjenning, §17, styrar, §18, barnehagen sitt øvrige personale, Forskrift om pedagogisk bemanning. §1. Norm for pedagogisk bemanning, §19 politiattest, §22 opplysningsplikt til barneverntenesta.

### **Avvik/funn:**

Fylkesmannen avdekkja to avvik under tilsynet. Fylkesmannen gjorde to merknader under tilsynet.

#### **Avvik 1:**

Brot på barnehagelova §10, jf. §§8 og 16.

Vanylven kommune har ikkje rutinar og praksis som sikrar formelle prosedyrar for godkjenning av barnehagar; slik barnehagelova §10 føreset. Vi viser også til tilsynsplikta etter §16 og ansvaret for å ”påse at barnehagene drives i samsvar med gjeldende regelverk” etter §8.

#### **Avvik 2:**

Brot på barnehagelova §16.

Vanylven kommune fører ikkje tilsyn med verksemder etter barnehagelova slik lova krev.

Frist for lukking av avvik: Frist for tilbakemelding til fylkesmannen er 01.02.2011.

Pålegg: nei

Merknader:

#### **Merknad 1:**

Barnehagelova §19, jf. §§8 og 16.

Vanylven kommune har rutinar for framlegging av politiattest ved tilsetting, men kommunen som barnehagemyndigkeit bør vidareutvikle rutinane for å sikre at det vert ført kontroll med at dei vert følgde. Fylkesmannen anbefaler at rutinane vert skriftleggjorde.

#### **Merknad 2:**

Barnehagelova §22, jf. §§8 og 16.

Vanylven kommune orienterer barnehagetilsette om opplysningsplikta til barnevernet, men bør som barnehagemyndigkeit vurdere rutinane sine for korleis dei ”påser” at dei tilsette i barnehagane er kjende med opplysningsplikta si til barnevernet. Fylkesmannen anbefaler at rutinane vert skriftleggjorde.

## Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen

Dei overordna måla i barnehagepolitikken; full barnehagegdekning, høg kvalitet og låg pris, har gitt retning og struktur for våre val og prioriteringar på barnehageområdet. Sett i lys av lokale utviklingsbehov og dei ulike kommunane/regionane sine utfordringar har vi hatt eit viktig år med til dels mange samlingar med kommunane. Dette ikkje minst grunna førebuing til endra finansieringsordning for barnehagesektoren ved at ordinært driftstilskot til barnehagar, tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne og skjønnsmidlar til kommunane er innlemma i rammefinansieringa til kommunen frå 01.01.2011. Vidare har oppfølging av Stortingsmelding 41 Kvalitet i barnehagen, vore viktig i dialogmøtet med kommunane og andre samarbeidspartar.

### 34.1 Tilgjengelig barnehagetilbud

Det er eit overordna mål at alle barn skal få oppfylt den lovfesta retten til barnehageplass. Fylkesmannen har dette på dagsoren i dialogmøte med kommunane. Det er også ofte eit innleiande spørsmål i tilsvyn med kommunane. Vår erfaring no, er at dei fleste kjenner til kva som skal til for å ha individuell rett til barnehageplass, men vi får framleis inn spørsmål vedkomande dette. Når det gjeld dimensjonering av barnehagetilboden og planar framover, er dette også tema i ulike samlingar med kommunane og regionane. Nokre ikkje-kommunale barnehageeigarar tek kontakt med tanke på at dei ønsker å orientere seg i forhold til eventuell etablering. Kommunalar har også ønska rettleiing med omsyn til korleis dei handterer dette i tråd med lovverket. Fylkesmannen har innhenta rapportar på oppfylling av retten gjennom året, i tråd med oppdraget. På bakgrunn av dette sett i samanheng med kontinuerleg rettleiing etter behov, vurderer vi å ha nått resultatkrava i oppdraget.

### 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

**Kompetanse:** På bakgrunn av mottekne planar frå samtlege kommunar, er kompetansemidlane uavkorta utbetalt til kommunane. Både rapportar og planar syner at dei ikkje-kommunale barnehagane er ivaretakne og vår erfaring er at dei aller fleste kommunane inviterer med dei ikkje-kommunale i kompetansehevinga. Fylkesmannen legg føringer for at midlane skal kome både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar til gode. Samtidig oppmodar vi om at bruken av tildelte midlar involverer og vert drøfta med dei tilsette/tillitsvalde. På møte med regionskontaktene vert også disponering av midlane tatt opp, ikkje minst for å bidra til å forankre dette i kommuneleddet og i kommunen som myndighet. Det er fleire utviklingsarbeid i gang i Møre og Romsdal. Desse er i hovudsak knytt til kompetansestrategien sine satsingsområde. I kompetansestrategiperioden har fylkesmannen motivert til regionale samarbeid også om utviklingsarbeid, og i 2010 var det Region Nordre Sunnmøre (11 kommunar) som vart prioritert med utviklingsmidlar. Denne regionen starta opp med utviklingsarbeidet: "Kompetanseheving for pedagogiske leiarar - kvalitet i barnehagen gjennom pedagogisk leiing." Dette omfattar kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i 11 kommunar og om lag 100 pedagogiske leiarar deltek. Språk og fleirkulturelle utfordringar, Medverknad barn og foreldre og Barnet som forskar er prioriterte fagområde i utviklingsarbeidet. Høgskulen i Volda har det faglege ansvaret. Fylkesmannen har hatt innspel til prosjektet før igangsetting og har oppfølging undervegs og i etterkant. Fylkesmannen har eit godt samarbeid med HVO, og ein ser at fleire og fleire kommunar etterspør høgskulen for fagleg samarbeid om prosjekt og utviklingsarbeid. Det er også stimulert til og utbetalt utviklingsmidlar til fleire andre prosjekt innan satsingsområda i kompetansestrategien. Det er kommunane som administrerer og organiserer denne satsinga med HVO som fagleg ansvarleg. Dronning Mauds Minne har fagleg ansvar og driv rettleiingsarbeid i nokre av kommunane. Den årlege barnehagekonferansen, som er eit samarbeid mellom HVO, Utdanningsforbundet og fylkesmannen, samla også i 2010 om lag 350 deltakarar. Tema denne gongen var danning. Konferansen har vorte eit viktig bidrag i kompetansehevinga og fleire kommunar flettar deltaking på denne inn i si øvrige planlagte kompetanseheving. Målgruppe for konferansen er pedagogisk personale i barnehagane, barnehageansvarlege på kommunenivået, PPT og høgskuletilsette. Også i år har vi hatt fagdag med språkstimulering og fleirkulturelle utfordringar som tema. Dette i eit samarbeid med HVO, NAFO og dei kommunane som har vore med i nettverk knytt til NAFO-prosjekta. I tillegg til at deltakande barnehagar som har vore med deltok på fagdagen, har vi lagt vekt på å invitere kommunenivået inn for å forankre satsinga administrativt i kommunane. Ein del kommunar prioriterer å delta på slike samlingar, men langt frå alle.

**Rekruttering:** Møre og Romsdal har store utfordringar i arbeidet med å skaffe fleire forskulelærarar. Vi har mange dispensasjonar frå utdanningskravet og presiseringar vedkomande pedagognorma, vil kreve ei sterkare satsing på rekruttering. Arbeidet med å bevisstgjere kommunen som myndighet og barnehageeigarane om deira oppgåver knytt til rekruttering av kvalifisert personale i barnehagane har halde fram. Det Regionale

Rekrutteringsteamet leia av fylkesmannen, jf. Punkt 6 Regionale tiltak i Strategi for rekruttering av førskulelærarar, har vore pådrivarar i dette arbeidet. Det regionale Rekrutteringsteamet har utarbeidd ein regional plan; "Ei felles utfordring" for strategiperioden som omfattar både kortsiktige og langsiktige mål. Marknadsføring og korleis presentere utdanninga på ulike utdanningsmesser og skular har vore tema i samarbeid med informasjonsavdelinga ved HVO. Arbeidsplassbasert førskulelærarutdanning (ABf) etter Møre og Romsdal-modellen, har vorte eit tilbod med faste studieplassar ved HVO. Dette har også bydd på utfordringar, ikkje minst geografiske. Regionar har arbeidd for å få førskulelærarutdanninga til å etablere tilbod også utanfor Campus. Ein del samlingar har vore lagt til Ålesund og Molde, men ikkje alle kommunar/regionar er fornøgde med den geografiske tilpassinga HVO har tilbydd. Dette vil, slik vi vurderer det, verte ei utfordring i tida som kjem. Vidareutdanningstilbodet, Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen (PUB), held fram og HVO har no fått faste studieplassar til PUB. Her har det vore utfordringar knytt til å rekruttere til studiet, dette har nok - om ikkje utelukkande, også samanheng med geografiske utfordringar. Rekrutteringsteam for rekruttering av menn i tråd med Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring, er eit underprosjekt til Det Regionale Rekrutteringsteamet. Vi har valt å sjå rekruttering til førskulelærarstudiet og til yrket generelt i heilskap med rekruttering av menn spesielt. I 2010 planla HVO fagdagen "Er det nok å vere mann?" – i eit samarbeid med Det regionale Rekrutteringsteamet. Denne fagdagen vart avlyst i 2010 grunna "askeskya", men fylkesmannen har no tatt eit initiativ for å gjennomføre denne våren 2011. Her har også mannlege førskulelærarstudentar ansvar for delar av innhald og gjennomføring. Fylkesmannen har fått ein del spørsmål om studiet Barnehagepedagogikk. Det er viktig med kontinuitet i dette studiet slik at dei yrkesgruppene som kvalifiserer til dette studiet, får gjennomført heile studiet og dermed kvalifiserer seg for fast tilsetting i barnehage. Fylkesmannen vurderer det å vere pådrivarar til utviklingsarbeid i barnehagane og på kommunenivået, som viktig også i rekrutteringssammenheng. Dette vil bidra til å gjøre barnehagesektoren meir attraktiv som arbeidsplass og få kvalifisert personale til å bli verande i sektoren. Vidare vil det få fleire til å fatte interesse for og å søke seg til utdanninga og til yrket.

Rekrutteringsmidlane er tildelt rekrutteringstiltak i alle kommunane og ved utlysning av midlar anbefaler fylkesmannen aktuelle rekrutteringstiltak som midlane kan nyttast til. Kommunane har planar og rapporterer også på dette resultatområdet. Desse rapportane viser at kommunane ser tiltak til rekruttering i samanheng med kompetansestrategien og kompetansemidlane.

Vi vurderer no om vi skal knytte denne rekrutteringa av førskulelærarar til lærarkampanjen GNIST.

I tråd med at Møre og Romsdal er eitt dei seks fylka som er særskilt støtta for å initiere og vere pådrivarar i forhold til rekruttering, har vi jf. oppdraget, vore i kontakt med Fylkesmannen i Hordaland, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag og tilbydd støtte/erfaringsutveksling og vi har tilsendt dei vår Regionale Plan for Rekruttering.

På bakgrunn av dette, er vår vurdering at det i vårt fylke er igangsett mange og viktige tiltak som det no er viktig å vidareføre og oppretthalde trykket på. Vi meiner vi har oppnådd krava i oppdraget for 2010.

### 34.3 Andre satsingsområder

Fylkesmannen orienterer og drøftar strategiplanar og tema knytt til aktuelle satsingsområde med kommunane. Vi stimulerer til utviklingsarbeid- og prosjekt i kommunar og regionar i tråd med prioriteringar i strategiane samtidig som ein ser dette i lys av lokale utviklingsbehov innanfor ulike område. Døme på dette kan vere prosjekt om barn og medverknad og samarbeid og samanheng mellom barnehage og skule. I møte med kommunane/regionskontaktene drøftar vi også korleis vi inkluderer alle barnehagar for å ivareta også ikkje-kommunale barnehageeigarar og barnehagar. Høgskulen i Volda og andre kompetansemiljø er også invitert inn for å både bidra og orientere om sine tenester.

Når det gjeld omtale av arbeid knytt til Handlingsplan for likestilling, viser vi til forrige punkt. Mottekte midlar til likestilling er lytt ut og tildelt utviklingsarbeid knytt til Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring, i kommunar som har søkt om det. Interessa for dette har også vore så stor.

Barnehage – barnevern. Vi har i 2010 diskutert og starta planarbeid vedkomande styrking av samarbeidet mellom barnehagar og barnevern. Dette blir eit sentralt satsingsområde for 2011 og avdelingane i embetet, i hovudsak helse- og sosialavdelinga og oppvekst- og utdanningsavdelinga, drøftar korleis vi skal løfte fram dette viktige området. I tillegg vert dette sett fokus på i samlede tilsyn etter barnehagelova.

Vår vurdering er at det er viktig å halde kontinuitet og trykket oppe når det gjeld dei ulike strategiperiodane. Fylkesmannen si deltaking og pådrivarrolle ser ut til å ha betydning, samtidig som det er viktig at

vi tilrettelegg/inviterer til arenaer der kommunar/eigarar/pedagogiske kompetansemiljø kan møtast og utveksle erfaringar.

## Ressursrapportering

Vi har hatt 11,5 årsverk på Oppvekst og utdanningsavdelinga med følgjande fordeling mellom arbeidsområda: ca. 3 årsverk på barnehageområdet + 1,0 årsverk på IMDI + 7,3 årsverk på utdanning - då har vi trekt frå fråver med sjukmelding - (2 mnd). Dei 7,3 årsverka på utdanning fordelar seg slik. 3, 25 årsverk til tilsyn, Informasjon/veiledning: 1 årsverk, Eksamens og nasjonale prøver: 1,1 årsverk, klagebehandling: 1 årsverk, skoleporten: 0,1, andre forvaltningsoppg-bla. tilskot:0,8 årsverk.

På barnehageområdet bruker vi av Informasjons- og utviklingsmidlar, som vi får på fagkap, til løn/adm for 6 mnd. Det går til å løne personar som arbeider med økonomi/tilskottsforvaltn og arbeidsoppgåver innanfor klagesaksbehandling. Som det går fram av tabell 33.2 som gir oversikt over klagebehandling på barnehageområde, er det ikkje klagesaker på barnehagelova, men svært mykje rådgivning og veiledning. Derfor bruker vi ein del ressursar på dette området.

Vi ser av tabellen at vi har brukt mykje midlar på tilsyn på utdanningsområdet, jf res. område 31.1 og 31.9. Med 36 kommunar med lange reiseavstandar der reisetida vert berekna som løn, ser vi at vi bruker svært mykje ressursar på tilsyn - kanskje meir enn det vi får tildelt. Dei ekstra tildelingane vi har fått dei seinare åra for å styrke tilsynsarbeidet, har vi nytta godt - nettopp til dette formålet. Kvart fylke har i desse ekstraløyvingane til tilsyn fått tildelt like mykje, sjølv om geografien er forskjellig, noko som vi vurderer som ei skeivfordeling mellom fylka.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
31.1 Tilsyn	kr 1 713 129,29	kr 841 962,68
31.4 Informasjon og veiledning	kr 454 832,04	kr 193 943,02
31.5 Eksamens, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 530 467,41	kr 1 433 742,96
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 103 944,66	kr 266 844,02
32.2 Kompetanseutvikling	kr 338 769,68	kr 93 297,10
32.3 Skoleporten	kr 181 364,29	kr 18 026,29
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 167 093,07	kr 3 832,05
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 521 354,25	kr 126 414,22
33.2 Klagesaksbehandling	kr 142 139,98	kr 58 746,99
33.4 Tilsyn	kr 2 924,25	kr 49 761,41
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 233 278,85	kr 121 271,65
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 149 792,74	kr 102 122,21
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 3 866,50	kr 0,00
Sum:	kr 4 542 957,00	kr 3 309 964,00

## Statens Helsetilsyn

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Det var behandla 28 tilsynsklager i 2010. Det kom inn 31 slike klager i løpet av året, i tillegg var det 1 restanse frå 2009 - det var 4 saker som ikkje var avslutta pr 31.12.

Behandlinga konkluderte med lovbro i 6 saker og det vart gitt kritikk i 1 sak. I 21 av sakene vart det ikkje gitt nokon reaksjon.

## 41.2 Planlagt tilsyn

Det vart ikkje gjennomført tilsyn i form av systemrevisjon overfor kommunale barneverntenester i 2010

Det er 4 statlege og 1 privat barneverninstitusjon i Møre og Romsdal. Det skal gjennomførast individtilsyn minst 2 gonger i året, eventuelt 4 om det er plassert ungdommar etter åtferdsparagrafane. Minst halvparten av besøka skal ikkje vere varsla på førehand. Totalt er det krav om minst 16 tilsynsbesøk ved våre institusjonar; det vart gjennomført 18 tilsynsbesøk i 2010. Det vart gjennomført 47 samtalar med bebruarane, pluss at ytterlegare 5 fekk informasjon om tilsynets rolle og funksjon.

I tillegg skal det gjennomførast systemrevisjon ved kvar av barneverninstitusjonane ein gong i året. Tema for systemrevisjonen i 2010 var bruk av fysisk tvang og makt overfor bebruarane. Revisjon vart gjennomført ved alle 5 institusjonane. Det vart ikkje gitt avvik til nokon, medan Clausenengen ungdomshjem og Sunnmørsheimen fekk merknad.

Møre og Romsdal har ikkje omsorgssenter for mindreårige.

Det har ikkje vore gjennomført tilsyn med senter for foreldre og barn i 2010.

## 41.3 Klagesaker

Fylkesmannen behandla 4 klager på enkeltvedtak gjort av barnevernenesta i kommunane. Alle vedtaka vart stadfesta.

Det vart i 2010 behandla 12 klager retta mot barneverninstitusjonar. 11 av klagene vart behandla etter § 25 i rettighetsforskrifta og 1 etter § 26. Tvangsbruken i alle klagesakene vart stadfesta, men det var nytta feil § i eitt tilfelle og gitt kritikk i eitt anna tilfelle. § 26-saka gjaldt skulding om brot på teieplikta, noko som klagaren fekk medhald i. Dette er ein negang på 5 saker sidan 2009, da det vart behandla 17 saker.

## 41.9 Andre oppdrag

### Oppfølging av kommunens fristar

Det var i 2010 oppfølging av 10 barneverntenester på grunnlag av stor andel fristoverskridningar for gjennomføring av undersøkingar. Barnevernenesta skal snarast, og seinast innan 3 månader, gjennomføre undersøkingar; i særlege tilfelle kan fristen vere 6 månader (barnevernlova § 6-9). Dersom barnevernenesta bryt denne tidsfristen, skal fylkesmannen klargjøre årsakene, gi råd og rettleiing for å hindre gjentaking av fristoverskridningar, eventuelt gi mulkt dersom dette ikkje fører fram.

Det har vore tilsynsbesøk i 7 kommunar/barneverntenester: Aukra, Fræna, Hareid, Kristiansund og Averøy (interkommunal barneverneneste), Molde, Storfjorden barnevern (interkommunal barneverneneste der Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal inngår), samt Sula. Tilsynet med Storfjorden vart avslutta i 2010. Det vart ikkje gitt mulkt til nokon kommune for fristoverskridningane i 2010.

I tillegg fekk Volda, Ulstein og Ørsta brev der dei vart beden om å gjere greie for årsakene til fristoverskridningane.

## Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV

### 74.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova eller sosialtenestelova i Nav. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av

det. I nokre saker finn fylkesmannen grunnlag for å ta kontakt med kommunen/Nav for å få orientering derifrå, og i nokre av desse saken oppretter fylkesmannen tilsynssak etter sosialtenestelova eller sosialtenestelova i NAV. I 2010 blei det oppretta 2 tilsynssaker, og begge desse blei avslutta i 2010 og sluttbrev blei send i kopi til Statens Helsetilsyn. Desse to sakene hadde med kommunen/NAV sitt ansvar for å bidra til å skaffe bustader til vanskelegstilte og ansvaret for å skaffe mellombels bustad.

## 74.2 Planlagt tilsyn

Fylkesmannen har hatt tilsyn med sosiale tenester i NAV i 3 kommunar i 2010 og vil følgje opp med tilsyn i 3 kommunar våren 2011. Tilsynet hadde fokus på behandling av søknad om økonomisk stønad, og dei tre hovudområda som blei undersøkt i dette tilsynet var "handtering av henvendelser", "kartlegge og innhente relevante opplysningar" og "foreta individuelle vurderingar og avgjerder". Tilsynet blei møtt på ein konstruktiv måte og blei oppfatta som eit bidrag i forbettingsarbeidet. Alle dei tre kommunane fekk avvik med noko varierande grunngjeving. felles for dei var at kommunane mangla system for å vise at vedtak blir gjort ut i frå ei konkret, individuell og skjønnsmessig vurdering.

I embetsoppdrag var det krav om tilsyn i 6 kommunar. 3 tilsyn vart ikkje gjennomført pga manglende ressurser/ sein tilsetting i stilling.

## 74.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har gitt innspel til Statens helsetilsyn i brev og møter.

# Resultatområde 81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven

## 81.1 Hendelsesbasert tilsyn

Fylkesmannen får dagleg spørsmål som gjeld sosialtenestelova eller sosialtenestelova i NAV. I dei fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleing og det blir ikkje noko sak ut av det. I nokre av tilfella finn fylkesmannen grunn til å ta kontakt med kommunen/Nav for å få informasjon derifrå. I nokre av desse tilfella blir det oppretta tilsynssak etter sosialtenestelova § 2-6/sosialtenestelova i NAV § 9. I 2010 blei det oppretta 7 tilsynssaker etter sosialtenesetelova § 2-6. og 4 av desse blei avslutta i 2010. Statens Helsetilsyn fekk kopi av avslutningsbreva.

## 81.2 Planlagt tilsyn

På sosialtjenesteområdet vart det gjennomført tilsyn tilsvarende tolv systemrevisjonar. Sju tilsyn i sosialtjenesta var landsomfattande. Åtte av tilsyna var fellestilsyn saman med helsetilsynet i fylket. I tillegg vart det gjennomført fem eigeninitierte revisjonar med sosialtjenesta.

Desse tilsyna vart gjennomført:

- Systemrevisjon som del av eldretilsynssatsing med fokus på 1) heimebuande eldre med demenssjukdom 2) førebyggje og behandle underernærings (Ørsta kommune, Ørskog kommune, Giske kommune, Stordal kommune, Sandøy kommune, Surnadal kommune). I tilsynet kom det blant anna fram at eit år etter at Helsedirektoratet gav ut "*Nasjonale faglige retningslinjer for førebygging og behandling av underernæringer*" er framleis fleire tilsette i kommunane heilt eller delvis ukjent med retningslinene.
- Stikkprøvekontroll med tildeling av avlastning (Molde kommune, Gjemnes kommune). Det kom blant anna fram at reglar for sakshandsaming ikkje alltid nyttas.
- Systemrevisjon med helse og sosialtenester til psykisk sjuke (Fræna kommune, Sande kommune, Ålesund kommune). I dette tilsynet blei det ikkje funne avvik frå lov eller forskrift.
- Systemrevisjon rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming (Volda kommune, Aure kommune). Det kom blant anna fram at kommunane ikkje sikrar at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med sosialtenestelova § 4-3 jf. § 4-2.

## 81.3 Klager etter sosialtjenesteloven

Fylkesmannen har behandla 40 saker etter sosialtenestelova. Alle var etter §§ 4-2a-e sett bort frå ei som var etter § 6-1.18 vedtak vart stadfesta, 2 avvist, 3 endra og 16 oppheva. Saksbehandlingsvegleiaren legg opp til at fylkesmannen i større grad skal endre vedtak framfor å oppheve og sende tilbake til kommunen. Dette har vore vanskeleg då svært mange av dei oppheva vedtaka har hatt så store manglar at ei evt endring ville ha kravd svært mykje tid og arbeid i form av nye opplysningar og vurderingar i kommunane. 25 av 40 saker, det vil seie 63% av sakene, har vore behandla innan 3 mnd. Dette skuldast i hovudsak vakanse i stillingar.

## 81.9 Andre oppdrag

### OPPDRAG: Omsorgslønnsordninga

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sendte den 15.03.10 ut eit spørjeskjema med følgjebrev til dei 36 kommunane i fylket. Svarfrist var 15.04.10. Det ble sendt to purringar på e-post.

Det var 34 av 36 kommunar som svarte på spørjeskjemaet, d.v.s. ein svarprosent på 94,4.

Det er 489 personar som mottek omsorgslønn i desse kommunane. 226 (46,2%) av dei omsorgstrengande er 0-17 år, og 308 (62,9%) av dei som mottek omsorgslønn er foreldra til omsorgsmottakar og 125 (27,2%) er ektefelle/sambuar.

Vi fann ut at det er store variasjonar i timetal, det varierar frå 1 til ca. 40 timer pr. veke, men dei fleste kommunane har 10 - 15 timer som høgste timetal dei har tildelt pr. veke

#### **Kommentarar i høve til embetsoppdraget frå Helsetilsynet til fylkesmennene i 2010:**

#### **Vurdere behovet for opplæring av kommunane i behandling av søknad om og klage på tildeling av omsorgslønn.**

Ut frå svara kan ein konkludere med at behovet for opplæring ikkje er knytt til omsorgslønn spesielt, men saksbehandling/klagesaksbehandling i forhold til pleie- og omsorgstenester generelt. Vi kan likevel sjå at det er store skilnadar mellom kommunane i praktiseringa av ordninga.

#### **Ha særlig merksemd mot pleie- og omsorgstilbodet til ikkje-vestlege innvandrarar.**

Ein tredjedel (11) av kommunane har ikkje-vestlege innvandrarar som mottar pleie- og omsorgstenester, og 8 av desse kommunane oppgjev at dei har utfordringar i høve til dette. Utfordringane er særleg knytt til språk- og kulturforskjellar. Talet på ikkje-vestlege innvandrarar med behov for pleie- og omsorgstenester er ikkje stort i Møre og Romsdal.

#### **Etterspørje om brukaren har blitt hørt ved behandling av klagesaker og om det har blitt vurdert kva som er den beste løysninga.**

Dei aller fleste kommune oppgjev at dei har rutinar med heimebesøk, samtale og/eller møte ved behandling av søknad, men det er få kommunar som nemner klagebehandlinga. Det kjem fram at ein del kommunar behandlar klager i klientutval eller andre utval. Mange av kommunane opplyser at dei ikkje har hatt klagesaker på omsorgslønn. Ein tredjedel av kommunane oppgjev at dei vurderer kva som er den beste løysinga.

#### **Undersøke om kommunane har avsett midlar til omsorgslønn på budsjettet.**

To av kommunane har ikkje avsett pengar på budsjettet, men dei har likevel tildelt omsorgslønn. Ein kommune har BPA og omsorgslønn som felles budsjettpost.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Helsetilsynet i Møre og Romsdal har motteke 102 saker og ferdigbehandla 97 saker der det er klaga over pliktbroter fra helsepersonell/verksemder si side. I siste kvartal av 2010 har vi på grunn av inhabilitet i høve til eitt av helseføretaka vore nøydd å sende frå oss ein del saker til behandling ved settehelsetilsyn. Detaljert elektronisk rapportering om dette (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.11.

### 82.2 Planlagt tilsyn

På helseområdet vart det gjennomført tilsyn tilsvarende elleve systemrevisjonar med kommunane. Åtte tilsyn var landsomfattande. Ti av tilsyna var fellestilsyn saman med fylkesmannen.

Desse tilsyna vart gjennomført:

- Systemrevisjon som del av eldretilsynssatsing med fokus på 1) heimebuande eldre med demenssjukdom 2) førebyggje og behandle underernæring (Ørsta kommune, Ørskog kommune, Giske kommune, Stordal kommune, Sandøy kommune, Surnadal kommune). I tilsynet kom det blant anna fram at eit år etter at Helsedirektoratet gav ut "Nasjonale faglige retningslinjer for førebygging og behandling av underernæring" er framleis fleire tilsette i kommunane heilt eller delvis ukjent med retningslinene.
- Stikkprøvekontroll med tildeling av avlastning (Molde kommune, Gjemnes kommune). Det kom blant anna fram at reglar for sakshandsaming ikkje alltid nyttas.
- Systemrevisjon med helse og sosialtenester til psykisk sjuke (Fræna kommune, Sande kommune, Ålesund kommune). I dette tilsynet blei det ikkje funne avvik frå lov eller forskrift.
- Sjømeldingstilsyn om legemiddelhandtering (Skodje kommune, Nesset kommune, Tingvoll kommune, Norddal kommune, Vanylven kommune)

Det vart gjennomført seks systemrevisjonar med helseforetaka i Møre og Romsdal. Tilsyna vart utført av team frå Helsetilsynet i Møre og Romsdal, Helsetilsynet i Sør-Trøndelag og Helsetilsynet i Nord-Trøndelag.

Desse tilsyna vart gjennomført:

- Tilsyn med små fødeavdelingar (Helse Sunnmøre HF, Volda sjukehus og Helse Nordmøre og Romsdal HF, Kristiansund sykehus)
- Tilsyn med kommunikasjon (Helse Sunnmøre HF, Ålesund sjukehus og Helse Nordmøre og Romsdal HF, Molde sjukehus)
- Tilsyn med helsetenester til barn og unge med psykiske problem (Helse Sunnmøre HF, Ålesund sjukehus og Helse Nordmøre og Romsdal HF, Kristiansund sykehus)

### 82.3 Klagesaker

Vi har motteke 75 og avslutta 51 saker i løpet av 2010. Dette er om lag ei dobling i høve til 2009, då det var ein markert nedgang. Vi er altså tilbake på den litt stigande kurven som vi har sett over nokre år. Til liks med tidlegare år gjaldt halvparten av dei avslutta sakene klager på dekning av reiseutgifter til undersøking og behandling i helsevesenet etter pasientrettslova § 2-6.

Detaljert elektronisk rapport (RegRoT) er innsendt til Statens Helsetilsyn pr. 07.01.11.

### 82.9 Andre oppdrag

Vi har behandla 84 meldingar etter spesialisthelsetenenestelova i 2010. Eit av våre to helseforetak har elektroniske meldesystem- eMeSS. Slik at Helsetilsynet i fylket har begge systema og meldingane blir håndtert i tråd med Statens helsetilsyn sine retningsliner. eMess er eit oversiktleg og greitt system å behandle meldingane i - det har vore ei positiv erfaring.

Kultur og forståelse for å melde har hatt ei positiv utvikling, men det tar framleis for lang tid frå hendinga skjer til meldinga er ferdigbehandla i verksemda og kjem fram hit. Få meldingar frå rusinstitusjonane, kanskje ikkje same kultur for å melde?

Jamt over er meldingane korrekt utfylt, men leiinga synleggjer for lite ein grundig diskusjon omkring kva som kan gjerast for å hindre at det skjer igjen (hendelig uhell...) Vi veit for lite om korleis meldingane blir brukt i kvalitetsarbeidet på den enkelte avdeling.

Vi har fått tilbakemeldingar på at skjema IK-2448 i nokre høve ikkje passar til institusjonane innan rus og psykisk helse. Dette er spesielt retta mot pasientar under behandling som ikkje oppheld seg i intitusjonen og som skadar seg/suicid. Det er i slike høve vanskeleg å fylle ut kva som hende, dato og tidspunkt.

Vi har ikkje gjennomført årleg møte med verksemndene om bruk av § 3-3 meldingar i internt kvalitetsarbeid i 2010, og verksemndene har dermed heller ikkje fått tilbakemelding om korleis meldeplikta generelt er ivaretatt.

Helsetilsynene i Midt Norge har startet et prosjekt med bakgrunn i at en stor del av § 3-3 meldingene i spesialisthelsetjenesten er knyttet til fall. "Fallprosjektet" er et ledd i Helsetilsynets satsning på tilsyn med tjenesten til eldre 2009-2012. Prosjektet har tatt for oss årene 2007 -2009 og samlet inn aktuell data over forekomsten av fall i denne perioden- både det som er meldt som §3-3 medlding og det som er meldt internt i sykehuset. Prosjektet skal kartlegge forekomst, årsak, konsekvenser og tiltak , og videreføres i 2011 ved å gå dypere inn i noe av materialet.

## **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

### **Resultatområde 41 Tilsyn med barnevernområdet**

#### **Tilsyn med barneverninstitusjonar**

Det er 4 statlege og 1 privat barneverninstitusjon i Møre og Romsdal. Det skal gjennomførast individtilsyn ved kvar institusjon minst 2 gonger i året, eventuelt 4 om der er plassert ungdommar etter åferdsparagrafane. Minst halvparten av besøka skal ikkje vere varsla på førehand. Totalt er det krav om minst 16 tilsynsbesøk ved våre institusjonar; det vart gjennomført 18 tilsynsbesøk i 2010. Det vart gjennomført 47 samtalar med bebuarane, pluss at ytterlegare 5 fekk informasjon om tilsynets rolle og funksjon.

I tillegg skal det gjennomførast systemrevisjon ved kvar av barneverninstitusjonane ein gong i året. Tema for systemrevisjonen i 2010 var bruk av fysisk tvang og makt overfor bebuarane. Revisjon vart gjennomført ved alle 5 institusjonane. Det vart ikkje gitt avvik til nokon, men Clausenengen ungdomshjem og Sunnmørsheimen fekk ein merknad kvar.

#### **Tilsyn med den kommunale barneverntenesta**

Det var i 2010 oppfølging av 10 barneverntenester på grunnlag av stor andel fristoverskridingar for gjennomføring av undersøkingar. Barneverntenesta skal snarast, og seinast innan 3 månader, gjennomføre undersøkingar; i særlege tilfelle kan fristen vere 6 månader (barnevernlova § 6-9). Dersom barneverntenesta bryt denne tidsfristen, skal fylkesmannen klargjøre årsakene, gi råd og rettleiing for å hindre gjentaking av fristoverskridingar, eventuelt gi mulkt dersom dette ikkje fører fram.

Det har vore tilsynsbesøk i 7 kommunar/barneverntenester: Aukra, Fræna, Hareid, Kristiansund og Averøy (interkommunal barnevernteneste), Molde, Storfjorden barnevern (interkommunal barnevernteneste der Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal inngår), samt Sula. Tilsynet med Storfjorden vart avslutta i 2010. Det vart ikkje gitt

mulkt til nokon kommune for fristoverskridinger i 2010.

I tillegg fekk Volda, Ulstein og Ørsta brev der dei vart beden om å gjere greie for årsakene til fristoverskridingane.

Det vart ikkje gjennomført tilsyn i form av systemrevisjon overfor barneverntenester i 2010.

### **Tilsynsklager mot barneverntenesta i kommunane**

Det var behandla 28 tilsynsklager i 2010. Det kom inn 31 slike klager i løpet av året, i tillegg var det 1 restanse frå 2009 - det var 4 saker som ikkje var avslutta pr 31.12.

Behandlinga konkluderte med lovbro i 6 saker og det vart gitt kritikk i 1 sak. I 21 av sakene vart det ikkje gitt nokon reaksjon.

### **Klager retta mot barneverninstitusjonar**

Det vart i 2010 behandla 12 klager retta mot barneverninstitusjonar. 11 av klagene vart behandla etter § 25 i rettighetsforskrifta og 1 etter § 26. Tvangsbruken i alle klagesakene vart stadfesta, men det var nytta feil § i eitt tilfelle og gitt kritikk i eitt anna tilfelle. § 26-saka gjaldt skulding om brot på teieplikta, noko som klagaren fekk medhald i.

Dette er ein nedgang på 5 saker sidan 2009, da det vart behandla 17 saker.

### **Klager på enkeltvedtak gjort av barneverntenesta i kommunane**

Fylkesmannen behandla 4 klager på enkeltvedtak i 2010. Alle vedtaka vart stadfesta.

### **Rettleiing og informasjonsverksemd**

Fylkesmannen arrangerte to kurs for barneverntilsette i 2010. I juni var det eit tredagars kurs for nytilsette, og november vart det gjennomført eit todagars arbeidsseminar for barnevernleiarar med hovudfokus på bruk av fagprogram (dataprogram) til rapportering og statistikk.

Elles er det utstrakt rettleatings- og informasjonsarbeid overfor kommunane per telefon.

### **Samarbeidstiltak**

Fylkesmannen deltek i samarbeidsmøte med Bufetat og Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker to gonger i året. På regionsnivå er det årlege møte med Bufetat - regionkontoret.

Det er også jamlege møte med dei andre embata i regionen.

## **Resultatområde 42 Familierett**

Her må det vel mer inn i forhold til ekteskapsloven?

Fylkesmannen har informert publikum etter kvart som det har vore behov for rettleiing om ekteskapsloven og barneloven, herunder om meklingsordningen. Fylkesmannen får mange telefonar kor publimum ber om rettleiing.

### **42.1 Ekteskapsloven**

42.1 Ekteskapsloven og lov om registrert partnerskap

Vedtak om bevilling til separasjon: 573

Vedtak om bevilling til skilsmisses: 448

## **42.2 Anerkjennelsesloven**

42.2 Godkjenning av utanlandske separasjonar og skilsmisses

Tal på godkjende saker: 68

## **42.4 Veiledning og informasjon**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2011 fått mange henvendelsar frå publikum som ønskjer rettleiing om mekling, samvær og reisekosntader ved samvær. Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir slik retteiing fortløpande pr. telefon, samt ved å vise til Barne- og likestillingsdepartementet si heimeside.

## **Resultatområde 43 Krisetiltak**

### **43.1 Tilsyn med kommunenes ansvar for et tilbud om krisesenter**

Bistått til forberedelse av *Regionsamling om lov om kommunale krisesenter* samt deltagelse, Molde 11.03.2010.  
Detatt på *Konferanse om sikkerhet i krisesentertilbudet*, Oslo 3.11.2010.

Etablert kontakt med krisesentrene i fylket (Kristiansund, Molde og Ålesund). På sluttet av året utarbeidet elektronisk spørreskjema som grunnlag for statusrapportering om kommunene i fylket (eksisterende tilbud, skriftlige avtaler med krisesenter og ansvar for oppfølging).

### **43.2 Informasjon og veiledning**

Bistått til forberedelse av *Regionsamling om lov om kommunale krisesenter* samt deltagelse, Molde 11.03.2010.  
Detatt på *Konferanse om sikkerhet i krisesentertilbudet*, Oslo 3.11.2010.

Etablert kontakt med krisesentrene i fylket (Kristiansund, Molde og Ålesund). På sluttet av året utarbeidet elektronisk spørreskjema som grunnlag for statusrapportering om kommunene i fylket (eksisterende tilbud, skriftlige avtaler med krisesenter og ansvar for oppfølging).

## **Resultatområde 44 Familievern**

Det er familievernkontor i Kristiansund, Molde og Ålesund. Tilsyn skal gjennomføras minst kvart tredje år. Sist tilsyn vart utført i 2009.

## **Resultatområde 45 Barn og unge**

### **45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning**

#### **Rettleiing og informasjonsverksemd**

Fylkesmannen arrangerte to kurs for barneverntilsette i 2010. I juni var det eit tredagars kurs for nytilsette, og i november vart det gjennomført eit todagars arbeidsseminar for barnevernleiarar med hovudfokus på bruk av fagprogram (dataprogram) til rapportering og statistikk.

Elles er det utstrakt rettleiings- og informasjonsarbeid overfor kommunane per telefon.

### **Samarbeidstiltak**

Fylkesmannen deltek i samarbeidsmøte med Bufetat og Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker to gonger i året. På regionsnivå er det årlege møte med Bufetat - regionkontoret.

Det er også jamlege møte med dei andre embeta i regionen.

### **45.2 Fritak for taushetsplikt**

Det er behandla 8 krav om fritak for forvaltningsmessig teieplikt. Det er her ikkje sondra mellom saker som ligg i oppdraget etter 45.2 og saker etter 77.2.

Det er eit tilbakevendande problem at krava kjem svært kort tid før rettssaka eller avhøyret, frå nokre dagar til nokre timer i førvegen.

### **Resultatområde 46 Universell utforming**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2010 arbeidd med ulike tiltak for universell utforming i kontakt med vårt utleier av våre kontorlokaler. Sjølvé handlingsplanen vert ferdigstilt i 2011, som vil bli sendt som kopi til BLD i samband med innrapportering av regnskap innan 15.04.2011

### **Resultatområde 47 Innvandring og integrering**

#### **47.1 Statsborgerseremonier**

69 nye statborgarar fordelt på 41 kvinner og 28 menn deltok. 25 land var representert frå 16 av kommunane i Møre og Romsdal.

Oppmøteporsenten var 25. Dette var ei auke på 1,4 % frå i fjor.  
Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMMR	1	25
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

#### **47.2 Bosetting av flyktninger**

Fylkesmannen har ikkje hatt nokon kontakt/forespørslar frå IMDi om dette.

#### **47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)**

FMMR har behandla ein klagesak etter introduksjonslova om forlenga introduksjonsordning, der kommunen fekk medhald.

Elles har spørsmål frå kommunane som gjeld introduksjons-lova, omhandla rett og plikt til norskopplæring for vaksne innvandrarar.

I samarbeid med IMDi Midt-Norge har vi arrangert kurs for kommunen sine superbrukarar i NIR (Nasjonalt Introduksjonsregister) hausten 2010, samt kurs for lærarar som underviser vaksne innvandrarar i norsk og

## **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

### **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkjarar**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har forvalta dei ulike tilskotsordningane som omtalt i Rundskriv 05/10 frå IMDI. Rundskrivet vart lagt ut på heimesida vår.

2010 var siste år for utbetaling av tilskot til norsk og samfunnskunnskap gjennom overgangsordninga og registrering i GSI for voksne innvandrare. Det var registrering i GSI i veke 2 og 36, som var siste registrering med oppgjer av ordninga. Nokre kommunar måtte betale tilbake ein del av tilskotet som vart utbetalt på våren. Vi gjorde dette med å kreve inn beløpet eller å trekke dette frå på utbetalinga av per capita tilskotet der det var mogeleg. I 2010 vart det utbetalt kr 6 465 404,- gjennom overgangsordninga.

Det er utbetalt tilskot etter søknader i NIR til kommunar med asylmottak kvartalsvis i 2010. Totalt er det utbetalt kr 8 225 900,- til 7 kommunar med asylmottak for 496 asyksøkjurar.

Per capita tilskot vart utbetalt med kr 48 289 700,- og resultattilskot med kr 1 650 300,- i 2010 etter søknader i NIR.

Resultattilskot er utbetalt til 36 kommunar med totalt kr 12 713 000,-

VI har tatt imot mange henvendelsar frå kommunar om bruk av NIR og søknader om tilskot og prøvd å svare og hjelpe desse på ein god måte.

NIR viser seg tidvis vanskeleg å bruke for enkelte kommunar og vi har fortsatt nokre etterslep som det ikkje er søkt om i 2010. Men for dei fleste kommunar fungerer NIR tilfredsstillande for søknader av tilskot til Fylkesmannen. Vi håper at bruken av NIR vil bli ein betre og enklare prosess både for kommunar og fylkesmenn.

Utviklingsmidlane i 2010 (100.000 kroner) er brukt til kurs for lærarar i voksenopplæringa av innvandrare, reise- og opphaldsutgifter for fylkesmannen i samband med kurs, samt til regionalt samarbeid mellom byane Kristiansund, Molde og Ålesund på voksenopplæringsfeltet.

- 70.000 kroner til delfinansiering av kurset i Kristiansund i samarbeid med IMDi Midt-Norge om vurdering for læring og arbeidsretting av norskopplæringa
- 26.000 kroner til interkommunalt samarbeid/erfaringsutveksling mellom voksenopplæringsentra i Kristiansund, Molde og Ålesund
- 4.000 kroner til reiseutgifter for fylkesmannen i samband med 2 personar på kurset i Kristiansund og den nasjonale IMDi-samlinga på Lillestrøm.

I tillegg har fylkesmannen deltatt på IKVO sin interkommunale studiedag i Molde for lærarar over heile fylket og på IMDi sitt NIR-kurs i Molde for superbrukarar i fylket hausten 2010.

## **Resultatområde 48 Likestilling**

Vi har hatt ekstra fokus på dette området i 2010.

Fylkesmannen har hatt eit medlem i styringsgruppa til forprosjektet etablering av Regionalt senter for inkludering og mangfold som er initiert av Herøy kommune. Dette er kome i stand som følge av at det ikkje er nokon av dei regionale sentra som allereie fins som har denne funksjonen for vestlandsfylka. Målet med forprosjektet er å utgreie og forankre etablering av eit regionalt senter for inkludering og mangfold i Herøy kommune.

Hovudoppgåvene til eit slikt senter vil vere å drive informasjons- og pådrivararbeid om betydning av systematisk likestillingsarbeid, og om dei plikter Likestillingslova og Diskrimineringslovverket gir lokale og regionale mynde. Fylkesmannen sitt engasjement i dette arbeidet er forankra i embetsoppdraget om å styrke kommunane si forståing av aktivitets og redegjørelsесplikta.

Embetet har deltatt på kurs i aktivitets- og rapporteringsplikten i regi av LDO (likestillings- og diskrimineringsombudet). Når det gjeld fremming av likestilling i eige embete sjå resultatområde 98.4

## Ressursrapportering

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
41 Tilsyn med barnevernombordet	kr 812 515,14	kr 11 059,77
42 Familierett	kr 684 303,29	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 3 336,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familivern	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 871 649,67	kr 175 839,30
47 Integrering	kr 148 500,07	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 520 304,00	kr 186 899,00

## Justis- og politidepartementet

### **Resultatområde 51 Siviladministrasjon**

#### **51.2 Vergemålsloven**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har merka seg at sakene som kjem inn hit til behandling ofte er juridisk kompliserte. Dette ser ein også av anna kontakt ein har med overformynderia og andre per telefon og e-post.

I 2010 mottok fylkesmannen 17 klagesakar og 5 saker i førsteinstans. Det er behandla 18 klagesaker, derav 2 frå 2009. Det er behandla 6 førsteinstans saker, derav 1 frå 2009. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på klagesaker har vore 2 månader og på saker behandla i første instans 1 månad. Det har vore ei auke i talet på innkomne klagesaker på 41,6 % frå 2009 til 2010. For saker som fylkesmannen har behandla i første instans, er det ei auke på 80 % i 2010 samanlikna med 2009.

I 2010 mottok fylkesmannen 34 reknescap (inkl. frå tidlegare reknescapsår). Det er behandla 49 reknescap (inkl. frå tidlegare år). Gjennomsnittlig saksbehandlingstid har vore 6 månader. Talet på innkomne reknescap er gått noko ned (8,1 %).

Det er ikkje utført stadlege tilsyn på grunn av ressurssituasjonen på området.

Fylkesmannen har oppretta 4 tilsynssaker, kor 3 av desse vart behandla i 2010. Det vart retta kritikk mot overformynderia i to av desse sakene. Det er ei fordobling i talet på mottatte tilsynssaker frå 2009 til 2010.

Som ledd i fylkesmannen sitt tilsynsansvar har det i 2010 blitt sendt ut informasjonsskriv om enkelte sentrale tema til alle overformynderia i fylket.

#### **Oppgaver etter vergemålsloven**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Antall tilsyn</b>
FMMR	17	0
<b>Sum</b>	<b>17</b>	<b>0</b>

## 51.5 Tomtefestelov

Vi hadde ingen saker etter tomtefesteloven i 2010, men har hatt veiledning på telefon om forståelsen av den nye loven.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

### 53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer

I arbeidet med fylkesROS har vi i 2010 prioritert ferdigstilling av fylkesROS-fjellskred. Dette arbeidet omfattar oversiktkartlegging av fjellskredrisiko i dei delene av fylket som ikkje er kartlagde gjennom Åknes/Tafjord-prosjektet. Prosjektleiar er tilsett for perioden april 2008 - mai 2011.

Prioriteringa av fylkesROS-fjellskred gjer at embetet ikkje har hatt kapasitet til å prioritere arbeid med ein sektorovergripande fylkesROS. Arbeidet med fjellskredrisiko blir likevel lagt opp slik at resultatet seinare kan gå inn i ein sektorovergripande ROS-analyse.

### 53.2 Samfunnsplanlegging

Dette resultatområdet er utfrå ressursbruk det største enkeltoppdraget innanfor fagområdet. I 2010 brukte Fylkesmannen i Møre og Romsdal om lag eitt årsverk på samfunnstryggleiksfasleg rådgjeving, rettleiing og uttalar til kommuneplanar, reguleringsplanar og dispensasjonssaker. I løpet av dei siste åra har behovet for innsats på dette området auka kraftig. Dette som ei følgje av fleire forhold: auka saks mengd, skjerpa regelverk og særskilde lokale utfordringar knytt til risiko for fjellskredgenererte flodbølgjer. Totalt handsama fylkesmannen 1123 kommuneplanar, kommunedelplanar reguleringsplanar og dispensasjonssaker i 2010. Til 3 av plansakene vart det fremja motsegn utfrå manglande ivaretaking av samfunnstryggleiksmessige forhold. Dette er ein klar nedgang frå 2009 då det utfrå same omsyn vart fremja motsegn til 13 saker. Vi trur at nedgangen skuldast at kommunane og private tiltakshavarar og konsulentar no er merksame på dei skjerpa krava til ROS-analysar som kom med ny plan- og bygningssov. Det er no svært sjeldan å sjå at risiko- og sårbarheit ikkje er vurdert. Samstundes meiner vi det er mykje å gå på når det gjeld kvaliteten på dei ROS-analysane som blir lagde til grunn. Fylkesmannen har ikkje kapasitet og i få tilfelle kompetanse til å gå djupt inn og vurdere kvaliteten og konklusjonane i alle ROS-analysane som følgjer plansakene og i den bakanforliggende dokumentasjonen.

### 53.5 Planlegging innen kraftforsyning, flom- og skredfare

Fylkesmannen har gjennom 2010 gitt fleire innspel til NVE sitt arbeid med identifisering og prioritering av areal med ulike typar skredrisiko. FylkesROS-fjellskred er i denne samanhengen eit viktig enkelprosjekt.

I arbeidet med konkrete arealplansaker har fylkesmannen god dialog med NVE sine regionkontor. Saker der motsegn kan vere aktuelt vert alltid drøfta med NVE.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennom høyringsuttalar og i dialog med berørte aktørar aktivt bidrege til å synleggjere behovet for sikker kraftforsyning, jf. avsnitt 2.6.

## Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser

### 54.1 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Når det gjeld tilsyn med kommunane vart forrige tilsynssyklus fullført i 2009. I forståing med DSB prioriterte vi

ikkje oppstart av ny tilsynssyklus i 2010. Vi meiner det ikkje er føremålstenleg å starte ny tilsynssyklus før kommunane har fått anledning til å gjere seg kjent med krava som no er gitt i lov om kommunal beredskapsplikt.

I det kommuneretta arbeidet har vi prioritert opplæring og rettleiing. Hovudfokus i 2010 var nye lovbestemmelser, atomberedskap, nytt krisestøtteverktøy og omsorgsberedskap. For kommunane som hovudmålgruppe vart det arrangert eitt dagsseminar for beredskapsmedarbeidarar, tre øvingsdagar for til saman 15 kommunar og ein todagarskonferanse om omsorgsberedskap.

Sidan 2006 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal koordinert arbeidet med å etablere beredskapsordningar for område med risiko for fjellskred og fjellskredgenererte flodbølgjer. I 2010 har vi prioritert arbeidet med eit nasjonalt fellesgrunnlag for denne typen planverk. Arbeidet skjer i samarbeid med Politidirektoratet, NVE, Åknes/Tafjord beredskap IKS, Fylkesmannen i Troms og kommunane og politidistrikta i Møre og Romsdal og Troms. Dette er eit omfattande arbeid som held fram i 2011.

Innføringa av CIM har vore eit naturleg utgangspunkt for ein større revisjon av fylkesmannen sitt eige beredskapsplanverket. Arbeidet vart påbegynt i 2010 og held fram i 2011.

## 54.2 Øvelser

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte krisehandteringsøvingar for 15 kommunar i 2010. Prioritering av store, nasjonale øvingar i 2007 og 2008 gjer at tre kommunar som skulle hatt øving då har falle utanfor ”fireårskravet”. Desse blir imidlertid fanga opp no i vår og i løpet av året skal alle kommunane i fylke ha hatt minst ei øving i løpet av dei to siste åra.

Fylkesmannen sin beredskapsstab og leiargruppe vart øvd i april 2010. Deler av fylkesberedskapsrådet deltok også. Fylkesberedskapsrådet i funksjonen som atomberedskapsutval vart øvd i regi av Statens strålevern i januar 2010.

Hamneberedskapsøving vart gjennomført i samarbeid med Kystverket i oktober 2010.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med kontroller hos fylkesmennene i trøndelagsfylka då dei deltok i NVE si Øving Kvikkleire 2010. NVE si øving i Møre og Romsdal vart utsett til 2011.

## 54.6 Regional samordning

Møte i fylkesberedskapsrådet og atomberedskapsutvalet vart gjennomført som fellesmøte med Sogn og Fjordane i januar 2010. Frivillige organisasjoner er representert i fylkesberedskapsrådet. Deler av fylkesberedskapsrådet deltok også i fylkesmannen si (interne) krisehandteringsøving i april 2010.

Fylkesmannen deltok i oktober 2010 under regionalt totalforsvarsmøte for Midt-Norge. I august 2010 arrangerte vi fagseminar for beredskapsmedarbeidarar i Politiet, Forsvaret, Sivilforsvaret og hos Fylkesmennene i Midt-Norge.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal koordinerer arbeidet med beredskapsplanverk for område med risiko for fjellskred og fjellskredgenererte flodbølgjer. I 2010 har vi prioritert arbeidet med eit nasjonalt fellesgrunnlag for denne typen planverk. Arbeidet skjer i samarbeid med Politidirektoratet, NVE, Åknes/Tafjord beredskap IKS, Fylkesmannen i Troms og kommunane og politidistrikta i Møre og Romsdal og Troms. Dette er eit omfattande arbeid som held fram i 2011. Stort løft.

## 54.8 Felles digitalt nødnett

Ingen oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## 54.9 Atomberedskap og strålevern

Oppdraga er i det alt vesentlege gjennomført i samsvar med resultatkrava.

Når det gjeld fylkesmannen sitt planverk på atomberedskap.no er deler av den operative planen (varslingslister) ikkje ajourført i 2010. I samband med flyttinga av alt anna beredskapsplanverk til CIM er det rimeleg å vurdere korvidt det er føremålstenleg å ha planverk to stader.

I januar 2010 gjennomførte fylkesmennene i Sogn, Fjordane, Møre og Romsdal fellesmøte for fylkesberedskapsråda. I begge fylke fungerer fylkesberedskapsråda også som atomberedskapsutval. I samband med denne samlingen vart Statens strålevern sitt kompetansehevingsprosjekt gjennomført. Dette omfatta også øving.

Atomberedskap var blant hovudtemaene under årets samling for beredskapskontaktane i kommunane. Eit atomberedskapsscenario ligg også til grunn for kommuneøvingane i perioden 2009-2011. Innan utgangen av 2011 vil alle kommunane i fylket ha øvd på atomberedskap i løpet av denne perioden.

Utover det som kjem fram gjennom øvingar og fagsamlingar har ikkje fylkesmannen systematisk oversikt over status for kommunane sin atomberedskap. Slik vi forstår oppdraget vil det vere rimeleg å bygge ein slik oversikt gjennom tilsyn. Fylkesmannen startar ny tilsynssyklus når forskrifta om kommunal beredskapsplikt er vedteken.

Fylkesmannen deltok på to varslingsøvingar i 2010.

## 54.10 Beredskap innen kraftforsyning

Fylkesmannen har god kontakt med kraftforsyninga sin distriktsjef (KDS) både om enkeltsaker (linjeutbygging) og om kraftforsyningssituasjonen generelt. Fylkesmannen er fast deltakar på KBO sitt årlege fylkesmøte og KDS møter fast i fylkesberedskapsrådet. Straumforsyningsproblematikk var inne i scenariet i fylkesmannen si krisehandteringsøving i april 2010. Mot slutten av 2010 vart kontakten med KDS intensivert, jf. avsnitt 2.6, men utover gjensidig situasjonsoppdatering vart det i 2010 ikkje gjennomført særskilte tiltak med omsyn til beredskapsplanverk eller rasjoneringsførebuing.

Fylkesmannen deltok i 2010 under eitt møte der dambrotsbølgekart vart lagt fram.

Flaumvarslingstenesta vart i 2010 følgt opp i samsvar med retningslinjene

# Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

## 55.1 Organisering for krisehåndtering

Oppdraget er utført i samsvar med resultatkravet.

## 55.2 Krisehåndtering

Fylkesmannen sin beredskapsorganisasjon var i 2010 ikkje tungt involvert i større eller komplekse hendingar. Under oskeskya i april/mai fungerte vi som informasjonsnode og rapporteringsledd mellom nasjonale og regionale/lokale styresmakter. Under snøskredveka i mars hadde fylkesmannen tett dialog med vegstyresmaktene og dei berørte kommunane, men det var ikkje behov for direkte engasjement frå fylkesmannen medan det stod på. Vi engasjerte oss imidlertid under evalueringa, jf. resultatområde 55.3.

## 55.3 Evaluering

Etter snøskredveka i mars 2010, jf. avsnitt 2.6, tok fylkesmannen, Statens vegvesen og NVE initiativ til å arrangere eit erfaringssseminar. Sidan hendingane var på seinvinteren, og det ikkje var behov for "hurtigevaluering", vart seminaret lagt til den påfølgande vinteren, og erfaringssseminaret vart gjennomført i januar 2011. Hovudkonklusjon: Det meste fungerte godt, men det er behov for betre planverkk for fortlopende informasjon om vegstengingar og omkjøringsvegar.

# Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 504 570,70	kr 0,00
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 669 851,05	kr 134 902,73
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 2 496,25	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 1 158 826,07	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 154 974,44	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 355 552,01	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 270,00	kr 0,00
Sum:	kr 3 846 540,00	kr 134 902,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### **Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene**

#### **61.1 Kommunerettet samordning**

Vi har gjennomført folkevaltopplæring for enkelte kommunestyre, med vekt på kommunelova, forvaltningslova og offentleglova, samt kommunen sin rolle og plass i styringssystemet.

For å skape ein større grad av heilskap i den statlege styringa av kommunane, har vi forankra tildeling av skjønnsmidlar i heile embedtet. Dette har resultert i årlege prioriterte områder som støttar opp om nasjonale satsingar. Det har også vore fagmøtar med andre statsetatar gjennom året.

Fylkesmannen har arbeid med å få på plass ein generell samarbeidsavtale med KS regionalt gjennom 2010. Denne er no snart framforhandla, og vil gi resultat i 2011.

Det er også starta eit arbeid for å få etablert ein enkapslet forståing av korleis vi skal løyse samordningsoppgåvane. Dette arbeidet går parallelt med Fylkesmannen sitt strategiarbeid. Det er ei tung og krevjande oppgåve, der ein ser at vi treng å etablere tettare band mellom fagmiljø internt, for å lukkast med samordning. Vi har kome i gang, til dømes gjennom skjønnstildeling, men har framleis ein veg å gå før vi er nøgd.

#### **61.2 Omstiling og fornying i kommunene**

Prosjektsskjønnet er vårt klart viktigste middel for å fremje omstilling og fornying hjå kommunane. Også kommunane seier at prosjektsskjønnet til fylkesmennene er det som gjer mest valuta for pengane. Vi følger retningslinjane til departementet, og har fokus på effektiv tenesteproduksjon og kvalitet.

Vi delte ut drøye 6,4 millionar kroner i 2010, fordelt på 32 prosjekt. Totalt kom det inn 63 søknader på til saman 24 millionar kroner.

Vi har dei siste to åra lagt ned ein del arbeid i å få med heile embedtet i prosjektsskjønnprosessen. Alle søknandene blir no fordelt til dei ulike fagavdelingane for vurdering. Dette for at vi best mogleg skal følgje opp sentrale føringar og satsingar, samt ta omsyn til den faktiske situasjonen lokalt ved tildeling. Det enkelte prosjekt får også ein kontaktperson hjå oss. Denne kontaktpersonen skal gje råd og rettleiing underveis for å sikre kvaliteten i prosjekta. Kontaktpersonen skal også vurdere resultata av prosjekta.

Vi har enno ein veg å gå når det gjeld erfaringsspreiing. Vi har no fått med fagavdelingane i vurdering og prioritering av søknadene, samt oppfølgjing via eigne kontaktpersonar. Neste steg i vår plan er at kontaktpersonane og avdelingane skal ta i bruk erfaringane hjå kommunane på sine møter med kommunane.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltar i eit regionalt midtnorsk samarbeid om samordning av tilsyn. Vi var medararangør av en nasjonal tilsynskonferanse der samordning av tilsyn var tema. Vi har i 2010 hatt møte med Arbeidstilsynet for å samordne tilsyna med elevanes og læraranes arbeidsmiljø. Vi har i 2010 hatt møte og delteke på konferansar med dei ulike aktørane for kommunen sin eiegenkontroll. Dette gjeld både kommunerevisjonen og sekretærane for kontrollutvala. På embetet er det oppretta eit tilsynsforum leia av ass.fylkesmann der alle tilsyna på på embetet er representert. Der utvekslar ein tilsynsplanar og drøftar metodespørsmål og elles spørsmål som kan lette den samla belastninga for kommunane.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i Kommuneloven

#### Lovlegskapskontroll av årsbudsjett:

Vi forte kontroll med årsbudsjetta til seks kommunar i 2010. Ein av desse kommunane vart meldt inn i samband med budsjettgjennomgangen. Ytterligare ein kommuna vart meldt inn i samband med rekneskapen for 2009. Talet på Robek-kommunar auka frå fem til sju kommunar i løpet av 2010. Vi oppheva ikkje budsjett, men to av kommunane måtte gjere endringar/oppklaringar før vi handsama dei.

#### Godkjenning av kommunale låneopptak:

Inklusive godkjenning av låneopptak i i samband med årsbudsjett, har vi hatt 19 søknader om godkjenning av lån. Fem av kommunane fikk ikkje godkjent låneopptak likt med det som var budsjettet opphavleg. Utover dette har vi fått inn ein del søknader i løpet av året, ein del av desse Startlån og finansiering av VAR-investeringer. Ein søknad har vi ikkje godkjent i det heile, da investeringa ikkje skulle starte før i 2011.

#### Godkjenning av kommunale garantiar:

Vi har hatt inne 19 søknader om garantiar i 2010. To av desse blei ikkje godkjent i første omgang. Etter endra vedtak og endra vedtekter blei òg desse to søknadene godkjent etter ny søknad. Det har berre vore ein søknad om selvskyldnarkausjon i 2010.

#### Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap:

Vi har hatt seks søknader inne til handsaming i 2010, og alle er godkjent.

### 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

#### Generell rettleiing og dialog:

Rettleiing om økonomireglene i kommunelova med tilhørande forskrifter, blir gitt skriftlig i samband med budsjett og rekneskap. Presiseringar og endringar som skjer i løpet av året, er òg sendt ut skriftlig. KS lokalt har ei faggruppe for kommuneøkonomi. Statsbudsjett og kommuneopposisjon er det gruppa har satt fokus på i 2010. Vi deltek i denne gruppa, og arrangerte ein fagdag for kommunane i samband med statsbudsjettkonferansen i haust. Vi har hatt fleire møter med kommunar i løpet av året. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Desse møte er som regel nært knytt til skjønnstildelinga, refusjonsordningar og inntektssystemtet, men vi har òg hatt møte om økonomiforvaltning, planlegging og budsjettering. Elles har vi mye dialog per telefon om regelverk etter kommunanenes behov.

#### Følgje opp og rettleie kommunar som er oppført i Robek:

Handsaming av budsjett med tilbakemelding og lånegodkjenning er det viktigaste dokumentet for vår dialog med

kommunar i Robek. Vi vitja seks av sju kommunar i 2010. Som regel har vi da eit møte med politiske og administrativ leiiing før ein møter formannskap eller kommunestyre. Her går vi gjennom status for kommunen sin økonomiske situasjon, regelverk og krav og svarer på spørsmål frå politikarane. Nytt av året var at vi hadde ei felles samling for Robek-kommunane. Talet på kommunar i Robek har auka, og vi hadde ei felles samling der vi såg på konsekvensane av å vere oppført i Robek. På samling var òg representantar frå Fylkesmannen si utdanning - og oppvekstavdeling. Dei kom med råd og rettleiing innanfor PPT og spesialundervisning. Vi vil ha med andre fagavdelingar hjå Fylkesmannen for å gi kommunane råd om korleis dei kan gi like gode eller betre tenestar - meir effektivt. Vi er opptatt av at samlinga skal gje rom for dialog og at kommunane skal lære av kvarandre. Ein kommune la fram sitt prosjekt innanfor PPT og ein annan kommune snakka om eigne erfaringar kring endringar i skulestruktur. Det er òg viktig at kommunane kan gje tilbakemelding til oss om deira syn på det arbeidet vi gjer.

#### Ny finansforskrift:

Vi har satt oss inn i ny finansforskrift, og vi har bedt kommunane sende inn vedtak om nytt finansreglement. Dette i tråd med brev få departementet. Det var få kommunar som hadde vedtatt nytt reglement innan opphavleg frist. Vi har følgt opp kommunane som ikkje hadde vedtatt reglement utover hausten og nyåret.

#### Kostra:

Vi lagar eit statistikkhefte som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i fylket kvart år. I dette heftet er vi opptatt av å synliggjere tilråda nivå på dei økonomiske indikatorane. Dette for at politikarane tydeleg skal sjå økonomisk status i eigen kommune. Vi nytta medviten konserntal i denne rapporten. Vi har ikkje fulgt opp nøkkeltal om egedomsforvaltninga.

#### Skjønnsmidlar:

Vi delte ut om lag 100 millionar kroner i ordinære skjønnstilskot. Resten er satt av til fornyingsprosjekt, spesielle hendingar og forpliktande plan for Robek-kommunar. Vi har følgt rettleiinga frå departementet, og bedt om å få innspel frå kommunane om særskilte utgifter.

I tillegg til dette, har vi prioritert barnevern og ressurskrevjande tenestemottakarar. Vi har gitt skjønnsmidlar til kommunar som har særleg høge utgifter til barn under omsorg. Tala kan varierar mykje frå år til år for enkeltkommunar, dette gjeld spesielt for små kommunar. Vi ønskjer å fange opp dette meir enn det som skjer via kostnadsnøkkelen, og barnevern er også eit satsingsområde for regjeringa.

Vi ser også at kommunane i Møre og Romsdal har høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar. Vi har prioritert dei kommunane som har høge utgifter i forhold til fylkessnittet. Desse tenesteområda er utgiftskrevjande og kan varierer mykje frå år til år. Det inneber at kommunane, i ein stram økonomisk kvardag, føler at desse utgiftene er ekstra krevjande.

Vi har i år lagt ein strategi for korleis ein skal prioritere i skjønnstildelinga. Fylkesmannen vil framover i mykje større grad prioritere eit par områder, i tråd med nasjonale føringar/satsingar og eigne vurderingar om situasjonen i fylket. Dette for å samordne og tilpasse betre tildeling av pengar og dei oppgåver kommunane her i fylket har.

## **Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov**

### **63.1 Kommunalrett**

Etter innitasjon frå kommuner har vi 2010 hatt to innlegg med folkevalgtopplæring for kommunestyra og administrasjonane der fokuset var på kommunelova og offentleglova. Etter oppmoding fra ei avis tok vi ved to høve opp spørsmålet om å lukke eit møte i folkevalt organ av eige tiltak. Begge avgjerdene blei stadfesta. Vi har i 2010 ikkje hatt lovlegkontrollar der temaet har vore habilitet. Det er generelt mange telefonar frå kommunane med spørsmål om kommunerettslege spørsmål. I 2010 hadde vi og møte med to ordførarar som undersøkte regelverket rundt kommunesamslåing. Der orienterte vi om regelverket rundt prosessen samt om økonomireglane. Vi har elles fleire kommunar i fylket som no snakkar saman om å endre kommunestrukturen. Vi har relaivt få forespørslar om interkommunalt samarbeid

**Lovlighetskontroll**

Embeter	Saker om lovligheitskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovligheitskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMMR	8	7	1	2	2	0	0	2
<b>Sum</b>	<b>8</b>	<b>7</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>0</b>		

## 63.2 Valg

Da 2010 ikkje var eit valår, var det liten aktivitet på dette området.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Det er i 2010 behandla 10 klagesaker om avslag på innsyn i saksdokument, der 7 av desse sakene gjaldt krav om innsyn i aksjeselskap der det offentlege har ein bestemmande eigarposisjon. I tre av sakene har det sentrale vore om kommunalt eigde kraftselskap er omfatta av offentleglova. Fylkesmannen har for tre av dei aktuelle sakene konkludert med at selskapa er omfatta avlova. Vi har i 2010 ikkje behandla saker om partsinnsyn etter forvaltningslova.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Fylkesmannen er varsle om at det er fire kommunar som har sendt inn søknad til KRD om støtte til utgreiing av konsekvensane med kommunesamanslåing. Dette er Ørsta /Volda og Hareid /Ulstein. Vi har og hatt møte med to andre kommunar ved ordførarane som vurderer å greie ut konsekvensane med kommunesamanslåing. På møtet orienterte vi om reglane rundt prosessen og reglane knytt til økonomi.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Vi har ikkje ein oppdatert oversikt over talet på ulike interkommunale samarbeid i fylket. Gjennom prosjektskjønnet gir vi pengar til interkommunale prosjekt der vi ser at kommunane er tent med å samarbeide. Vi gjer òg råd og rettleiing om lovverket til dei kommunane som ønskjer det. I 2010 var vi med i ein prosess om etablering av ein eventuell samkommune-modell.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Vi behandla 253 klager byggesaksdelen av plan- og bygningsloven i 2010. Dette er ein sterk auke frå tidlegare år, i 2009 behandla vi 180 saker og i 2008 behandla vi 225 saker. Vi nyttar ekstra tildelte pengar frå KRD til å ta inn ekstra bemanning i samband med at vi allereide hadde utlysing av stilling ute då tildelinga kom.

I tillegg til dei 253 sakene etter byggesaksdelen har vi behandla 38 saker etter plandelen i plan- og bygningsloven, til saman har vi dermed behandla 291 klagesaker etter denne lova.

Saksbehandlingstida har gjennom året vore for lang i høve kravet på tre månader. Dei ekstra ressursane som var sett inn på dette området gjer at vi i løpet av første tertial 2011 reknar med å ha nådd ei saksbehandlingstid i

samsvar med kravet i embetsoppdraget.

I 2010 arrangerte vi to konferanser for kommunane i fylket der temaet var ny byggningsdel av plan- og bygningslova. Opplegget for informasjonen samarbeidde vi med Kommunalteknisk forening sine byggesaksnettverk om. Vi hadde opprettet et rettleiingsteam som vart nytta som innleiarar i tillegg til eigne tilsette og ein representant frå KRD. Vi har i tillegg vore ute i to kommunar og presentert bygningsdelen for politikarane i formannskapet. Vi har også eit nært samarbeid med og deltek og på møta i byggesaksnettverka i fylket og gir rettleiing der når det er aktuelt.

## **66.2 Saker om ekspropriasjon**

Vi har behandla 1 søknad om oreigning etter oreigningslova, 2 klagesager om oreigning etter plan- og bygningslova og 6 saker og å ta grunnen i bruk før oreigning, til saman 9 saker. Sakene har tildels vore store og omfattande.

## **66.3 Klage etter eierseksjonsloven**

Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	1	0	1	§6
<b>Sum</b>	<b>1</b>	<b>0</b>		

## **66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård**

Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0	0	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## **Ressursrapportering**

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 1 062 154,19 kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 2 469 597,05 kr 0,00
Andre oppgaver under KRD	kr 279 139,29 kr 0,00
Sum:	kr 3 810 890,00 kr 0,00

## **Arbeidsdepartementet**

### **Resultatområde 73 Levekår og sosiale tjenester**

#### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Fylkesmannen har behandla 98 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV. 91 av sakene var etter § 18/19, 5 saker var om vilkår etter § 20, 1 sak var om mellombels bustad og 1 sak var om kvalifiseringsprogrammet. 90 saker vart stadfesta, 1 oppheva og 6 endra. 70 av sakene, det vil seie 71% av sakene blei behandla innan 3 månader. Grunnen til at vi ikkje klarte å oppfylle målet om 90%, var vakanse i stillingar.

Vi viser ellers til rapportering til Statens helsetilsyn for 2010 når det gjeld klagesaker etter sosialtenestelova i NAV. Dette blei sendt inn elektronisk den 20.01.11. Viser også til SYSAM (systematisk samanlikning) som vi rapporterer kvart tertial.

Fylkesmannen hadde opplæring i lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, herunder om sammenhangen til lov om arbeids- og velferdsforvaltningen § 14a. Opplæringa skjedde i Ålesund 17. juni og i Molde 18. juni.

## **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen - formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Fylkesmannen deltek i "Samarbeidsarena NAV" (regional likeverdig samarbeidsarena for NAV) saman med NAV fylke og KS (repr for rådmenn, ordførere og sekretær) Ca 3 - 4 møter pr år. Gruppa reetablerte seg i 2010 med nytt mandat. Gruppa har i 2010 planlagt eit erfaringsmøte med alle kommunar/NAV kontor. Møtet er tidfesta til 16.03.11

Saman med NAV fylke har vi gjennomført 2 runder med Faglige Fora for KVP som i praksis også innbefatter sosialfagleg arbeid i NAV

Fylkesmannen har drive rettleiing av sosialfagleg art etter ynskje frå kommunane. "Følge-med-ansvaret", er forsøkt ivaretatt gjennom klagesaksmøte i avdelinga.

Vi har fått tilsendt kopi av søknadar til kommunar som søker tilskotsmidlar til prosjekt barnefattigdom, og kopi av vedtak når søknadane er avgjort i NDU. Slik held vi oss oppdatert på kva som skjer av utviklingsarbeid i kommunane.

I 2010 etterlyste vi kontakt og informasjon frå HUSK prosjektet ved NAV Kristiansund. På tampen av 2010 fekk vi ein avtale om et informasjonsmøte 12.01.11. Utover dette har det ikkje vore aktivitet på dette område.

Vi har ved 3 høve gjeve økonomisk støtte til fellessamling for NAV kontor i 3 tenesteområder. Vi har også delteke med innlegg på desse samlingane.

Aktivitetar ut mot NAV kontor blir samordna med NAV fylke, og vi legg vekt på å samordne internt; NAV, KVP, Rus, boligsosialt arbeid, psykisk helse og økonomisk rådgjeving. I 2010 bestemte vi oss for å lage ein samarbeidsavtale mellom Fylkesmannens si helse- og sosialavdeling og NAV fylke. Denne skal godkjennast i første halvdel av 2011.

Deter gjennomført kurs i Lov om sosiale tenester i NAV jf punkt 73.1. Dette i samarbeid med NAV fylke.

Fylkesmannen har gjennom året fremja ynskje om å delta i NAV fylke sine møter med NAV leiarar. På tampen av 2010 fekk vi lovnad om samarbeid om, og deltaking i slike møter i 2011.

## **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Arbeidet med Kvalifiseringsprogrammet var organisert som eit felles prosjekt mellom Fylkesmannen og NAV fylke. I løpet av 2010 rapporterte vi tertialsvis. I desember 2010 leverte vi en felles rapport på KVP arbeidet jf embedtsoppragget.

## **73.4 Utenrettlig økonomisk rådgivning**

Fylkesmannen har oppdatert lister over kontaktpersonar for øk.rådgjeving i kommunar/NAV-kontor.

Det er gjennomført vidaregående kurs i øk. rådgjeving/gjeldsrådgjeving med førelesarar frå kompetansegruppa/regionkontakten hos Fylkesmannen i Hordaland, 22. og 23.04.10 med 38 deltakere. Kursstad Kristiansund.

Det er gjennomført grunnkurs i øk. rådgjeving med førelesarar frå kompetansegruppa/regionkontakten hos Fylkesmannen i Hordaland, 04. og 05.11.10 med 62 deltakere. Kursstad Ålesund.

Det er i 2010 ikkje oppretta eigne faglege nettverk innanfor dette resultatområde, men tema er brakt inn i dei 5

Faglige Fora som er oppretta i samband med Kvalifiseringsprogrammet. Planlegging av fagleg fora/nettverk for gjeldsrådgjevare i Nav-kontora starta seinhausten 2010. Av ymse årsakar, vert dagane gjennomført primo 2011.

Alle kommunar/Nav-kontor og kontaktpersonar er gjennom e-post informert om nytt på dette området. Her kan nemnast mellom anna kurs og konferansar.

FM har og gjeve økonomisk bistand til oppretting av eit eige fagopplegg for 5 kommunar på Nordmøre som har inngått avtale om interkommunalt samarbeid på gjeldsområdet.

Representant får Fylkemannen har delteke på rådgjevarsamling i regi av Av-dir på dette området i mai, og har og delteke på konferansen Pengar til besvær hausten 2010.

### **73.5 Boligsosialt arbeid**

FM har 2010 vitja nokre av kommunane som har hatt eller har fått tilskot til bustadsosialt arbeid. Dette er kommunane Hareid, Kristiansund, Nessest, Sande, Vanylven, Volda, Fræna og Vestnes. Fleire av besøka vart gjennomført i samarbeid med rådgjevar på rusområdet. Dette var i hovudsak dei kommunane som også har tilskot til oppfølging av personar med rusrelaterte problem. Kommunane har utfordringar med å skaffe nok og varige husvære, og husvære av god kvalitet. Samstundes ser vi at kommunane også har utfordringar med å få ordninga med oppfølging i bustad inn på budsjett som ei varlig teneste. Til tross for tilskotsordninga er det framleis bustadsløyse og eit stort press på bustadmarknaden.

FM har i samarbeid med Husbanken arrangert ei felles 2-dagars nettverkssamling/arbeidsseminar for dei kommuane som har hatt og har tilskot på begge områda, rus og bustadsosialt. Representantar frå 18 kommunar med boligsosialt tilskot deltok på denne samlingen.

I samarbeid med AV.dir gjennomførte vi i månadskiftet september/oktober ein bustadsosial studietur for rådgjevarar på område bustadsosialt arbeid og barnefattigdom frå alle fylke og repr. frå Husbanken i Møre og Romsdal. Turen varte i 3 dagar og det var 30 deltakarar inkl. 2 represantantar frå Av-dir. Vi besøkte 5 kommunar, Kristiansund, Fræna, Molde, Vestnes og Ålesund. i tillegg deltok representantar frå Sunndal og Herøy kommunar med orientering om sine prosjekt innan barnefattigdom.

FM har og etter oppdrag informert alle kommunar/Nav om tilskotsordninga og delteke i møte med AV-dir for å beslutte fordeling av tilskot for 2010. Det er i 2010 12 kommunar som mottek bustadsosialt tilskot.

### **73.6 Barnefattigdom**

Fire kommunar i Møre og Romsdal har motteke tilskot for arbeid mot barnefattigdom. Det er kommunane Kristiansund, Molde, Herøy og Sunndal.

FM har fått inntrykk av at dette er eit område kommunane no ønskjer å belyse. Vi har fått orientering frå alle dei fire kommunane. Nokre av kommunane er kome langt i sitt arbeide og kan vise til gode resultat der barn som elles har vore eksludert frå sosiale/kulturelle aktivitetar no er deltakande gjennom ordninga kommunane har fått organisert. I Molde kommune er det til dømes ein utlånsordning av ymse utstyr slik at born kan delta på ulike aktivitetar. Like eins har dei og laga eit opplevelseskort for born som elles ikkje har mogleiheit til å delta på aktivitetar som symjing, kino og anna. Ein ser og at denne ordninga har bidrige til ei større samordning mellom ymse etatar i kommunen.

Utfordringa for kommunane er å gjera dette til ei ordning som ikkje verkar stigmatiserande for borna som mottek slik hjelpe.

Ellers viser vi til rapportering under punkt 73.5 når det gjeld studietur for rådgjavar i alle fylke som vart gjennomført i Møre og Romsdal.

Det er ei utfordring at ramma for tilskot som kommunar kan søkje på til å kjempe mot barnefattigdom, er såpass lita. Dette gjer at prioritering av kommunar som blir innvilga tilskot er sers streng. Det var 3 kommunar i Møre og Romsdal som fekk avslag på søkandar i 2010.

FM informerer kommunane/Nav om tilskotsordninga og deltek i møte med AV-dir for endelig avgjerd om kva kommunar som skal innvilgast tilskot.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510 Fagdep.
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 424 863,41 kr 0,00
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 367 054,78 kr 0,00
74 Tilsyn med sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen	kr 206 804,35 kr 0,00
Andre oppgaver under AD	kr 954,00 kr 0,00
Sum:	kr 999 676,00 kr 0,00

## Resultatområde 75 Habilitering og rehabilitering

### 75.1 Habilitering og rehabilitering – nasjonal strategi

Fylkesmannen har gjennomført to regionale konferanser i samarbeid med Helseforetaket og Helsedirektoratet for etablering av koordinerende eininger. Samling i Molde 03.11.10 og Trondheim 05.11.10. Til saman deltok ca. 150 personar, for det meste representasjon frå kommunane i dei to fylka. Det vart løvd midlar pålydande kr.200 000,- til taket, ca.kr.100 000,- medgikk.

Fylkesmannen har sett fokus på tenester til personar med funksjonsnedsetting og personar med utviklingshemming gjennom årets Omsorgskonferanse der temaet var Aktiv Omsorg.

### 75.2 Barn med nedsatt funksjonsevne og deres familier

Alle kommunar har i e-post fått orientering om prosjekt Familievegvisar i 2010.

### 75.3 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders og sykehjem

Fylkesmannen har fulgt opp kommunar som ifylgje IPLOS-rapportering hadde personar under 50 år busett i alders- og sjukeheimar. Vi viser her til særskilt rapportering.

## Resultatområde 76 Kvalitet og samhandling

### 76.1 Samarbeid mellom 1. og 2.linjetjenesten

Fylkesmannen har fått kopi av vedtak om tilskot til samhandlingsprosjekt i vårt fylke.

Vi har arrangert to nettverkssamlingar innan rus og psykisk helse for tilsette i kommunar og spesialisthelsetenesta. Spesialistnivåa har vore invitert til å delta i planlegging og gjennomføring av gruppearbeid om samhandling.

Helse Sunnmøre er pilot på elektronisk føring av §3-3 meldingar og vår kontaktperon har delteke på nasjonal nettverksamling.

Det er teke initiativ til kommunesamarbeid i alle deler av fylket når det gjeld førebuing av Samhandlingsreformen. Fylkesmannen har gjort vedtak om å prioritere skjønnstilskot til ein felles stillingsressurs på dette feltet.

### 76.2 Individuell plan

Individuell plan var tema på dei to regionale konferansane i samarbeid med Helsedirektoratet for etablering av koordinerande einingar. Samling i Molde 03.11.10 og Trondheim 05.11.10. Til saman deltok ca. 150 personar, for det meste representasjon frå kommunane i dei to fylka.

Individuell plan er et sentralt tema i våre tilsyn og møter med kommunene.

## **76.3 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten**

Fylkesmannen gir råd og vegledning knyttet til kvalitetsforbedring og til nasjonal kvalitetsstrategi ved oppfølging av tilsyn, ved telefonhenvendelser og i e-post-kontakt med kommunene.

Kvalitetsstrategien har vært fremmet bl.a. i plan-konferanse, nettverksarbeid for psykisk helse og rus, i omsorgskonferansen og ved 6 tilsyn med pleie- og omsorgstjenester.

## **76.5 Felles digitalt nødnett**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikke hatt oppdrag eller tiltak på dette feltet.

## **Resultatområde 77 Andre oppdrag**

### **77.1 Helsemessig og sosial beredskap**

På grunn av pandemien i 2009/ 2010 har det vore betydelig aktivitet i alle kommunar med å oppdatere planverk.

Dei siste åra har kommunane arbeid med krise og- beredskapsplanar, helse og sosialberedskapsplanar, smittevernplanar med pandemidelplanar og plan for massevaksinasjon, plan for samfunnsmessige konsekvensar av stort arbeidsfårvær og arbeid med planverk i skule og barnehagar. Pandemien førte til at arbeid med planverk i stor grad vart forankra i leiing og det vart tverrfagleg samarbeid om planverket.

Tilsyn med kommunane si oppfølging av lovfesta krav til helsemessig og sosial beredskap blir utført i samarbeid mellom helse og sosialavdelinga og kommunal og beredskapsavdelinga. Den systematiske gjennomgangen av øvrig kommunal oppfølging av samfunnstryggleik og beredskap blir gjennomført som rettleiingsmøte. Tilsyn/ rettleiingsmøte vert dokumentert og følgt opp gjennom rapport til kommunen. Det vart i 2010 avdekt eitt avvik mot manglande oppfølging av krav heimla i lov om helsemessig og sosial beredskap. Avviket vert følgt opp av Helsetilsynet i fylket.

Helsedirektoratet deltok saman med fylkesmennene og helseføretaka i Midt-Noreg på eit dagsseminar om helse- og sosialberedskap i Stjørdal 04.11.2010. Seminaret var eit første steg på vegen mot eit større opplæringsopplegg innanfor helse- og sosialberedskap i regionen. Innspel og diskusjonar om utforminga av dette opplegget var eit viktig mål for seminaret. Nokre kommunar var representert på seminaret og alle kommunane fekk informasjon om semiaret og plana for 2011.

### **77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	8	
<b>Sum</b>	<b>8</b>	

### 77.3 Særfradrag

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	51	40
<b>Sum</b>	<b>51</b>	

### 77.4 Førerkortsaker

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	907	26
<b>Sum</b>	<b>907</b>	

### 77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMMR	1
<b>Sum</b>	<b>1</b>

### 77.6 Rett til trygderefusjon

V i har ikke hatt noen henvenmdelser i 2010.

### 77.7 Helse- og omsorgsmelding (tidligere Helse og sosialmelding)

Helse- og omsorgsmelding var ferdig og utsendt 12.mars 2010.

### 77.8 Rettssikkerhet ved ytelse av helsehjelp med hjemmel i pasientrettighetsloven kap. 4A

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2010 invitert alle kommunane i Møre og Romsdal til kurs om pasientrettighetslova kap. 4A. I tillegg har vi deltatt på fagdag på høgskulen i Molde med innlegg om temaet. Enkelte kommunar har fått rettleiing i enkelt saker eller pr. telefon. Fylkesmannen har deltatt på internopplæring i ein kommune, samt deltatt på møte med fylkestannlege med flere.

På bakgrunn av innspel frå kommunar og helseforetak blir det planlagt nye opplæringstiltak også i 2011.

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Det er ei god utvikling av folkehelsearbeidet i kommunane. 28 av 36 kommunar i fylket har partnarskapsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune. Alle desse kommunane har tilsett folkehelsekoordinator. Det har vore 2 fellessamlingar og 2 regionale samlingar for koordinatorane i 2010. Tema har vore planarbeid, ny folkehelselov, ernæring og fysisk aktivitet. I tillegg har vi ein bok med "info frå regionalt nivå" der vi legg vekt på dei nasjonale føringane og vi nyttar høve til erfearingsutveksling mellom kommunane. Fylkesmannen deltek på desse samlingane.

Det årlege møte i partnerskapsforum med kommunane hadde tema om samhandlingsreforma og det førebyggande arbeidet i kommunane, frisklivsentrals som ein del av folkehelsearbeidet og lokale prosjekt var presentert. 60 personar deltok på møtet.

Fylkesmannen deltek i møte i folkehelseutval ( styringsgruppe for partnerskap for folkehelse) og i stabsmøte i fylkeskommunen. I stabsmøte samhandlar vi om dei tema som blir løfta inn i dei ulike møteplassane.

Det tek tid å implementere folkehelse i dei ordinære tenestane, men mange kommunar har no tiltak mellom anna innan fysisk aktivitet og kosthald som skal vidareførast etter prosjektperiode. Det er ei god kvantitativ utvikling.

I 2010 har vi uttalt oss til planar frå Ulstein,Nesset, Sandøy, Molde og Rauma. I Raumakom høve mellom landbruksareal og behovfor nye omsorgsbustader på ei attraktivt omst særleg på spissen.

#### Folkehelsearbeid

Embeter	Antall	Gjennomsnittlig saker	saksbehandlingstid
FMMR			
<b>Sum</b>	<b>0</b>		

### 83.2 Miljørettet helsevern

Eit få tal nye saker som skal behandlast etter Kommunehelselova kap 4A kjem inn i løpet av året. Nokre blir sendt tilbake til kommunen til første gongs handsaming. Nokre få saker er særstundt omfattande, og har ofte vore behandla hos Fylkesmannen ved gjentatte anledningar gjennom fleire år, etter anna lovverk.

### 83.3 Ernæring, fysisk aktivitet, tobakk og seksuell helse

Alle ungdomsskolane og kombinerte barne- og ungdomsskolane i fylket tilbyr gratis frukt og grønt. I løpet av året har nokre kommunar hatt problem med å oppfylle kravet, men vi er ikkje kjent med at det for tida er noko avvik.

Andel elevar som deltek i FRI-programmet er for vårt fylke 79 %. Det er ei auke på 3 % frå i fjor. Kristiansund kommune har fått tilskot for å arbeide med implementering av FRI for alle elevane ungdomsskolane.

100 % av dei vidaregåande skolane i fylket har vedtak om totalt røykeforbod. Forbodet gjeld både elevar, tilsette og andre som oppheld seg i skolane. Vi har i 2010 oppfordra fylkeskommunen som skoleeigar til å arbeide for at vidaregåande skolar skal bli tobakksfri i skoletida. Det vil inkludere den tida elevane og personale er i skolen, og vil og omfatte friminutta og skolane sine "randsoner" utanfor skole og uteområde. 2 vidaregåande skolar har prøvd ut tilbod om røykeslutt-kurs.

Det er arrangert seminar om "tobakksførebygging i det lokale folkehelsearbeidet". Tilrettelegging for å markere Verdens tobakksfrie dag i kommunane er gjennomført. Opplegg med "flygeblad", faktaark, T-skjortar m.m. blei sendt til alle kommunane. Her deltek også frivillige organisasjonar og sjukehus.

Det er gjennomført mange tiltak innan ernæringsarbeid. Prosjekt Fiskeprell er vidareført frå i fjor, for å auke sjømat i måltida i barnehagane. Erfaringar tilseier at prosjektet er ein suksess. BRA MAT kurs for betre helse - fleire kommunar er i år kome i gang med kurs. Retninglinjer for mattilbod i kantinar i vidaregåande skoler er gjort kjent. Det er ein skole i fylket som ikkje har kantine. Kosthald er og kome med i opplæring for tilsette i skolefritidsordninga. Ernæring var og tema på ei samling for personar som arbeider i rusomsorgen. Vi ser at tiltak innanfor ernæring blir sett i verk i det kommunane folkehelsearbeidet i aukande grad.

Det er gjennomført mange tiltak innan fysisk aktivitet i skolen. Mellom anna i opplæring for tilsette i fritidsordningar, skole og nærmiljøanlegg, aktiv på dagtid m.m. Det viktige her er å oppretthalde og vidareutvikle tiltak som eksisterar.

Det er etablert tilbod om helsetenester for alle studentane ved alle tre høgskolane i fylket. Alle desse har fått

## 83.6 Smittevern

Det har ikkje vore behandla klagesaker etter lov om smittevern i 2010.

## Resultatområde 84 Primærhelsetjeneste

### 84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen

Vi har ikke i 2010 mottatt aviksmeldinger mht. kapasitetet. I noen kommuner kjenner vi til at det har vært problem med stabiliteten, bla. med mye innleie av vikarer i korte og lengre perisoder.

Nye retningslinjer er tatt opp i foskjellige møter og kurs med helsepersonell, spesielt mht. aktivitetshåndbok-fysisk aktivitet.

Retningslinjer for underernæring var egen samling, kurs i 2009.

Det er imidlertid en utfordring å få fastleger til å delta i samlinger kurs.

### 84.2 Turnustjeneste

I Møre og Romsdal er det oppretta 29 turnusplassar for legar. Fordelinga vert gjort to gonger i året og talet på kandidatar varierar. Våren 2010 fekk vi tildelt 28 turnusleger. Ved oppstart 15. februar var det ein kandidat som hadde fått godkjent permisjon og ein ny kom til. Dermed vart ein kommune utan turnuslege. Hausten 2010 fekk vi tildelt 32 kandidatar. To fekk då permisjon. Tala for vår og haust er framleis ustabile. Til haustvalet måtte vi opprette ein ny turnuslass.

Vegleiing: Det er tilsett tre legar som går i 17% stilling kvar, og som deler fylket mellom seg. Dei har fire møter med turnuslegane pr halvår.

#### Kurs i legevaktsmedisin og normaltariffen

Dette kurset er lagt opp over to dagar og vi har ein fast avtale med Molde sjukehus og Den norske Lægeforening i Møre og Romsdal. Den eine dagen er det akuttmedisin i samarbeid med Molde sjukehus, den andre dagen er sett av til normaltariffen ved legeforeninga. Kurset blir lagt til andre veka etter at legane har starta i kommunehelsetenesta. Responsen frå turnuslegane er svært positiv.

#### Turnusteneste for fysioterapeutar

For å få godkjenning som fysioterapeut må ein ha gjennomført turnusteneste i eitt år med seks månader i kommunehelsetenesta og seks månader i institusjon. Til vanleg er det 6-8 turnuskandidatar kvart halvår i kommunane si helseteneste og 7 – 10 på institusjon.

Talet på uteksaminerte fysioterapeutar har vore noko ustabilt.

Vi har gjennomført kurs i offentlig helsearbeid for turnuslegar og fysioterapeutar over to dagar vår og haust.

### 84.3 Klagesaksbehandling etter lov om helsetjenesten i kommunene, pasientrettighetsloven og lov om sosiale tjenester

Ein viser til årsrapporten for resultatområde 82.4 Statens Helsetilsyn, der detaljert elektronisk rapport (RegRoT) er innsendt pr. 07.01.11.

Av dei til saman 51 rettigkeitssakene som der er omtala, er det 15 saker som gjeld kommunehelsetenesta.

Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	15	88
<b>Sum</b>	<b>15</b>	

## 84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Ingen aktivitet å melde i 2010

## 84.5 Helsetjenestetilbud til asylsøkere, flyktninger, familiegjenforente og direktebosatte overføringsflyktninger

Det er gjennomført to møte med dei som forvaltar helsetjenestetilboden i mottak. Alle mottak i fylket var representert på møta. Innhaldet i møta bidrar til utvikling av fagleg tilbod. Den reviderte veilederen om helsetjenestetilboden til asylsøkjarar, flytningar og familiegjenforente har vore eit av tema.

Det er ikkje registrert avvik i helsetjenestetilboden i mottak.

## 84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Likeverdige helse- og omsorgstenester har vore fokusert i møte med kommunane når planarbeidet har vore tema. Ved etterspørslar er det gitt råd og veiledning til kommunane.

Vi har ikkje innhenta oversikt i 2010, over korleis den einskilde kommune ivaretok det i deira styringsdokument.

## 84.7 Helsetjenestetilbud til personer utsatt for seksuelle overgrep eller vold i nære relasjoner

Fylkesmannen gjennomførte møte med representantar frå kommunane og personell knytt til dei tre etablerte mottaka i fylket 10.12.2010. Formålet med møtet var å få ein oversikt over utviklinga så langt og å avdekke dei utfordringane ein ser.

**Ålesund:** Mottaket har samla mottatt ca. 2.1125 mill. i økonomisk støtte over ein periode på 4 år. Ny legevakt er lokalisert til Ålesund sykehus, og den gamle legevakta er pussa opp til overgrepsmottak (innflytt 09.12.10). Desse er nå samlokaliserte. Begge einingane er organisert under samme leiing (Janne-Grete Havnegjerde). 11 kommunar har inngått avtale om bruk av mottaket. Beløpet den einskilde kommunne betalar er berekna ut i fra innbyggertallet. Det vart registrert 29 akuttsaker i 2009. Tilsvarande for 2010 er 18 saker. I drifta inngår to årsverk, dette inkluderar 5 sjukepleiarar i eit bakvaksystem med betaling i forh i 1:5. I tillegg inngår legar som kan tilkallast etter behov (6 personer). Overgrep mot barn vert henvist til Tr.heim, men får også hjelpe akutt mht sporsikring i Ålesund. Ikke alle kommunane som naturleg soknar til Ålesund har inngått avtale. Fylkesmannen vert utfordra mht å vurdere det faglege tilboden i dei kommunane som ikkje er med her. Det blir opplevd som frustrerande frå mottaket at einskilde kommunar kan velge seg bort frå tilboden. Lovverket fremstår også vagt og tiliten hjelpe for mottaket for å knytte aktuelle/fleire kommunar til å delta.

**Kristiansund:** Mottaket har samla teke imot 0,750 mill. i tilskot og starta med tilrettelegging i 2005. Leiinga opplever det utfordrande å prioritere systematisk arbeid innan fagområdet. Midlane er i hovedsak bruk til innkjøp av div utstyr og kompetansebygging. Tiltaket er knyttet til felles legevaktssentral for kommunane Kr.sund, Gjemnes, Tingvoll og Averøy. Tross oppmodning og initiativ ovanfor kommunane på Nordmøre er det ikke pr. dato inngått avtalar, med unntak av Surnadal kommune. I tilboden inngår 8 sykepleiarar som blir tilkalla etter behov. Dei mottar i henn til inngått avtale kr. 10 000,- pr sak. Sjukepleiarane har gjennomført grunnkurs i temaet. Det er ønske om faste stillingsbrøkar for å drifte tilboden, men ein har ikkje lukkast i å få økonomisk inndeckning for dette. Ein opplever sviktande motivasjon frå dei som deltek frivillig i vaktordninga. Mottaket hadde 13 akuttsaker i 2009. Tilsvarande for 2010 er 4 saker. Det har ikkje vore mottak av menn sidan 2007. Barn blir henvist til Tr.heim, men mottaket bidrar med sporsikring. Det er lite fokus på vold i nære relasjoner. Det er behov for å betre tenestetilboden.

**Molde:** Mottaket har vore i drift sidan 1991. Etter søknad vart kommunen tildelt 0,750 mill. i 2006. Utviding av Molde legevakt er under planlegging der fleire kommunar inngår. I tillegg er nyt overgrepsmottak under planlegging av Molde nye sjukhus(?) i etablert legevakt inngår Molde, Nesset, Sunndal, Eide og Fræna. Ingen formelle avtalar om overgrepsmottak er inngått med kommunane pr. dato. Midlene er i hovedsak bruk til innkjøp av div utstyr samt kompetansebygging. I tillegg er det brukt en del ressursar på utvikling av prosedyremateriell. 13 sykepleiere inngår på engen tilkallingsliste. Det blir utebetal godtgjæringer i samsvar med vanleg tariff. Det har vore deltaking på nettverksmøter i Tr.heim. Mottaket tok imot 7 akuttsaker i 2009. Tilsvarende for 2010 er 6 saker. Tiltaket bygger på rein idealisme frå dei som står på liste. Ein er betenkta over lite "mengdetrenings". Prosedyre på mottak av menn er utarbeidd, men det var ikkje hendingar i 2010. Vald i nære relasjoner blir opplevd som ei utfording og inngår generelt i akuttmottaket sitt tenestetilbod.

## 84.8 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten

I arbeidet med folkehelsa i kommunane blir som oftest tilsette i helsestasjon og skolehelsetenesta inkludert som målgruppe på samlingar, møtar og kurs. Ettersom fylket har mange små kommunar er dei lokale forhalda slik at dei som arbeider med folkehelse har samhandling med dei som arbeider med førebygging. Nye faglege retningsliner er tema på samlingar og dei blir formidla i nettverksamlingar for helsesøstre og dei blir gjort kjente via internett.

Det er ikkje rapportert avvik i kapasiteten i helsestasjons- og skolehelsetenesta i fylket. Den nasjonale kartlegginga om årsverk i skolehelsetenesta viser at Møre og Romsdal ligg litt under landet førvrig. Kartlegginga viser at tenesta er lite tverrfagleg samansett.

Vi har gjennomført kurs /møter med tema tobakksførebyggig, sosiale skilnader og samhandlingreforma.

Det har vore etterspørsl etter kompetansehevande tiltak innan ernæring blant anna frå helsesøstre. I samarbeid med fylkeskommunen og Høgskolen i Molde er det no starta studie i Kosthold og helse.

## **84.9 Svangerskapsomsorgen**

Det er ikkje avdekk avstrekkeleg jordmordekning i fylket.

## **84.10 Kjønnsledestelse**

Det er arrangert konferanse som kompetansehevande tiltak om kjønnsledestelse, i samarbeid med Butetat og RVTS-midt. (Regionalt senter for vold og traumatiske stress). Målgruppa var tverrfagleg, og det deltok 51 personar.

Det er gitt tilskot til start av mor-barn grupper og det er gitt tilskot til arbeid med informasjonsarbeid retta mot dei berørte gruppene.

## **84.11 Tannhelse**

Fylkesmannen gjennomfører årleg møte med fylkestannlegen. Målet for møtet er gjensidig informasjon og oppdatering når det gjeld status og oppdrag. Dette møtet fann stad 13.januar 2010.

Fylkestannlegen deltok med innlegg på samling for kommunar med Rus-prosjekt i juni 2010. Fylkestannlegen deltok også på Omsorgskonferansen 2010.

Fylkesmannen har delteke med informasjon på møte med tannpleiarar i fylket. Tema for vårt innlegg var "Handlingsplan for betre kosthald".

# **Resultatområde 85 Spesialhelsetjenesten**

## **85.1 Abortloven**

Det er fire primærnemnder i vårt fylke. I 2010 har det ikkje vore utskifte av medlemmar i nokon av nemndene.

## **85.2 Sterilisering**

Det har vore behandla ei sak i steriliseringsnemnda i Møre og Romsdal i 2010. Det er ikkje utnemnd nokon nye medlemmar i nemnda i 2010.

## **85.3 Lov om transplantasjon**

Vi har ikke mottatt søknader/hatt sdaker på dette området i 2010

## 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	413	7
<b>Sum</b>	<b>413</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Vi har ikke mottatt søknad om slike saker i 2010

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## Resultatområde 86 Omsorgstjenester

### 86.1 Omsorgsplan 2015

**Samla oppfølging:** Fylkesmannen i Møre og Romsdal har organisert arbeidet med Omsorgsplan 2015 som eit prosjekt. Prosjektet er organisert med brei deltaking frå ei rekke interne og eksterne aktørar. Tiltaka rettar seg i hovudsak mot kommunane og gjeld alle aldersgrupper uavhengig av diagnose. Planen har fylgjande fem resultatmål:

- Kommunane er godt førebudd på framtidige utfordringar ved å ha kartlagt behov og utarbeidd planer for omsorgstenestene. Planane er integrert i kommunane sitt overordna planverk.
- Kommunane har nødvendig personell og fagkompetanse i samsvar med eigen kompetanseplan.
- Brukarar av omsorgstenester har nødvendig tilgang på bustadar tilrettelagt for heildøgnstenester.
- Det er auke i dagaktivitetstilbodet for personar med demens jf 2007-nivået.
- Det er god kvalitet i tenestene jf Kvalitetsforskrifta.

Det er utarbeidd prosjektplan med milepælplan for året, innan kvart resultatmål. Prosjektleiar rapporterer til styringsgruppa som frå 1.januar 2010 (etter opplysing av Einskapsfylket) er leia av Fylkesmannen.

Det vart sendt inn ein eigen årsrapport for 2009 på dei samla delplaner og tiltak i Omsorgsplan 2015 i tråd med kravet om rapportering med frist 15.september 2010.

**Aktiv omsorg, forskning og utvikling:** Aktiv Omsorg har vore hovudtema i 2010. Difor var dette også temaet for årets omsorgskonferanse i september. Fylkesmannen deltek i styringsråda for begge Utviklingssentra for Omsorgstenester. I samarbeid med desse nettverk for sjukeheimar utvida til også å omfatte heimetenester. Det er oppretta eit samarbeidsutvalg for nettverket, der også dei tre høgskolane og senter for Omsorgsforskning deltek.

Vi ser det som viktig å spreie erfaringar frå tilsyn og forskning. Den årlege erfaringskonferansen er flytta til desember 2011.

**Kommunal planlegging:** Fylkesmannen har gjennomført kursdag i omsorgsplanlegging og introdusert vegleiar i omsorgsplanlegging i samsvar med plan- og bygningslova. Vi har også arrangert fagdag i samarbeid med Husbanken for kommunar som planlegg bygging.

### 86.2 Demensplan 2015

Fylkesmannen deltok i innsamling av gode eksempel innan demensomsorga.

I samarbeid med Fylkesmannen i Nord- og Sør-Trøndelag gjennomførte vi studietur til Skottland for å sjå på omsorgsteknologi. Det blir no planlagt eit regionalt prosjekt for å prøve ut ulike typar teknologi i 3-4 kommunar i kvart av fylka.

Fylkesmannen prioriterte også i 2010 tilskot til Demensomsorgens ABC. Beløpet vart auka til 1500 kr pr deltakar.

Fylkesmannens omsorgspris gjekk i 2010 til dagsenter for personar med demens i Molde kommune.

### **86.3 Kompetanseløftet 2015**

Kompetanseløftet er fylgt opp som del av prosjekt Omsorgsplan 2015. Det er etablert eiga arbeidsgruppe som arbeider med utfordringar knytt til rekruttering og utdanning i helsearbeidarfasaget og fagskole. Gruppa var i 2010 leia av KS sin prosjektleiar for Aksjon Helsefagarbeidar. Kvart år i januar gjennomfører vi møte med kontaktpersonar frå alle kommunar, der vi går gjennom krav til rapportering og søknadsprosedyre, samt informerer om aktuelle utdanningstilbod.

Vi gjennomfører kvart år to konferansar for elevar i VG2. Desse vart flytta til januar 2011. Fokus er rekruttering til læretid. Kommunane er tilstades i konferansen for å profilere seg med eigne stands. Det er etablert fire rekrutteringspatruljer i fylket, med tilskot frå Kompetanseløftet. Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust.

Vi delteke i arbeidsgruppe for kompetanse i Fylkesplanen, og Fylkestinget har vedteke fleire mål som gjeld kompetanse i omsorgssektoren.

Sommaren 2010 sendte Fylkesmannen i MR ut brev til kommunane for å minne om arbeidet med normering av legetimar i sjukeheim.

Konferansen "Rekruttering og arbeidsglede" fann stad i november.

Det er også gjeve tilskot til fire rekrutteringspatruljer i fylket.

Vi viser elles til rapport pr 1.mars.

### **86.4 Investeringstilskudd til sykehjem og omsorgsboliger**

Det er etablert eiga arbeidsgruppe i fylkesmannsembetet for gjennomgang av søknadar frå kommunane. Søknadane er handsama i høve til fristane, og uttale er sendt Husbanken.

Kulepunkt 2: Det har i samarbeid med Husbanken vore arrangert ein fagdag for kommunane om investeringstilskot i september 2010. I tillegg har fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen arrangert ein fagdag om kommunal planlegging i høve til omsorgsplan, herunder planlegging av sjukeheimar og omsorgsbustadar i 2010.

Etter studietur til Skottland, blir det no planlagt kommunale prosjekt for Omsorgsteknologi delvis finansiert med skjønnstilskot frå fylkesmannen, og organisert i eit felles regionalt Midt-Norsk felles prosjekt.

### **86.5 Kvalitet i helse- og omsorgstjenesten**

Den årlege erfaringskonferansen etter tilsyn er flytta til februar 2011.

Det er gjennomført kurs i medikamenthandtering og tvang.

Det er gjennomført konferanse om koordinerande eining og temadag om IPLOS.

Vi har gjennomført det årlege møtet med Fylkestannlegen.

I samsvar med årleg praksis i Omsorgsplan 2015, er Omsorgsprisen 2010 tildelt ein kommune for utvikling av kvalitet i tenestene.

Den årlege Omsorgskonferansen hadde fokus på aktiv omsorg og var samtsundes ein arena for å spreie materiell og informasjon om kvalitetsutvikling.

Kulepunkt 4 (Jf. krav i brev av 3.2.11) Det er ført tilsyn med området ernæring i 2010. Erfaringane frå desse tilsyna blir delt med kommunane i konferanse i februar 2011. Der er også Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester med og bidreg.

## **86.6 Undervisningssykehjem/ Undervisningshjemmetjenester/Lindrende behandling**

Samarbeidet med Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester har halde fram i 2010. Fylkesmannen er representert i begge styringsråda.

Vi arbeider no med å få med alle kommunane i fylket i det etablerte faglege nettverket innan omsorgstenester.

## **86.7 Økt forvaltningskompetanse. Saksbehandling i helse- og omsorgstjenesten**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har etablert praksis med grunnleggande kurs i sakshandsaming og kurs i skjønn i sakshandsaminga annankvart år. Det var ikkje slike kurs i 2010.

## **86.8 Aktiv omsorg/Partnerskap med familie og lokalsamfunn**

Aktiv omsorg var årets tema for den store omsorgskonferansen: "Vi må da ha det litt artig og!" vi fokuserte på aktivitet hos unge og eldre brukarar, samarbeid mellom frivillige og kommuner og grønn omsorg/inn på tunet.

Fylkesmannens Omsorgspris gikk til Molde kommunes dagsenter for personar med demens.

## **86.9 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming**

Det ble gjennomført årleg eit møte med habiliteringstenestene ved sykehusa i fylket. I tillegg har fylkesmannen gjennomført fleire rettleiingsmøter med enkeltkommunar som har bedt om rettleiing i høve til regelverket.

Fylkesmannen gav tilskudd til SOR til å utvikle e-læringsprogrammet "Mangfold og muligheter – innsats og omsorg for personer med utviklingshemming"

Fylkesmannen overprøvde 56 vedtak i 2010. Av desse blei 32 saker handsama innan 3 månader etter at saka kom inn.

## **86.10 IPLOS – individbasert pleie- og omsorgsstatistikk**

Fylkesmannen arrangerte temadag om IPLOS i samarbeid med Helsedirektoratet. Her var også innlegg om kommuneerfaringer, tilsynserfaringer og informasjon om status i Omsorgsplan 2015. God oppslutning.

Vi er stadig meir bevisst på å etterspørje IPLOS ved klagesaker og tilsyn.

# **Resultatområde 87 Psykisk helse**

## **87.1 Tvungen undersøkelse**

Ingen saker i 2010.

## **87.2 Behandling uten eget samtykke**

Fylkesmannen mottok og behandla i 71 klager frå pasientar under tvungent psykisk helsevern der det var gjort vedtak om behandling med legemiddel mot pasienten si vilje. Dette er ei auke frå tidlegare år.

Median saksbehandlingstid var 1 dag, og gjennomsnitt 2 dagar, som i fjar.

## **87.3 Privat forpleining i det psykiske helsevernet**

Vi har ingen slike institusjoner i Møre og Romsdal

## **87.4 Godkjenning av institusjoner som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsever**

Ingen søknader teke imot i 2010

## **87.5 Vedtak om overføring**

Ingen saker i 2010

## **87.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med pasienter i det psykiske helsevern**

**Kontrollkommisjonane;** vi har to kontrollkommisjonar med totalt 4 medlemar og 4 varamedlemar i kvar kommisjon- totalt 16 medlemar. Kommisjonane følgjer helseforetaksinndelinga. Avdelingane/einingane som det skal førast tilsyn med er spreidd over fleire kommunar, noke som fører til ein del reiseaktivitet. I tillegg er det medlemar som har reiseavstand mellom sin heim og kontrollkommisjoen sin faste møtestad. Rekruttering av medlemar er ei tidkrevjande utfordring- spesielt legar og brukarrepresentantar. Det har ved fleire høve vore behov for å oppnemne settemedlem anten pga inhabilitet, sjukdom eller anna fråvær. Vi har gode erfaringar med at kontrollkommisjonane "låner" medlemar av kvarandre. Inndelinga av ansvarsområde synes grei.

Fylkesmannen har gjennomført eit felles møte med medlemene i begge kommisjonane i 2010 (fleire var nye i 2009). Tema var erfarsingsutveksling; regelverk/saksbehandling, tilsynserfaring, §3-3 meldingar /suicid. Fra kommisjonane kom det fram skilnad vedr. kontrollkomm.arbeidssituasjon i helseforetaka mht. praktisering av teieplikt overfor kommisjonane, k.komm tilgang på EPJ, ulik tilgang på oversikt over §-vedtak og innlagde sidan sist, tvangsprøtokollane er sjeldan samstemt med EPJ. Konklusjon: eit nyttig møte som bor holdast ein gong iblant.

## **87.7 Videre utvikling av det psykiske helsearbeidet i kommunene**

Fylkesmannen har gjenngått og kvalitetssikra kommunane sine innsende rapportar IS-24/09.

På hausten, i samband med budsjettarbeida, mottok vi eindel bekymringsmeldingar både frå tilsette i kommunal teneste og frå pårørande - redsel for reduksjon i tilbodet til personar med psykiske lidingar.

Fylkemannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfelta rus og psykisk helse nærrare saman. Det er etablert eit felles fagnettverk for desse feltet, og vi har gjennomført to nettverkssamlingar for tilsette innan rus og psykisk helsearbeid i kommunane og i spesialisthelsetenesta. Tema for samlingane var samhandling samt faglege innspel/foredrag. Det vart mellom anna gjennomført gruppearbeid om utfordringar i samarbeidet

Det er registrert lite aktivitet omkring rekruttering av psykologer, vi har hatt 4-5 førespurnader om tilskotsordninga.

Vi mottok 40 søknadar om tilskot til tverrfagleg vidareutdanning innan psykisk helse og psykososialt arbeid med barn og unge i 2010. Alle har fått utbetalt tilskot, men svært få i vårt fylke fyller vilkåra for reise- og opphaldsstipend.

Fylkesmannen har vidareført satsinga på gode tiltak for å fange opp risikobarna så tidleg som mogleg. Tre kommunar har motteke lokale etterutdanningsmidlar for å danne ulike samhandlingsarenaer mellom

helsestasjon og barnehage. Desse midlane har også bidrige til å delfinansiere nettverkssamlingane.

Fylkesmannen samarbeider med RBUP Midt gjennom faste møter, og brukar av deira kompetanse til faglege innlegg på nettverkssamlingane.

Vi har eit medlem i Helsedirektoratet si koordineringsgruppe som møter i Oslo 2-3 gonger i året for diskusjon om fagfeltet, og planlegging av rådgivarsamlingar. Det er gjennomført to slike rådgivarsamlingar i 2010.

Vi har motteke informasjon om vidare etablering og utvikling av ACT-team. Fylkesmannen har teke imot søknad om godkjennng av ACT-team frå Kristiansund kommune forankra i kommunal verksemd (87.9). Gjeldande regelverk sett krav om forankring i spesialisthelsetenesta. Søknad er oversendt Helsedir., men inga avklaring har skjedd. ACT-team er etablert på Sunnmøre, men ikkje på Nordmøre og i Romsdal. Fylkesmannen har delteke som observatør på stryingsgruppa for ACT-Romsdal. Vi deltek og på ACT-seminar i Trondeim i januar i regi av NAPHA.

Det er gjennomført tre møter med NAPHA for å konkretisere tiltak for samarbeid. Evaluering og stimulering av nettverksgrupper blir ei viktig utfordring fraover. Vidare det å vere ein pådrivar for kompetansebyggjing inn mot dei ulike nettverka.

To konferansar er arrangert ovanfor NAV-ansatte med tema psykisk helse og rus. Målet har vore å gje dei tilsette grunnleggjande kunnskap om temaet. Ca. 120 deltok. Psykisk helse i skulen har frå fylkesmannen si side hatt lite fokus i 2010.

Det har kome ulike innspel frå brukarorganisasjonar med innsigelsar om manglande medverknad. Kommunar er tilskreve for å dokumentere kva som er gjort i slike samanheng.

Ein har frå fylkesmannen si side i 2010 lukkast med felles tenkning og tiltak rundt tema rus, psykisk helse, boligsosialt arbeid.

Under Omsorgskonferansen 2010 var Aktivitet tema. Her var det også god deltaking frå psykisk helsearbeid-feltet.

## **87.8 Dispensasjon fra forskrift om faglig ansvarlig for vedtak i det psykiske helsevernet**

Tre søknader er behandla i 2010. Dette er knytt til manglande godkjenning i spesialitet (psykiater eller psykologspesialist), eller at praksiskravet ikkje er dekt opp i hen til regelverket.

## **87.9 Godkjenning av psykiatriske poliklinikker**

Ingen nye søknadar om godkjenning motteke i 2010.

Brev om rapportering av stillingstal knytt til godkjente poliklinikkar pr. 31.12.10 er sendt dei lokale heleseforetak. Avventar rapport frå dei ulike HF.

## **87.10 Gjenomføring av tvungent psykisk helsevern for personer som ikke har bosted i riket**

I Midt-Norge handteres dette område iht avtale av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

## **Resultatområde 88 Rusområdet**

### **88.1 Alkoholloven**

Vi hadde 2 klagesaker på skjenkeløyver etter alkohollova i 2010. Vi har 2 statlege skjenkeløyve i fylket, og det

## 88.2 Rusmiddelarbeid

Tilskot til kommunalt rusarbeid er eit av dei viktigaste verkemidlane i opptrappingsplana for rusfeltet. I 2010 fekk fylkesmannen søknad frå 18 kommuner, fire kommunar på søre Sunnmøre sto saman om ein søknad. Fleire kommunar sökte om meir enn eit tiltak. Samla er det gitt ut over 16 millionar kroner til 17 kommunar, fordelt på 23 forskjellige tiltak. For å følge opp kommunane som mottok slik tilskot arangerte fylkesmannen to nettverksamlingar for desse kommunana. Første nettverksamling blei arrangert i samarbeid med folkehelsearbeidet. Tema for samlinga var ernæring. Den siste samlinga var for både kommunar som mottok tilskudd til kommunalt rusarbeid og kommunar som mottok tilskot til bustadsosialt arbeid. Denne modellen vil bli vidareført i 2011 etter ønskje frå deltakarane. I tillegg har fylkesmannen gjennomført kommunebesøk til alle kommunar som mottek tilkot til kommunalt rusarbeid og bustadsosialt arbeid.

Fylkemannsembeta har fått i oppdrag å bringe fagfeltet rus og psykisk helse nærare saman. Det er etablert eit felles fagnettverk for desse felta. Fylkesmannen arrangerer to samlingar i året. På samlingane er det satt av tid til møte mellom spesialisthelsetensta og kommunane for å få betre samarbeid og auka infomasjon mellom tenestenivåa.

I Møre og Romsdal er det etablert ei arbeidsgruppe knytt til GOD Helse satsinga i Fylket. Både Fylkesmannen og KoRus Midt Norge er representert saman med både politikarar, frivillige organisasjonar, spesialisthelsetenesta og andre delar av det statlege og fylkekommunale tenesteapparatet. Gruppa gjev eit godt grunnlag for å samarbeid på tvers av nivå og faggrenser og moglegheit til å samordne tiltaka på feltet.

Ved etablering av Nav-kontor i fylket har vi sett at fleire kontor ikkje har den naudsynte komptanse innan rusfeltet til å yte ei heilskapleg teneste. Tilbod om opplæring til tilsette ved Nav-kontora innan både rus og psykisk helse var defor ei stor satsing i 2010. Det blei invitert til to dagars samling i både Ålesund og Molde og til saman 220 tilsette i NAV fekk kunnskap om avhengigheit generelt, om rusmiddel, psykiske diagnosar, vald og truslar og motiverande intervju.

Det er oppretta eit regionalt rusfagleg forum der kompetansesenteret for rusfaget, Midt Norge (KoRus) og fylkeslegane i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag deltek. Det laga ein felles kompetanseplan for 2011 som no er klar for godkjenning. Vi har samarbeidd med Kompetansesenteret si underavdeling i Ålesund om konkrete prosjekt, som m.a. arbeid med pårørande og brukarar.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
81 Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtjenesteloven	kr 1 916 423,01	kr 0,00
82 Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetjenestelovgivningen	kr 3 693 251,19	kr 0,00
83 Folkehelsearbeid	kr 315 161,74	kr 0,00
84 og 85 Primærhelsetjeneste og Spesialhelsetjeneste	kr 529 591,03	kr 0,00
86 og 75 Omsorgstjenester, Habilitering og Rehabilitering	kr 550 198,52	kr 0,00
87 og 88 Psykisk helse og Rusområdet	kr 740 004,01	kr 378 764,95
88 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 1 136 017,37	kr 635,05
Andre oppgaver under HOD	kr 74 482,50	kr 0,00
Sum:	kr 8 955 129,00	kr 379 400,00

## Samferdselsdepartementet

### Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet

## **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

vi har ikke behandlet avkjørselssaker etter veiloven i 2010.

## **91.2 Konsesjon til anlegg og drift av taubaner**

Vi har hatt 5 søknader om konsesjon for taubaner, alle er innvilget.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Det er utført 1666 Apostille-dokument i 2010 (fordelt på 608 saker). Dette er ei auke på 164 dokument frå i fjor.

## **Kulturdepartementet**

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

Fylkesmannen har i 2010 registrert 15 Pinsemenigheter, 11 andre registrerte trudomssamfun og 7 uregistrerte trudomssamfunn, herav 3 muslimske. Det har vore vanleg saksbehandling for utbetaling av statstilskot, og vi har motteke 2 klager etter siste utbetaling i november 2010.

For Ålesund Jamii Islamsk senter, som er registrert med 288 medlemmer, er statstilskuddet for 2010 holdt tilbake. Nytt styre vart registrert i januar 2011, og vi har bedt om at det blir lagt fram revidert rekneskap for 2010 før vi avsluttar saka.

### **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

Innanfor dette resultatområdet har vi behandla 32 søknader om tillatelse til å spre aske for vinden etter kremasjon. Vi har hatt ein liten auke i talet på saker. Dei fleste av desse søknadene var forhåndstillatelser. Ei klagesak om val av stad for askespreiing blei omgjort av departementet.

### **Resultatområde 97 Lov om Helligdager**

To søknader om dispensasjon til å halde søndagsåpne butikkar er behandla. Ein er innvilga og ein er avslått.

### **Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området**

## 98.1 Rekruttere og beholde medarbeidere

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2010	% 2010	Antall 2011	% 2011
FMMR	0	0	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 98.2 Kompetanseutvikling

Fordeling menn/kvinner i lederstillingar

Embete	Kunngjorte lederstillinger	% tilsatte kvinner	% tilsatte menn	Antall kvinnelige ledere	Antall mannlige ledere
FMMR	2	50	50	3	5

Fordeling av kompetansemidler

Embete	% kompetanse kvinner	% kompetanse menn	% under 50 år	% over 50 år
FMMR	61	39	63	37

## 98.3 Medvirkning

Sett frå arbeidsgivar meinar vi det er etablert eit godt klima for medbestemming og samarbeid. Tilpassingsavtalen ble revidert i samarbeid med tillitsvalde etter revidering av Hovudavtalen.

Vi har hatt fleire samarbeidsmøter/drøftingar/forhandlingar med dei tillitsvalte.

I samband med lokale lønsforhandlingar har vi rutinar og framdriftsplanar som er utarbeidd i samarbeid med tenestemannsorganisasjonane. System for Lokal lønspolitikk blei utarbeidd i samarbeid med dei tillitsvalde 1995 og skal reviderast no i 2011.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med i det regionale nettverket som FAD og hovudsamanslutningane har tatt initiativ til i samband med arbeidet med samarbeid og medbestemming i staten. Vi avventer initiativ frå departementet om videre arbeid med dette positive tiltaket er ønskeleg.<sup>1</sup>

## 98.4 Likestilling og likeverd

Rapportering er gjort i henhold til veileder for likestillingsredegjørelse etter aktivitets- og redegjørelsесplikten

### Kjønnsfordeling i embetet på ulike stillingsnivå (pr. 31.12.2011)

Embetsleiringa Totalt 8 - Av desse er 3 kvinner og 5 menn

Seksjonssjef, ass dir Totalt 13 - Av desse er 3 kvinner og 10 menn

Senioring, seniorrådg Totalt 12 - Av desse er 9 kvinner og 3 menn

Rådgiver Totalt 72 - Av desse er 43 kvinner og 29 menn

1. kons, kons, sekretær Totalt 19 - Av desse er 16 kvinner og 3 menn

Fagarbeiderstillinger Totalt 3 - alle 3 menn

Prosjektledere (leger) Totalt 3 - alle 3 menn

Lærling - Totalt 2 - begge 2 kvinner

Totalt antal tilsette 132 - av desse er 76 kvinner og 56 menn

Når det gjeld lønn ser vi ikkje noko forskjell som følge av kjønn innanfor dei ulike stillingskategoriane. (vurdert i forbindelse med forberedende møte i høstens lønnsforhandlinger sammen med tillitsvalgte.)

### **Overtid - fordelt på kjønn**

Bruk av overtid i embetet er begrensa til eit minimum. Embetet har likevel gjort bruk av overtid som eit tiltak for å få arbeidd ned restanser og i dei tilfella vi har hatt stillingsvakansar i kortare periodar.

Under viser overtid fordelt på kjønn

2010 Utbetalt overtid 605 157, fordelt med 44 % til kvinner og 56 % til menn

2009 Utbetalt overtid 607 337, fordelt med 45 % til kvinner og 55 % til menn

### **Sjukefråvèr**

Egenmeldt - Kvinner 1,33% Menn 0,56% Snitt 1,04%

Legemeldt 100% - Kvinner 2,67%, Menn 0,79% Snitt 1,96%

Legemeldt gradert - Kvinner 2,22%, Menn 0,79%, Snitt 1,41%

Gjennomsnitt total - Kvinner 6,22%, Menn 1,39%, Snitt 4,41% (Snitt 2009 4,42%)

### **Foreldrepermisjon i 2010**

I embetet har 4 menn og 5 kvinner tatt ut foreldrepermisjon.

### **Seniortiltak sentral avtale**

100 % oppslutning om ordning, 97 av totalt 144 dager er utbetalt som løn, resten er tatt ut som tenestefri.

### **Seniortiltak lokal avtale om fridager**

100% oppslutning om ordning, 48 av totalt 106 dager er utbetalt som løn, resten er tatt ut som tenestefri.

### **Nedsatt funksjonsevne:**

Av tiltak som har blitt gjennomført i 2010 er ei kartlegging av tilhøva opp i mot **universell utforming**. Tiltak er utført for å auke tilgjenge – noko som også vil bidra til at dei med nedsett funksjonsevne lettare kan halde fram i arbeid og vi lettare kan tilsette personar med nedsett funksjonsevne. Vi er leietakrarar i lokalane. Det er tatt initiativ til 3 nye parkeringsplasser for handikappede, de er på plass. Det er gjort visse utbedringer på tilgang inn til Fylkeshuset og til avdelingane. Det er planlagt nytt handikaptolett.

Vi er ikkje i mål med dette arbeidet, men utbedringer på tilgang til avdelingane held frem i 2011.

Vi har utarbeidd ein handlingsplan for universell utforming for eiga verksemd jmf. resultatområde 46

### **Etnisitet:**

Vi tydeliggjør i kunngjøringer at vi ønsker alle som søker. Liten respons. Der det er respons tar vi inn kvalifiserte søker til intervju.

## **98.5 Føringer på IKT-området**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har brei kontakt med Statens Kartverk, vi deltek på Lokale kartdagar og har eit aktivt samarbeid i geodatautvalet. I 2010 har vi vidareutvikla arbeidet i GISbrukarforum i samarbeid med fylkeskommunen. Fokus har vore å vidareutvikle det gode GIS samarbeidet og få betre arbeidsresultat for både fylkesmannen og fylkeskommunen.

Vi har starta internopplæring i ArcGIS og den er til dels individrettinnretta og utforma etter kvar av brukarane sine behov, for å få best mogeleg resultat i denne runden. Fleire dagskurs i bruk av GIS er planlagt og vil bli starta etter at ArcGIS10 er installert. Kursa vil vere på nybegynner og middels nivå. GIS ansvarlege i fylkeskommunen og hos fylkesmannen vil samarbeide om kursa.

To gonger i året deltar GISrådgjevaren i avdelingsmøtene i alle avdelingane, for å informere og få ein dialog om korleis GIS kan nyttast, GISbruken kan vidareutviklast, og vere eit arbeidsredskap i deira oppgåveløysing.

Med kommunane har vi ein løpende kontakt og åpen dialog, og bidrar med rettleiing og i kommunale prosjekt.

GisLink Kartportalen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal fylkeskommune og Sør-Trøndelag fylkeskommune. GisLink er åpen for alle nivå i forvaltinga, og vert i tillegg nytta av mange private, og den gir effektiv og rask tilgang til oppdatert geografisk informasjon. I 2010 hadde kartportalen eit gjennomsnitteleg besøk kvar månad på 15 000. Arbeidet med å oppgradere GisLink er i gong. Den nye plattforma vil gje større mogelegheiter for redigering. Geocortex Essentials er kjøpt og skal nyttast som kartløysing. Opplæring i bruk av nye funksjonar i GisLink er planlagt.

## Andre

### Ressursrapportering

Vi har ikkje noko samanlinkningsgrunnlag for dette beløpet frå tidlegare år.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
-----------------------	----------------------	----------------

Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 25 622,22	kr 0,00
---	--------------	---------

Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 1 060,40	kr 0,00
--	-------------	---------

Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 22 859 722,09	kr 0,00
--	------------------	---------

Sum:

kr 22 886 404,00 kr 0,00